

# NOLISP 350 – Nordisk språk og litteratur

Lokalavisa - nynorskbastion under press

- eit språkkulturelt blikk på avisene  
*Vestnytt* og *Os og Fusaposten*



av  
Bernt Eirik Nordvik  
Studentnummer: 174548

Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier  
Universitetet i Bergen

Mai, 2010

## **Forord**

Mi interesse for dette emnet er i stor grad tufta på eiga røynsle. Eg har sjølv jobba i lokalavisa *Vestnytt*, først som journalist og seinare også som vaksjef. Då eg byrja å jobba i avis i våren 1995, gav dåverande redaktør, Øyvind Risnes klårt uttrykk for at han ville at eg skulle skriva på nynorsk. Denne lina har med åra blitt mjuka opp i avis, samstundes som talet på bokmålsbrukarar i avis sin region har auka. *Vestnytt* har aldri definert seg sjølv som nynorskavis, men har likevel blitt oppfatta av lokalsamfunnet som ei. I dag er det ingen tvil om at *Vestnytt* er ei språkdelte avis. Men medan lokalavisa for Fjell, Sund og Øygarden har blitt ei språkdelte avis, er det fleire lokalavisar i bergensregionen som framleis held på nynorsk som einaste målform. Ei av desse er *Os og Fusaposten*. Eg har ofte lurt på kvifor det er slik at somme lokalavisar rundt Bergen klarar å halda på nynorsken, medan andre ikkje får dette til. Er det ulike språkhaldningar blant journalistane i lokalavisene rundt Bergen, er det ulike haldningar blant redaktørane som styrer dette, er det språkutviklinga i regionane dei dekkjer som er ulik, eller er ulik språkutvikling tufta på kulturhistoriske ulikskapar? Dette er spørsmål eg har grunda på, og som til sist har styrt meg fram mot temaet som tittelen på oppgåva er meint å femna om.

Ingenting blir til av seg sjølv, og eg føler det er på sin plass å takka journalistane i avisene *Vestnytt* og *Os og Fusaposten* for all velvilje og openheit i samband med intervjuet eg har gjort. Takk til redaktørane i dei to avisene, og til alle andre som villig har stilt opp til intervju i samband med dette arbeidet. Ein takk til kona mi for moralsk og fagleg støtte gjennom heile dette arbeidet. Takk til rettleiaren min, Endre Brunstad, for tidvis å ha losa meg gjennom til dels ukjende farvatn, og til Trine Syltøy for grafisk hjelp med sluttproduktet.

Arefjord, 14. mai 2010.

Bernt Eirik Nordvik

# Innhald

<b>1. Problemstilling, mål og metode.....</b>	<b>4</b>
1.1. Bakgrunn.....	4
1.2. Mål og problemstilling .....	5
1.3. Metode, materiale og disposisjon .....	6
<b>2. Lokalavisa som skriftkulturelt uttrykk .....</b>	<b>7</b>
2.1. Skriftkultur som forskingsomgrep .....	7
2.2. Lokalavisa - frontkjempar for nynorsken?.....	8
<b>3. Avisringen rundt Bergen .....</b>	<b>10</b>
3.1. Nordhordlandsregionen.....	10
3.2. Bygdanytt.....	12
3.3. Askøyværingen .....	13
3.4. Bydelsavisene i Bergen.....	15
<b>4. Vegen fram mot Vestnytt .....</b>	<b>17</b>
4.1. Sotra Nytt.....	17
4.2. Vest Gula.....	20
4.3. Vestnytt .....	21
4.4. Nynorsk i Vestnytt.....	24
<b>5. Frå Midhordland til Os og Fusaposten.....</b>	<b>27</b>
5.1. Personkonflikt og aviskrig .....	27
5.2. Stabell på eigne bein .....	28
<b>6. Utviklingstrekk i Vestnytt og Os og Fusaposten sine dekningsområde .....</b>	<b>31</b>
6.1. Fjell .....	31
6.2. Sund og Øygarden.....	34
6.3. Os kommune .....	35
6.4. Statistikk over skulemåls- og folketalsutvikling	35
<b>7. Språkkulturelle påverknadsagentar .....</b>	<b>38</b>
7.1. Fjell kommune - industri og handel .....	38
7.2. Sartor vil - men vågar ikkje .....	39
7.3. Sund kommune - fisk og kultur.....	40
7.4. Øygarden kommune - olje og gass.....	42
7.5. Os kommune - kultur og handtverk .....	43
7.6. Kulturen vel nynorsk, kapitalen vel bokmål.....	45
7.7. Butikk er butikk .....	48
<b>8. Språkval og språkhaldninger blant journalistane i Vestnytt.....</b>	<b>50</b>
8.1. Føremål og lesargrupper .....	51
8.2. Delt syn på dekningsområdet.....	53
8.3. Lokalavisa som møtestad .....	54
8.4. Haldningar til nynorsk i Vestnytt .....	56
8.5. Laber stemning for nynorskavis.....	58
8.6. Presset frå bokmålsbrukarane .....	58
8.7. Konsekvent bruk av nynorsk .....	60
8.8. Normval og språkleg påverknad .....	62
8.9. Vestnytt sin føremålsparagraf .....	63
<b>9. Språkval og språkhaldningar blant journalistane i Os og Fusaposten.....</b>	<b>65</b>
9.1. Føremål, lesargrupper og dekningsområde .....	65
9.2. Språkhaldningar i ei språkbunden avis .....	67
9.3. Lesarhaldningar til nynorsk i Os og Fusaposten	69
9.4. Lite språkpress mot avis.....	70
9.5. Laber stemning for språkdelt avis.....	71
9.6. Lokalsamfunnet som språkleg misjonsmark.....	71
9.7. Normval og språkleg påverknad .....	73
<b>10. Resultat og analyse av undersøkingane .....</b>	<b>76</b>
10.1. Føremålet med avis.....	76
10.2. Regionale skilnadar.....	78
10.3. Språkhaldningar .....	78
10.4. Ulike haldningar til nynorskavisa .....	81
10.5. Personlege språkval .....	82
10.6. Samandrag av kapitlet.....	83
<b>11. Språkkulturelle føresetnader for nynorsken sin posisjon i Os og Region Vest.....</b>	<b>84</b>
11.1. Osingane vil ikkje vera bergensarar .....	84
11.2. Avstand til Bergen styrer språkutviklinga .....	86
11.3. Lokalavisa si rolle .....	87
11.4. Vil ”innflyttarplaga” ta knekken på den nynorske lokalavisa? .....	88
<b>Kjelder og litteratur .....</b>	<b>93</b>
Intervju.....	93
Andre munnlege kjelder.....	93
Litteratur, internettressursar og film.....	93
<b>Vedlegg .....</b>	<b>96</b>
Vedlegg 1: Intervjuguide m/forklaringer til spørsmåla .....	96
Vedlegg 2: Samandrag, norsk .....	99
Vedlegg 3: Samandrag, engelsk .....	100

# Kapittel 1:

## Problemstilling, mål og metode

### 1.1. Bakgrunn

For nynorsk skriftkultur har lokalavisa ein særleg viktig posisjon. I denne oppgåva skal eg sjå nærare på språkval og språkkoppfatningar knytt til dei to lokalavisene *Vestnytt* og *Os og Fusaposten*, som begge vert gjevne ut i område der nynorsken er under press. Medan *Vestnytt* har kommunane Fjell, Sund og Øygarden vest for Bergen som sitt dekningsområde, kjem *Os og Fusaposten* ut i kommunane Os og Fusa sør for Bergen. Nynorsken som skulemål er generelt under press i kommunane som omkrinsar Bergen. For kvart år som går, aukar talet på bokmålselevar i grunnskulen i desse kommunane. Utviklinga er ulik frå kommune til kommune og i dei to regionane der *Vestnytt* og *Os og Fusaposten* opererer, er Fjell den av kommunane der utviklinga har kome lengst. Felles for regionane dei to avisene dekkjer, er at nynorsken tradisjonelt har stått sterkt her. Tilflytting frå Bergen, der bokmålet er den dominante målforma, er med på å pressa nynorsken i dei to avisregionane. Bergensarane tek med seg sin skriftkultur ut i distrikta, og over tid får dette også innverknad på skulemålet. Samstundes ser nynorsken ut til å halda stand i lokalavisene, og lokalavisa vert for mange ein av få stader der dei møter den nynorske skriftkulturen. Slik er det også i Fjell og Os, to kommunar der folketalet har vore i jamn vekst dei siste tretti åra. Her er lokalavisene viktige representantar for nynorsken. Dei fleste lokalavisene rundt Bergen har vore forvaltarar av nynorsken sidan dei starta opp. Men i samfunn der stadig fleire av lokalavislesarane har bokmål som sitt hovudmål, er det nærliggjande å spørja om dette på sikt vil kunna pressa nynorsken ut av lokalavisa, og kva slags konsekvensar dette i tilfelle får. Prosjektet er meldt inn til NSD etter vanlege retningsliner.

I denne oppgåva vil eg ha sterkest fokus på *Vestnytt*. Ein grunn er at avisas dekkjer tre kommunar eg sjølv kjenner særskilt godt, både som tidlegare journalist i lokalavisa og som fjellsokning. Men den viktigaste grunnen er at nynorsken ser ut til å stå overfor ei rekke utfordringar i denne regionen som er interessante i eit allment utviklingsperspektiv for nynorsken. Eitt moment er den demografiske utviklinga regionen har vore gjennom. Fjell kommune har opplevd ei tredobling av folketalet dei siste tretti åra, og i same kommune har ein i same tidsrom opplevd at ein har gått frå null til nærmere seksti prosent bokmålselevar i grunnskulen. Også i nabokommunane Sund og Øygarden opplever ein at talet på bokmålselevar aukar for kvart år som går, men dette har så langt skjedd i eit langt mindre omfang enn i Fjell. Fjell er den av dei tre kommunane i *Vestnytt* sitt dekningsområde som ligg nærmast Bergen, og som har hatt den sterkeste folketalsveksten.

Som samanlikningsgrunnlag har eg altså valt avisa *Os og Fusaposten*, som dekkjer kommunane Os og Fusa. I høve til rammene for denne oppgåva er det Os kommune som er mest interessant. Os kommune har mange av dei same utfordringane som Fjell kommune har hatt dei siste tretti åra, med aukande tilflytting frå Bergen. Men dei to kommunane har likevel hatt ei ulik utvikling, ikkje minst når ein kjem til det språklege. Os og Fjell har om lag det same innbyggjartalet, *Vestnytt* og *Os og Fusaposten* har om lag det same opplaget. Men medan Os i stor grad har makta å halda på nynorsken i grunnskulen, har talet på nynorsklevvar i Fjell gått kraftig attende dei seinare åra. Medan *Os og Fusaposten* har halde strengt på nynorsk i avisa, har *Vestnytt* i sterkegrad freista å tilpassa seg bokmålet og dei mange bergensarane som har flytta til regionen som avisa dekkjer.

## 1.2. Mål og problemstilling

Det er gjort lite forsking på lokalavisa si rolle som forvaltar av nynorsk, og det er gjort lite i høve til språkoppfatningar blant journalistar i lokalavisar. Mi overordna målsetting er difor å få djupare innsikt i korleis nynorske lokalavisar spelar ei rolle for den nynorske skriftkulturen i to lokalsamfunn der nynorsken er under press. Ut får dette målet har eg formulert to hovudproblemstillingar:

- 1) Kva rolle spelar lokalavisa for nynorsk skriftkultur i eit lokalsamfunn, og på kva måte ser leiing og journalistar i ei lokalavis på seg sjølve og avisa si som forvaltarar av ein nynorsk skriftkultur?
- 2) På kva måte spelar ulike demografiske, historiske og kulturelle føresetnadar ei rolle for dei strategiske vala som vert gjort når det gjeld nynorsk i lokalavisa?

Problemstillinga rommar ei rekke spørsmål som eg skal freista å gje svar på i denne oppgåva. Trur til dømes journalistane sjølve at dagleg bruk av nynorsk gjennom avisar er med på å halda nynorsken i live som eit moderne og levande språk? Har nynorsken noko å seia for opplaget til dei to avisene eg skal ha fokus på, eller er val av målform i avisa utan betydning? Vi veit at opplaget i *Vestnytt* ikkje er i nærleiken av å stige proporsjonalt med auken i folketalet. Etter ein opplagstopp på slutten av 90-talet gjekk opplaget til *Vestnytt* nedover nokre år, før utviklinga snudde på nytt. Dei siste åra har opplaget gått oppover, men etter år med auke har avisa enno ikkje makta å passera opplagsrekorden frå 1998 på heile 6199 eksemplar. Fjell kommune er, som vi alt har vore inne på, ein av kommunane i Hordaland med størst tilflytting frå Bergen, og også i Øygarden og Sund aukar folketalet. Det som altså er sikkert, er at opplaget til *Vestnytt* ikkje aukar i takt med folkeveksten. Har dette samanheng med avisa sine språkval, heng det saman med at tilflyttarane ikkje identifiserer seg med lokalmiljøet, eller er det andre faktorar som spelar inn? Eg har også knytt ei rekke andre spørsmål til den overordna problemstillinga. Kvifor vel til dømes

fleirtalet av journalistane i *Vestnytt* nynorsk som skriftspråk, og korleis opplever dei det å vera nynorskbrukarar i høve til den generelle språkutviklinga i regionen? Dette er berre nokre av spørsmåla eg vil koma attende til i løpet av denne oppgåva.

### **1.3. Metode, materiale og disposisjon**

Eg har i stor grad nytta meg av kvalitative intervju som metode i arbeidet med denne oppgåva. Steinar Kvale omtalar det kvalitative forskningsintervjuet som ”en samtale mellom to partnere om et tema av felles interesse” (Kvale, 2001:73). Og nettopp samtaLEN har vore ein nyttig reiskap i arbeidet med denne oppgåva. Difor vil også intervjuet eg har gjennomført, utgjera primærmaterialet i oppgåva, medan litterære kjelder i stor grad vil vera sekundærmaterial. Oppgåva inneholder to ulike delar, der første del gjev eit historisk oversyn over dei to avisene eg har hovudfokus på og regionane dei dekkjer. Intervjuobjekta er folk som eg meiner har relevante og fagleg interessante opplysningar å koma med i høve til emnet. I denne delen presenterer eg også skulemåls- og folkevekststatistikk for regionane dei to avisene dekkjer. Her har eg i stor grad nytta tilgjengeleg statistikk frå Grunnskolens Informasjonssystem (GSI) og Statistisk Sentralbyrå (SSB). Eg har også nytta statistikk frå Landslaget for lokalaviser (LLA) og Mediebedriftenes Landsforbund (MLB). Dette er statistikk som viser opplagsutviklinga i dei ulike avisene eg har sett nærmare på. Aasentunet sin nettstad har også vore ei viktig kjelde til statistisk materiale, ikkje minst når det gjeld oversikt over nynorskavisar. All statistikk som er nytta, er tilgjengeleg på Internett. I andre del presenterer eg først resultata av intervjurundane eg har hatt med journalistane i avisene *Vestnytt* og *Os og Fusaposten*. Dei to redaktørane, Elisabeth Netland og Christian Stabell, har eg snakka med både i samband med første og andre del av oppgåva. Som vi tidlegare har sett, og som vi også skal koma attende til, har dei to avisene ulik målplattform. Medan *Vestnytt* er ei språkdelt avis, er *Os og Fusaposten* ei nynorskavis. Intervjuet eg har gjennomført, sirklar rundt journalistane sine språkhaldningar i høve til eiga avis, eigen region og eigne haldningar til nynorsk i privat samanheng. Til intervjuet har eg knytt ei rekke ulike spørsmål. Desse vert presenterte i ein eigen intervjuguide (sjå vedlegg 1). Ulik språkpolitikk i dei to avisene medfører at det også har blitt noko variasjon i høve til spørsmål og problemstillingar journalistane i dei to avisene har blitt presenterte for. Dette medfører også at strukturen i svarkapitla tildels er ulik. I dei to siste kapitla freistar eg å analysera funna frå intervjuet eg har gjort, og eg freistar å knyta saman dei to delane i oppgåva ved å sjå på om det også er ulike historiske og kulturelle føresetnader for ulik språkutvikling i dei to regionane avisene dekkjer, og om dette også vert reflektert i ulike språkoppfatningar i dei to avisene.

## Kapittel 2

### Lokalavisa som skriftkulturelt uttrykk

I dette kapitlet vil eg freista å plassera arbeidet mitt innanfor ei større fagleg ramme, nemleg at dette er ein studie i nynorsk skriftkultur med kasusstudie i to nynorske lokalaviser, *Vestnytt* og *Os og Fusaposten*. Eg skal også gje ein kort historisk presentasjon av nynorskavisa generelt. Lat oss først sjå litt nærare på skriftkulturomgrepet.

#### 2.1. Skriftkultur som forskingsomgrep

Nemninga ”skriftkulturforskning” er meint å dekkja det fagområdet som ein på engelsk refererer til som ”literacy studies”. (Berge, 2004:5) Leidulv Melve meiner skriftkultur er eit interessant omgrep ”då det indikerer at ’skrift’ ikkje kan rivast laus frå ’kultur’”. (Berge m.fl., 2004:16) Berge peikar også på at dei grunnleggjande forståingane av omgrepet skriftkultur ikkje er særleg etablerte. I norske fagmiljø var omgrepet opphavelig knytt til alfabetiseringsprosessar. Men med tida har omgrepet blitt meir omfattande. I dag kan ein studera skriftkultur, eller lesevitskap, ved fleire høgskular og universitet i Noreg.

”Skriftkulturforskning er også studiet av skriftsystemer, studiet av hva skrift brukes til og skriftkulturer generelt. Og den er opptatt av skriftkulturens påvirking på individer og grupper av individer,” seier Kjell Lars Berge. (Berge, 2004:6) I ein internasjonal samanheng omfattar studiet også om, og i så tilfelle korleis, ”skriften og ulike typer skriftsystemer kan strukturere og påvirke våre måter å tenke på, og hvordan skriften organiserer samhandlingen i et samfunn” (Berge, 2004:6). Berge meiner at forskinga innanfor dette fagfeltet har utvikla seg i ei meir samhandlingsorientert retning sidan ein starta opp på 1960-talet, og at skriftkulturforskninga er meir oppteken av å studera kontekst enn å studera tekst og tekststrukturar. I den sosiokulturelt orienterte skriftkulturforskninga er det til dømes *kva* skrift blir nytta til i eit samfunn som er den overordna problemstillinga. Berge meiner også at det er kort avstand mellom skriftkulturforskninga og medieforskninga. Forskaren Jack Goody skildrar grunnlaget for komplekse samfunn ut frå bruken av skrift, noko Kjell Lars Berge utdjupar.

Samfunn beskrives og klassifiseres ut i fra hvilken grad det  
brukes skrift i organiseringen av samfunnet, hvordan det brukes  
skrift i samfunnet, hvilke yrker og arbeidsoppgaver som krever  
skriftspråk, hvilken praktisk, kulturell og symbolsk verdi skriften  
har i samfunnet, f.eks. som kilde til og redskap i utøvelsen av makt.  
(Berge, 2004:9)

Skriftspråket sin praktiske, kulturelle og symbolske betydning i samfunnet er også gjennomgående for arbeidet eg har gjort. Eg har mellom anna hatt som mål å plassera lokalavisene og lokalavisspråket inn i ei kulturhistorisk ramme. Eg har freista å finna ut om nynorsk i lokalavisene vert oppfatta ulikt i ulike lokalsamfunn, og om det ligg ulike kulturhistoriske føresetnader til grunn for dette, og eg har freista å avdekka haldningar til nynorsk i redaksjonane i dei to lokalavisene som denne oppgåva har hovudfokus på. Nynorsken har vore, og er framleis både av kulturell og symbolsk verdi i samfunnet vårt, og lokalavisa har tradisjonelt vore ein viktig arena for nynorsken. Johan Roppen meiner avisene er både ei viktig historisk kjelde og ein arena for innføring av nynorsk. Under föredraget ”Vendepunkt i nynorsk presse” på Ivar Aasen-tunet i Ørsta (7.- 8. november, 2007.), skildra Roppen lokalavisa etter 1950 som ”ein nynorsk spesialitet”. Språkhistorisk meiner Roppen at denne tida, då både *Vestnytt* og *Os og Fusaposten* vart stifta (1988), representerer ein fase der nynorsken var i tilbakegang som bruksmål, samstundes som nynorsken fekk aksept i kringkastinga. Men han seier også at dette er tida då dei målblanda avisene, som til dømes *Vestnytt*, etablerte seg. Slik Roppen ser det, er lokalavisa i dag eitt av få trykte medium som både er på nynorsk og samstundes har stor utbreiing i sine marknader. Dette gjer lokalavisene til viktige forvaltarar av nynorsk skriftspråk. Roppen meiner lokalavisa er viktig for norsk kultur, språk og demokrati, men at medieforskinga likevel har vore lite oppteken av henne. Vi skal i det neste kapitlet bli betre kjende med lokalavisene som har etablert seg i og rundt Bergen. Men først kan det vera nyttig å kasta eit kort blick på nynorskavisa i eit historisk perspektiv.

## 2.2. Lokalavisa - frontkjempar for nynorsken?

Det var faktisk ei avis som for første gong presenterte nordmenn for nynorsken, eller landsmålet, som det heitte den gongen. Året var 1849, og avis var *Morgenbladet*. Teksten var ”Samtale mellom to bønder” av Ivar Aasen. (Grepstad, 2008) I dag er nynorsk skriftspråk i ei rekke avisar, heilt eller delvis, og lokalavisene er i denne samanhengen ein viktig forvaltar av nynorsk skriftspråk i pressa. Midten av 1800-talet er tida då dei første lokalavisene dukka opp. Her til lands er det vanleg å rekna *Drammens Tidende*, som kom i 1832, som den første eigentlege lokalavisa, men det var først rundt 1850 at lokalavisene for alvor fekk vind i segla. (Espeland 2006:61) Samstundes gjekk landet vårt inn i ei tid med språkstrid, kampen mellom landsmålet og riksmålet. Medan språkstriden rasa som verst, utvikla lokalavisene seg. Lokalavisene vart bygda si avis. Difor vart nemninga bygdeblad også nytta om desse avisene. Samstundes var dette tida då politiske avisar for alvor etablerte seg. Talet på avisar steig frå drygt 50 avisar rundt 1860 til drygt 150 avisar rundt 1900. (Hoel, 2008:7) Mot slutten av denne perioden kom også nynorskavisene på bana. ”Nynorskavisene sin del av det samla avistalet steig jamt og mykje fram til 1940 frå noko nær eit nullpunkt kring 1900.” (Hoel, 2008:10) Hoel ser likevel på det store

volumet av nynorskavisar som eit etterkrigsfenomen, og han peikar på at kvar sjette avis vart redigert heilt eller delvis på nynorsk i 1940. I dag er dette tilfelle for kvar tredje avis. Ottar Grepstad hevdar at nynorskavisar var ”viktige meiningsberande skrifter med ei klar kultur- og identitetsskapande rolle”. (Grepstad 2008:2) Johan Roppen peikar på si side på at lokalavisa i dag held ved like eit miljø av nynorskbrukande journalistar, og at dette er viktig, ikkje minst for rekrutteringa til større aviser og kringkastinga. Dette er også ein av funksjonane til lokalavisa som Oddmund Hoel peikar på. Han deler nynorskavisene opp i tre grupper; flaggskipa, aviser som først og fremst var faneberarar for målsaka, som til dømes *Gula Tidend* og *Dølen*. Dernest kjem lokalavisene, som for alvor fekk ei oppblomstring på 1970-talet. Til sist tek han med interne blad i norskdomsrørsla, som primært vende seg til målfolk og ungdomslagsrørsla. (Hoel, 2008:4) Ei oversikt for 2005 viser at vi hadde 226 aviser i Noreg ved utgangen av dette året. Av desse kunne 195 reknast som lokalavisar. (Espeland, 2006:18) Av desse var det 80 to- til tre-dagarsaviser, med eit samla opplag på rundt 400.000 eksemplar. Her kjem og våre to aviser inn. Som eg alt har vore inne på, er nynorsken på vikande front i primærrområda for denne studien, men desse områda er på ingen måte eineståande. I dag går det nynorsklevar i grunnskulen i fire av ti kommunar i Noreg. Frå 1995 til 2005 gjekk prosenttalet på nynorsklevar her til lands ned frå 17 prosent til 13 prosent av den totale elevmassen. ([www.aasentunet.no](http://www.aasentunet.no)) Gullåret for nynorsken var 1944. Då var 34,1 prosent av elevane i grunnskulen nynorskbrukarar. (Torp & Vikør, 1993:209) Sidan har det gått jamt og trutt på ned, men frå rundt 1970 og fram til 1995 låg prosentdelen nynorsklevar i grunnskulen på rundt 17. Difor er nedgangen dei seinare åra relativt stor i prosenttal. Men bak desse tala skjuler det seg også demografiske årsaker, mellom anna ved at folketaket aukar utan at talet på nynorsklevar gjer det same. Også i eit slikt perspektiv meiner Johan Roppen at lokalavisa spelar ei viktig rolle. Han trur at nynorske lokalavisar er viktige for nynorsk som skulemål, og at desse avisene er med på å styrka lokal identitet. (Roppen, 2007) Vestlandet har ei rekke lokalavisar med nynorsk som skriftspråk. Mange barn og unge møter med andre ord nynorsk som bruksspråk gjennom lokalavisa. Men nynorsken i lokalavisene rundt Bergen er i ei særstilling i høve til resten av fylket. Det er i bergensregionen presset frå bokmålet er sterkest. Med aukande tillytting frå Bergen kjem også kravet om meir bokmål i lokalavisene, eit krav vi skal sjå at fleire av redaktørane i lokalavisene rundt Bergen opplever i større eller mindre grad.

## Kapittel 3:

### Avisringen rundt Bergen

For å setja dei to lokalavisene som denne studien har hovudfokus på inn i ein større regional samanheng, skal vi i dette kapitlet sjå nærmare på dei andre lokalavisene rundt Bergen, før vi i dei neste kapitla rettar blikket mot *Vestnytt* og *Os og Fusaposten*.

I Bergen by er det konkurrentane *Bergens Tidende* (*BT*) og *Bergensavisen* (*BA*) som rår avisgrunnen. *Bergens Tidende* er størst av desse to og er også den av dei to avisene som har artiklar på nynorsk. I 2008 hadde *BT* ni prosent nynorsk i spaltene sine, (<http://www.spel.aasentunet.no/Sprakfakta/14/>) og nynorskprosenten i avisar har sidan 1990 lege på mellom sju og ti prosent. Utanfor Bergen ligg det ei rekke lokalavisar, og i dei fleste av desse er nynorsken representert i større eller mindre grad. For lokalavisene rundt Bergen er *BT* og *BA* reelle konkurrentar, medan lokalavisene i større grad representerer eit supplement for dei to bergensavisene, og då i særleg grad *Bergens Tidende*. Dette er det fleire årsaker til. Lokalavisene er ikkje dagsavisar, og dei tapar ofte kampen om dei store nyhendesakene på grunn av dette. Dei store byavisene har også større ressursar å setja inn når det skjer noko særleg viktig i lokalavisa sin region. Dei to byavisene femnar også om ein større region enn lokalavisa og har dermed råd til å vera meir selektive på kva saker dei vel enn kva tilfellet er for lokalavisene. Samstundes tapar lokalavisene pressestøtte ved at dei er definert som såkalla nummer ein-aviser i sin region, medan konkurrentane frå Bergen vert nummer to-aviser. Lokalavisa vert definert som primæravisa, bergensavisene som sekundæraviser. Mange av abonnementane til lokalavisene abонnerer også på *BT* og/eller *BA*, og med unntak av *Os og Fusaposten*, *Åsane Tidende* og *Sydvesten*, er lokalavisene i bergensregionen knytt til A-pressen eller BT-konsernet gjennom eigarskap. For dei fleste lokalavisene er dei to bergensavisene einaste konkurrent på nyhendemarknaden. Unntaket er nordhordlandsregionen. Her konkurrerer avisene *Strilen* og *Nordhordland* om dei same lesarane, men elles er det ingen direkte konkurranse mellom lokalavisene rundt Bergen på nyhende. Dei konkurrerer derimot om mange av dei same annonsørane, og *Askøyværingen* er eit døme på ei avis som kjempar om dei same annonsekronene som til dømes *Vestnytt*.

#### 3.1. Nordhordlandsregionen

I avissamanheng skil nordhordlandsregionen seg frå dei andre regionane rundt Bergen ved at der finst to lokalavisar som konkurrerer mot kvarandre. *Strilen* er den eldste av desse to avisene. Avisa vart stifta i 1961 og var einaste lokalavis i regionen fram til 1974, då avisar *Nordhordland* vart etablert. Sidan har dei to avisene kjempa om dei same lesarane, og dei siste ti åra har *Strilen* tapt terreng i høve til konkurrenten. Sidan 2000 har avisar hatt ein tilbakegang på heile 1266 abonnementar og hadde i 2009 eit godkjent opplag

på 5371 eksemplar. (<http://www.mediebedriftene.no>) For *Nordhordland* har det gått motsett veg. Sidan 2000 har avisa fått 1806 nye abonnentar og hadde i 2009 eit opplag på 6303 eksemplar. (<http://www.mediebedriftene.no>) Dei to avisene dekkjer nordhordlandsommunane Meland, Lindås, Radøy, Austrheim, Masfjorden og Fedje, samt kommunen Gulen i Sogn og Fjordane. *Strilen* kjem ut med tre utgåver i veka, medan *Nordhordland* har to utgåver i veka. I dag er det BT-konsernet som sit med eigarskapen i *Strilen*, medan A-pressen kontrollerer *Nordhordland*. Begge avisene er nynorskavisar og har vore det sidan dei starta opp. Sjefsredaktør Hans Egil Storheim i *Strilen* seier (intervju, 14. mars 2010) at avisa ikkje har planar om å leggja om språkpolitikken sin, trass i at bokmålsprosenten i grunnskulen er på nærare 30 prosent i til dømes Lindås kommune (sjå kapittel 4).

Vi kjenner språkpresset mot avisa. Stadig fleire bergensarar flyttar til vår region, og dei har bokmålet med seg i bagasjen. Men stort sett opplever eg dei som tolerante i høve til nynorsken i lokalavisa. Vi er medvitne på å ikkje ha ein konservativ nynorsk i avisa, men førebels er det ikkje aktuelt å opna for bokmål i *Strilen*. (Hans Egil Storheim, redaktør i *Strilen*.)

Også frilansjournalistane må skriva på nynorsk, men Storheim meiner det tidvis er slitsamt å lesa korrektur på sakene dei leverer. Mange bokmålsord og mange setningsstrukturar som høyrer heime i bokmålet gjer at han har late einskilde ”ulovlege” ord og setningar passera når det har nærma seg deadline. ”Forutsigbarhet” er ifølgje Storheim eitt av orda som har passert korrekturen når tidspresset har vore stort. Verken Storheim eller redaktørkollega og konkurrent Randi Bjørlo i avisa *Nordhordland* har nokon gong tenkt at målform kunne vera eit middel i kampen om lesarane. Men også redaktøren i avisa *Nordhordland* er oppteken av at avisa skal ha ein moderne nynorsk. Det har også vore avisa si målsetting heilt sidan oppstarten i 1974. Randi Bjørlo seier at pronomenforma ”me” til dømes aldri har vore nytta i avisa *Nordhordland* (intervju, 14. mars 2010). Ho har opplevd at bokmålsfolk har sagt opp avisa fordi ho er ei nynorskavis. Men med framgangen avisa har hatt dei seinare åra, er Bjørlo ikkje uroa over at somme ikkje vil ha ei nynorskavis i regionen.



Avisa *Strilen*, 20. april 2010

I vår avis har målform ikkje vore eit tema for debatt. Folk kan skriva lesarbrev på kva målform dei vil, men i avisa *Nordhordland* skal journalistane skriva på nynorsk. Det har alltid vore avisa si målsetting, og eg ser ikkje at det skulle vera grunn til å endra på dette, jamvel om vi får fleire tilflyttarar frå Bergen til regionen vår.  
(Randi Bjørlo, redaktør i *Nordhordland*.)

Redaktørane i dei to nordhordlandsavisene er med andre ord ikkje villige til å sleppa bokmålet inn i avisene sine. Sigurd Hille var inne på eigarsida i *Strilen* før BT-konsernet kjøpte ut samlege aksjonærar. Han har også vore med på å byggja opp avisene *Bygdnytt*, *Askøyværingen* og *Vestnytt*, og han har hatt både eigarskap og leiarfunksjonar i desse avisene. Han er framleis dagleg leiar i desse fire avisene, trass i at han har selt aksjepostane sine. Dette er også grunnen til at journalistane i dei fire avisene nyttar samleomgrepet ”Hille-ring” om dei fire avisene. Hille trur det berre er eit spørsmål om tid (intervju, 4.mars 2010) før også *Strilen* må leggja om og gå for språkdeling. Historisk sett skildrar han *Strilen* som ei ekte lokalavis, med lokalt tilsette og ein meir lokal eigarstruktur enn i mange av dei andre lokalavisene i bergensregionen.

Fleire mållag var aksjonærar i *Strilen*, og dei var dei siste som selde til BT-konsernet. Grunnen var at dei frykta for nynorsken si framtid i *Strilen*. Men etter mitt syn er det uinteressant kven eigarane av avisa er dersom lesarane krev ei endring. Eg trur dette kravet kjem til å koma. Eg veit at oppmjuking av avisa sin språkparagraf har vore diskutert internt i *Strilen*. Ei lokalavis skal ikkje vera ein frontkjempar for målsaka, ho skal speglia samfunnet ho representerer, også gjennom val av målfom. Med den framveksten bokmålet har hatt i kommunar som Meland og Lindås, trur eg det berre er eit spørsmål om tid før også lokalavisene i regionen innser at dei må følgja med i den tida dei lever i. (Sigurd Hille.)

### **3.2. Bygdnytt**

Avisa *Bygdnytt* er den eldste av lokalavisene rundt Bergen. Ho vart stifta i 1951 og dekkjer kommunen Osterøy og bydelen Arna i Bergen. Då *Bygdnytt* vart stifta, var Arna eigen kommune. Men i 1972 vart Arna ein del av Bergen. Lenge var ”Arna ut or Bergen” det lokale slagordet. Bygdefolket var nemleg lite nøgd med ei slik samanslåing. Men for dei fleste av innbyggjarane i Arna er desse kjenslene for lengst historie. *Bygdnytt* hadde i 2009 eit godkjent opplag på 4625 eksemplar. ([www.mediebedriftene.no](http://www.mediebedriftene.no)) I 2005 kjøpte

*Bergens Tidende* opp *Bygdanytt*. Før dette var avisa ein del av avisfamilien til forretningsmennene Sigurd Hille, Lambert Wulf, Erling Severinsen og Ottar Hummelsund. Dei to sistnemnde var også tungt inne på eigarsida i trykkeriet Media Trykk, før også dette vart selt til BT-konsernet. Sigurd Hille fortel at då han gjekk inn som medeigar i *Bygdanytt*, var eigarane medvitne på at avisa skulle vera språkdelt. I dag er det altså *Bergens Tidende* som sit med eigarskapen i avisa. Hallvard Tysse er redaktør i *Bygdanytt*. Han har vore redaktør i avisa sidan 1984. *Bygdanytt* har ein meir styrt språkpolitikk enn kva tilfellet er med avisa *Vestnytt*. Redaktør Hallvard Tysse fortel at saker som omhandlar Osterøy, primært skal skrivast på nynorsk. (intervju, 24. april, 2009.) Dersom ein gjer unntak, er dette av meir praktiske grunnar. Ein vanleg grunn kan vera at avisa må hyra inn frilansjournalistar som ikkje nyttar nynorsk som skriftspråk. I Arna har ein derimot lagt seg på ei lik fordeling av nynorsk og bokmål i avisa. Tysse fortel at dette reflekterer skulemålet i bydelen, der talet på nynorsk- og bokmålselevar er jamt fordelt, noko som altså vert reflektert i skriftspråket i avisa. Som alle andre lokalaviser slit også *Bygdanytt* med å finna sportsjournalistar som skriv nynorsk. Dette har dei ifølgje Hallvard Tysse fått litt refs for, ikkje minst frå lesarane på Osterøy, der nynorsken står sterkt. Avisa kjem ut med to utgåver i veka.

### 3.3. Askøyværingen

Askøy kommune vert bunden til fastlandet av Askøybrua. Brua vart opna i 1992. I 2006 var ho ferdig nedbetalt, og dermed var det også slutt på å betala bompengar. Dette har for alvor gjort Askøy attraktiv for tilflyttarar frå Bergen. Det er kort veg frå Askøy til Bergen sentrum, og folketalet i øykommunen er i konstant vekst. Avisa *Askøyværingen* vart etablert i 1978 og er kommunen si einaste lokalavis. Tidlegare hadde øykommunen også nynorskavisa *Askøy Tidend*, som vart etablert i 1950. Men denne avisa vart lagt ned i 1984. Opplaget for *Askøyværingen* var i 2009 på 5294 eksemplar, (<http://www.mediebedriftene.no>) og avisa kjem ut med to utgåver i veka. Tradisjonelt har avisa vore ei bokmålsavis i ein bokmåldominert region, men etter at Sveinung Tvedt tok over som redaktør etter Rolf Erik Veland i 2006, har avisa også rydda plass til nynorsken i spaltene sine. Det er særleg omsynet til innbyggjarane i nordre del av kommunen som har vore med på å auka nynorsktoleransen i lokalavisa:



Avisa *Bygdanytt*, 7. mai 2010

Vi har mange vaksne nynorskbrukarar nord i kommunen, sjølv om tendensen er at dei to nordlegaste skulane, Træet og Fauskanger, får stadig fleire bokmålselevar. Vi har journalistar som ynskjer å skriva på nynorsk, og vi har ein kommunedel som fortener å bli dekka på nynorsk. Vi har fått lite negativ kritikk for at vi har opna opp for meir nynorsk, men eg har fått tilbakemeldingar frå einskilde lesarar på at saker av meir generell art bør skrivast på bokmål. Slik at alle kan forstå dei. Slike argument tek eg ikkje særleg seriøst. Kan ein ha nynorsk i *Bergens Tidende*, så kan ein ha det i *Askøyværingen* også. (Sveinung Tvedt intervju, 29.desember 2009.)

I Askøy Mållag er gleda stor over at lokalavisa har opna opp for meir nynorsk. Difor vart også *Askøyværingen* i 2009 tildelt mållaget sin første Olav Lavik-pris, ein målpris som er oppkalt etter den kjende heimstaddiktaren frå Ask. Prisen vart delt ut i samband med at mållaget gav ut ei bok om Olav Lavik. Formann Vigleik Dyrøy i Askøy Mållag seier (intervju, 6. mars 2010) at prisen skal delast ut kvart år framover, og at *Askøyværingen* fekk prisen for god og omfattande nynorskbruk i avisá.

Det er den daglege bruken av nynorsk som held målforma i live. Difor gjer lokalavisa eit viktig arbeid. I mållaget har vi registrert at talet på lesarbrev på nynorsk har auka i takt med den generelle nynorskbruken i avisá, og det kan tyda på at redaksjonell bruk av nynorsk også smittar positivt over på lesarane. I tida før Tvedt vart redaktør, var nynorsken fullstendig vekke frå lokalavisa. Difor er vi glade for at lokalavisa no gjer noko for å ta vare på nynorskulturen på Askøy. (Vigleik Dyrøy).

Askøy kommune er ein språknøytral kommune, men det er bokmålet som er den dominante målformen i grunnskulen. Av totalt 3742 elevar i grunnskulen i kommunen er det for skuleåret 2009/2010 berre registrert 138 nynorskelevar på Askøy. (<http://www.wis.no/gsi/tallene>) For seks år sidan sa fleirtalet i dei to skulekrinsane Træet og Fauskanger nord på Askøy nei til å innföra bokmål som opplæringsform. I desember 2009 gjekk undervisningssjef Åge Rosnes ut i *Askøyværingen* og argumenterte for ei ny folkerøysting. (*Askøyværingen*, 15. desember, 2009:7) I mars 2010 vedtok kommunstyret med knappast mogleg fleirtal at det skal gjennomførast ei ny folkerøysting om målform i dei to skulekrinsane nord på Askøy. Økonomi er eitt av argumenta Rosnes nyttar når han argumenterer for bokmålet som opplæringsform, og dette er noko som har provosert mållagsformann Vigleik Dyrøy.

Bergensarane kjem hit og krev at vi skal tilpassa oss dei og deira målform. Eg tør ikkje tenka på kva rabalder det hadde blitt om vi kom til Bergen og gjorde det same. Eg kallar slikt kulturimperialisme. Skal vi klara å stå imot bokmålspresset, er det viktig at lokalavisa også flaggar at nynorsken har ein plass i skriftkulturen på Askøy. (Vigleik Dyrøy.)

Men jamvel om *Askøyværingen* har fleire journalistar som ynskjer å skriva nynorsk, ser redaktør Sveinung Tvedt ingen grunn til å opna opp for fritt val av målform blant journalistane, slik ein til dømes har gjort i avisas *Vestnytt*. Han ynskjer at dei skal variera i bruk av målform og ser for seg at avisas skal ha om lag 25 prosent nynorsk i framtida.

### 3.4. Bydelsavisene i Bergen

*Bygdnytt* kan delvis reknast som ei bydelsavis, all den tid avisas dekkjer bydelen Arna i Bergen. Men det er først og fremst *Fanaposten*, *Åsane Tidende* og *Sydvester* som vert rekna som bydelsavisar i Bergen. *Fanaposten* dekkjer bydelane Fana og Ytrebygda i søre del av Bergen kommune og er desidert størst av desse tre bydelsavisene. Avisa hadde i 2009 eit oppslag på 4806 eksemplar, ([www.mediebedriftene.no](http://www.mediebedriftene.no)) og er dermed dobbelt så stor som til dømes *Åsane Tidende*, som i 2009 hadde eit oppslag på 2391 eksemplar. Dei to lokalavisene kjem begge ut med to utgåver i veka. *Fanaposten* kom første gong ut i 1978 og definerer seg sjølv som bokmålsavis. Marknadssjef Sylvi Leikanger seier (intervju, 3. mars, 2010) at *Fanaposten* har hatt einskilde artiklar på nynorsk i avisas, men legg til at dette skjer relativt sjeldan. Ansvarleg redaktør for avisas er Ståle Melhus. Historisk er avisas tufta på lokalavisa *Os* og *Fanaposten*. Dette var ei avis som hadde kommunane Os og Fana som sitt nedslagsfelt. Seinare vart det berre Fana kommune. I 1972 gjekk Fana frå å vera eigen kommune til å bli ein bydel i Bergen, og styreleiar Terje Rasmussen i *Fanaposten* meiner dette gjev avisas eit identitetsproblem.

Eg voks opp med *Os* og *Fanaposten* som mi lokalavis. Eg budde på Nesttun, som den gongen var ein del av Fana kommune. I dag er kommunen historie, og gamle Fana har mista mykje av identiteten sin, noko som også pregar lokalavisa. Avisa skårar på at lesarane vil ha stoff frå sitt nærmiljø, men *Fanaposten* har ikkje lenger ei definert grense, slik til dømes *Vestnytt* har. (Terje Rasmussen, intervju, 26. april, 2010.)

Avisa *Åsane Tidende* vart etablert i 1996 og dekkjer bydelen Åsane i nordre del av Bergen. Også *Åsane Tidende* har innslag av nynorsk i avisas. Journalist og fotograf Magne Fonn

Hafskor seier (intervju, 7. mars 2010) at avisa har ei målsetting om å ha rundt ti prosent nynorsk. Det er i stor grad bygda Salhus som vert dekka på nynorsk, all den tid nynorsken står sterkt og har lange tradisjonar der.

Tilbakemeldingar er noko ein stort sett får når folk mislikar noko.

Så langt har vi verken fått positive eller negative tilbakemeldingar på at vi skriv saker på nynorsk i avisa, og då får vi tru at det er greitt for lesarane våre. Eg er sjølv nynorskbrukar og meiner at ei bygd med så rike nynorsktradisjonar som Salhus, også bør dekkjast på denne målforma, så sant det let seg gjera. (Magne Fonn Hafskor.)

Åsane Tidende vart ein av opplagsvinnarane i 2009. Avisa fekk heile 272 nye abonnentar, og det er ein opplagsauke på heile 12,84 prosent, noko som ifølgje redaktør Ove Landro er den største prosentvise opplagsauken i heile Hordaland. (<http://www.aasanetidende.no>)

Sydvesten er den minste av dei tre bydelsavisene. Avisa hadde i 2009 eit godkjent opplag på 1847 eksemplar og kjem ut ein gong i veka. (<http://www.lln.no/medlemsaviser/avis.cfm>) Avisa har bydelane Fyllingsdalen, Bønes og Laksevåg som sitt dekningsområde og er ei bokmålsavis. Avisa vart etablert i 1994, og Mette Skulstad er ansvarleg redaktør for avisa. Eg finn det også verdt å nemna gratisavisa *Byavisen*, som kjem ut kvar tysdag, og som har eit opplag på heile 100.000 eksemplar. Av desse vert 92.000 eksemplar distribuerte i Bergen, medan dei siste 8000 hamnar i postkassene til folk på Sotra og Askøy. Avisa er ei bokmålsavis. Ho vart etablert i 1984 og kom då ut under namnet *Annonse Avisen*. Med åra har avisa fått ein aukande grad av redaksjonelt innhald, noko som gjer at avisa ikkje lenger vert definert av forbrukarombodet som reklame. Dermed hamnar avisa også i postkassa til alle dei som har reservert seg mot uadressert reklame. Ansvarleg redaktør Ole Tom Kolstad seier at ”vår erfaring er at avisene blir like godt mottatt her som ellers”. (<http://byavisen.net/om-byavisen>)

## Kapittel 4:

# Vegen fram mot Vestnytt


*Vestnytt* si historie startar lenge før avisas fekk namnet *Vestnytt*. Avisa er nemleg tufta på ruinane av dei to lokalavisene *Sotra Nytt* og *Vest Gula*. *Sotra Nytt* starta opp i 1970, medan *Vest Gula* vart ein aktør på lokalavismarknaden i Fjell, Sund og Øygarden i november 1986. Dei to avisene konkurrerte med kvarandre og fekk begge kjenna på at det ikkje var rom for to lokalavisar i denne regionen på 80-talet. Tidlegare redaktør i *Vestnytt*, Geir Magnus Nyborg, hevdar (intervju, 19. oktober 2009) at dei to lokalavisene gjorde sitt beste for å ta livet av kvarandre, og at dei lukkast - på likt. Ut av dette oppstod altså *Vestnytt*, ei lokalavis som sleit med økonomien dei første åra, ei lokalavis der dugnadsånden rådde, ei lokalavis der språkprofil var eit underordna spørsmål og økonomi vart det absolutt overordna spørsmålet. Men før vi ser nærmare på avisas *Vestnytt*, skal vi sjå litt på avisene *Sotra Nytt* og *Vest Gula*, som begge er ein viktig del av forhistoria til lokalavisa vest for Sotrabrua.

### 4.1. Sotra Nytt

Den første utgåva av *Sotra Nytt* kom ut 4. november 1970. I nokre år (1972 - 1973) skifta avisas namn til *Vestland*. I det nye namnet låg også ambisjonen om ei avis som skulle femna vidare enn *Sotra Nytt*, men avisas mangla både menneskelege og økonomiske ressursar til å følgja opp denne målsettinga. Det tok ikkje lang tid før avisas atter heitte *Sotra Nytt*, og slik vart det verande heilt til slutten i 1988. Redaktør, journalist og primus motor heitte Magne Fjeld (1939 - 1994), og han vart raskt ein kontroversiell figur i den lokale samfunnsdebatten.

Trykkeriet til avisas, Sotra Trykk, låg i ei gamal løe på Kollveit gard i Fjell kommune og vart driven av Per Gunnar og Marit Ona. Ona-familien starta opp trykkeriet i 1971.

(<http://www.grafisk-trykk.no>) Før Sotra Trykk starta opp, vart *Sotra Nytt* trykt opp på A4-ark og minna mest om eit flygeblad. Men det var ikkje kvaliteten på trykksverta som gjorde at Magne Fjeld hamna på kant både med målrørsla og det politiske miljøet i Fjell. *Sotra Nytt* tok mål av seg til å vera ei rein nynorskavis. Men Magne Fjeld var ingen språklærd mann. Han hadde i fleire år jobba som sensor ved førarkortavdelinga i Bergen. Han var utdanna mekanikar, og etterkvar også ingeniør, og han jobba ved BMV Laksevåg før han tok avgjerda om å bli avismann. Men avis og journalistikk høyrd i utgangspunktet ikkje til Fjeld sitt kompetanseområde, og dei språklærde i regionen var raske med å påpeika dette for han. Det lokale mållaget hadde liten sans for Magne Fjeld si form for nynorsk. Språklege feil florerte i artiklane Fjeld skreiv, og velmeinande målfolk tok tidvis turen



Magne Fjeld, 1991.  
(Foto: Vestnytt)

innom skrivestova på Fjell gard. Då hadde dei ofte med seg siste utgåve av *Sotra Nytt*, og skrivefeila var markerte med raudt. Sonen til Magne Fjeld, Ivar Fjeld, fortel i eit personleg intervju at både han og far hans opplevde at målrørsla på Sotra såg på Magne og nynorsken hans med stor skepsis. Det tok mange år før *Sotra Nytt* vart teken inn i varmen hos mållaget, jamvel om avisas klårt og tydeleg signaliserte at ho var ei nynorskavis.

Han var ein språkleg paria. Han var hata av lektorane og alle dei andre intellektuelle målfolka. Han skreiv så mykje feil at dei rett og slett skulda han for å vera anti-nynorsk, jamvel om det var det motsette han prøvde på. Men då Sotra Mållag endeleg tok han inn i varmen, så gjorde dei det til gagns. Den sjølvlarde redaktören fekk heidersteiknet ”Målkipo” for godt arbeid i nynorsken si teneste, og for han var dette aksept god nok for arbeidet han hadde gjort. (Ivar Fjeld, intervju, 13. oktober 2009.)

Magne Fjeld hadde ingen problem med å blanda politikk og journalistikk, og han la ikkje skjul på at han var venstremann. Så var heller ikkje denne rolleblandinga så problematisk på 70-talet som ho er i dag. Men på veg inn i 80-talet skifta Magne Fjeld politisk beite og vart etterkvart eit aktivt medlem i Fjell SV. Magne Fjeld si markering av politisk hamskifte kom raskt til å skapa kontrovers i lokalmiljøet. *Sotra Nytt* proklamerte på førstesida at avisas var politisk uavhengig, men dette var det vanskeleg for mange å tru. Magne Fjeld sin motivasjon for å setja saker på dagsorden vart også trekt i tvil, og på folkemunne gjekk *Sotra Nytt* under tilnamnet ”Pravda”, etter den sovjetrussiske kommunistavisa. (kjelde: Ivar Fjeld) At sistesida i avisas vart sett av til spalta ”Informasjon du ikkje finn i stor-avisene i Bergen” (sjå faksimile t.h. neste side), gjorde ikkje saka betre for mange av lesarane. Mange av sakene som fylte denne spalten var saksa frå venstreorienterte aviser som *Ny Tid*, *Klassekampen* og *Friheten*. Sverre Bungum var blant dei som reagerte på dette. Han var rektor ved Sund Ungdomsskule då Magne Fjeld starta opp lokalavisa si. Seinare (1978) vart Bungum også skulesjef i Sund kommune. Også Bungum var venstremann og sat i kommunestyret i Sund. Han var også ein aktiv mållagsmann, og han var ein av mange som såg med skepsis på den nye lokalavisa.

Avisa Vestland, 26. oktober 1972

Første- og sistesida  
av avis Sotra Nytt,  
26. oktober 1977.

Magne Fjeld mangla lojalitet til lokalsamfunnet. Det var einskildsaker som opptok han, ikkje lesaren. Eg meiner ikkje at ei lokalavis skal vera ukritisk til eit lokalsamfunn. Men Magne sin motivasjon for å starta lokalavis var samfunnsengasjement, ikkje journalistikk. Eg hamna i konflikt med han, og eg kritiserte han for å reisa ei rekkje internasjonale spørsmål i avisa. Det er etter mitt syn ikkje ei lokalavis si oppgåve. Magne meinte at alle som hadde makt, ville misbruks makta si. Han var ein konspirasjonsteoretikar, og spaltene i avisa var gjennomsyra av dette. For meg var dette langt verre enn därleg språk. (Sverre Bungum, intervju, 23. november, 2009.)

Sverre Bungum meiner det var noko hjelpelaust over *Sotra Nytt*, og han følte at folk ikkje la særleg vekt på det som stod i avisa, rett og slett fordi det ikkje heldt mål journalistisk sett. Likevel voks avisa, og etterkvart knytte ho også til seg fleire medarbeidarar. Ivar Fjeld meiner at journalistikken i avisa etterkvart fekk sitt språklege alibi i mållagsmannen Olai Otterå og sitt politiske "fyrtårn" i SV-mannen Frede Rasmussen. Begge var lærarar. Då Magne Fjeld vart alvorleg sjuk midt på 80-talet, vart det spekulert i kven av desse to som skulle ta plass i redaktørstolen etter han. Men då Magne Fjeld vart så sjuk at han ikkje lenger fungerte som redaktør, hadde også avisa kome i så store økonomiske vanskar at konkursen banka på døra. Dermed vart det ikkje den store kampen mellom språk og politikk som somme hadde sett for seg. Avisa måtte ut og finna investorar som kunne sikra ei vidare drift, men dette var slett ikkje enkelt i ei tid då økonomiske nedgangstider herja. Samstundes sleit konkurrenten *Vest Gula* i økonomisk motvind. Leiinga i dei to

lokalavisene hadde no skjøna at det ikkje var rom for dei begge i regionen, og tingingar med tanke på ei samanslåing starta våren 1988. I juni vart så *Sotra Nytt* avvikla, og *Vestnytt* vart oppretta. Avisa heldt til i *Sotra Nytt* sine lokale på Straume, og Ivar Fjeld var konstituert redaktør. Magne Fjeld hadde verken helse eller økonomi til å halda fram som lokalavisredaktør, men gjorde likevel eit siste forsøk på å blåsa liv i *Sotra Nytt* att. Nokre hektiske sommarmånader hadde regionen tre lokalaviser - *Vestnytt*, *Vest Gula* og ”nye” *Sotra Nytt*. Men då sommaren ebba ut, var det heile over. Magne Fjeld kom ingen veg med det nye avisinitiativet og gav opp etter kort tid. *Gula Tidend*, som var eigar av *Vest Gula*, gjekk i nye forhandlingar med *Vestnytt*, og ved utgangen av august var forhandlingane i hamn, og Sund, Fjell og Øygarden sat att med ei einskild lokalavis.

#### 4.2. Vest Gula

*Vest Gula* hadde ei atskillig kortare avishistorie enn kva tilfellet var med *Sotra Nytt*. Avisa si første utgåve kom i november 1986. Redaktøren heitte Thomas Skålnes, og han fekk knappe to år i sjefsstolen før avisas var historie. *Vest Gula* satsa tungt på journalistisk kompetanse, og avisas dekka også Øygarden kommune. Det hadde ikkje *Sotra Nytt* gjort. Men i 1986 vart Sotra og Øygarden knytt saman med bruer nordover, og det var her leiinga i *Gula Tidend* såg eit potensiale. *Gula Tidend* stod sterkt i Øygarden. Journalistane i *Gula Tidend* hadde gjort ein god jobb med å gje avisas fotfeste i øykommunen, og dette kunne ei ny lokalavis dra nytte av. Målpolitikken frå gamle *Gula Tidend* følgde også med inn i *Vest Gula*. Stoff som vart levert avisas på bokmål, vart konsekvent skrive om til nynorsk før det kom på trykk. Tidlegare Sund-ordførar Arne Olav Nilsen sat i styret i *Gula Tidend* midt på 80-talet og var med på å starta opp *Vest Gula*. Han meiner (intervju, 1. september, 2009) at glansdagane til *Gula Tidend* for lengst var over på denne tida, og ein opplevde at avisas etterkvarthamna i alvorlege økonomiske vanskar. *Vest Gula* verka derimot å vera ei avis som for alvor var i ferd med å etablera seg i Fjell, Sund og Øygarden, og Nilsen likte difor dårleg at styret i *Gula Tidend* ville selja den delen av verksemda som etter hans mening hadde størst potensiale til å overleva som avis. Han argumenterte med at *Vest Gula* gjorde det bra i ein region som var i rask vekst, og at det difor var lite framtidssretta å selja avisas for å redda *Gula Tidend*. Men dei Nilsen sjølv omtalar som ”tradisjonalistane”



Avisa Vest Gula, 28. juli 1987

i avisa var ikkje samde med han, og Nilsen tok som ei følgje av dette ikkje attval til styret. Forhandlingar starta om sal av *Vest Gula*, men ein var ikkje i hamn då *Vestnytt* starta opp i juni 1988. Som vi har sett, gjekk drifta av *Vestnytt* og *Vest Gula* parallelt heilt fram til august same år. Marknadssjef Oddvin Klubben i *Vestnytt* var også marknadssjef i *Vest Gula*, og han hadde også ei fortid frå *Gula Tidend*. Han vart den einaste av dei tilsette i *Vest Gula* som følgde med over til *Vestnytt*. Han omtalar månadene frå *Vestnytt* vart etablert og fram til samanslåinga med *Vest Gula*, som meiningslause (intervju, 12. november, 2009). Alle dei tilsette i *Vest Gula* visste at det berre var eit spørsmål om tid før dei to avisene vart samla i ei avis, og då det endeleg skjedde, fekk *Vestnytt* alle abonnentane til *Vest Gula* med på kjøpet.

#### 4.3. Vestnytt

Avisa *Vestnytt* vart i utgangspunktet etablert med økonomisk hjelp frå lokale investorar. Men aksjekapitalen vart snart brukt opp, og avisa måtte ha meir pengar om ho skulle overleva. Dermed kom pengesterke investorar frå Bergen på bana. Dette var noko Arne Olav Nilsen helst ville unngå. Han var på denne tida ordførar i Sund kommune, og han meinte at regionen burde ha ei lokalavis som var på lokale hender. Dei lokale eigarane var ikkje glade for engasjementet til ”dei innanfor bruia”, som Nilsen minnest at bergensinvestorane helst vart omtala som. Men samstundes takka dei lokale eigarane nei til vidare satsing på avisa, og dermed sat målfolket i saksa. Både Ivar Fjeld og Arne Olav Nilsen argumenterte for ei nynorskavis, men med dei nye investorane var det kroken på døra for noko slikt. Arne Olav Nilsen gjekk inn som aksjonær i *Vestnytt* då avisa vart etablert i 1988. Han sat i avisstyret fram til *Vestnytt* vart kjøpt opp av BT-konsernet i 2008. Nilsen var ein ihuga forkjempar for ei nynorsk lokalavis frå første dag av. Ein skulle sjølv sagt tru at dette var uproblematisk, all den tid både *Sotra Nytt* og *Vest Gula* hadde vore nynorskviser. Men Nilsen opplevde at målsak ikkje var eit tema som vekte særleg interesse i den nye avisa. Økonomi var derimot eit sentralt emne når styret kom saman til drøftingar. Styret vedtok til slutt at målforma i avisa skulle reflektera talemålet i regionen. Sett frå ein språkvitskapleg ståstad er dette ei nokså ullen formulering. Det vart likevel til at brorparten av sakene vart skrivne på nynorsk i *Vestnytt*, men dette viste seg, og viser seg truleg framleis, å vera sterkt personavhengig. Bokmålsmannen og indremisjonsprofilen Geir Magnus Nyborg vart redaktør. Ivar Fjeld gjekk frå redaksjon til marknad og fekk i oppgåve å selja den nye avisa til leesarane. *Vestnytt* sette straks i gang med ein halsbrekkande salskampanje. 50 kroner ut året for avisa skaffa 1400 nye abonnentar på rekordtid, og dette meiner Geir Magnus Nyborg tok knekken på *Vest Gula* (intervju 19. oktober, 2009). Snart fekk Nyborg også abonnentane til *Vest Gula* med inn i *Vestnytt*. No var det om å gjera å halda på dei. Men den nye avisa vart møtt med ein viss skepsis, både ute blant folk og inne på avishuset.



Geir Magnus Nyborg (t.v.) var redaktør i Vestnytt frå 1988 til 1990, medan Øyvind Risnes var redaktør frå 1990 til 1996. Då tok Elisabeth Netland over, og ho er framleis redaktør i avisra. (Arkivfoto: Vestnytt)

For min eigen del var eg redd for at avisra skulle bli overtaken av indremisjonsfolk og bli gjort om til ein meir avansert versjon av Kyrkjebladet. Dessutan var eg i tvil om eg ville klara å samarbeida med kristne leiarar i regionen vår, som no tydeleg hadde meldt si interesse for å bli aviseigarar. (Ivar Fjeld, *"Frå ateisme til kristen tru"*, 2006:32)

Geir Magnus Nyborg kjende sterkt på at folk var skeptiske til han og har i ettertid forståing for det. Med hans bakgrunn frå *Kystradioen* og Bibelskulen var det få som trudde at *Vestnytt* ikkje ville bli farga av den kristenkonervative fortida til Nyborg. Men han ville ikkje ha ei avis som var tufta på Indremisjonen sine retningsliner, slik han meiner tilfellet var med til dømes lokalradiostasjonen *Kystradioen*. Avisa skulle drivast etter alminnelege presseetiske prinsipp, og bokmålsmannen Nyborg ville gjerne ha ei nynorskavis. Men språk måtte tidvis vika for hastverk. Nyborg sjølv hadde ikkje tid til å konsentrera seg om nynorsken når det var som mest hektisk i avisredaksjonen, og det hende han fekk kritikk for dette av engasjerte innbyggjarar som var vande med nynorsk i lokalavisa.

Vi hadde eit frykteleg arbeidspress på oss. Hadde eg tid, så gjorde eg mitt beste for å skriva nynorsk. Etter mitt syn var dette eit viktig mål å strekkja seg etter i regionen vi vende oss til. Men når ein berre er to mann som skal laga ei heil avis, då gjev ein seg ikkje i kast med å finpussa på språket. Ein vel enklaste veg, og for meg var det bokmål. (Geir Magnus Nyborg, 2009.)

Nyborg skulle etter planen berre ha redaktørstillinga i *Vestnytt* nokre månader. Han vart sitjande i sjefsstolen i to år. Då tok Øyvind Risnes over. Masfjordingen og nynorskmannen Risnes vart også henta frå eit kristent miljø, og han tok over ei avis som på to år hadde gått frå 2000 til dryge 4300 abonnentar. (Årsberetning *Vestnytt*, 1997:6) Med Risnes som redaktør auka talet på abonnentar ytterlegare. Avisa endra layout og auka også talet på tilsette. I 1995 nytta alle dei fast tilsette journalistane i *Vestnytt* nynorsk. Unntaket var Ronny Johnsen, fast frilansjournalist på sport, som konsekvent skreiv på bokmål. Då Risnes gav seg som redaktør i 1996, hadde avisa eit opplag på nærmere 5800 eksemplar, og Elisabeth Netland kunne overta ei avisskute som var på stø kurs framover. Netland hadde jobba som redaksjonssekretær, eit lønsregulerande synonym for redaksjonssjef, sidan 1992 då ho vart tilsett, og den gode trenden heldt seg fram til 1998, då avisa passerte den magiske grensa på 6000 abonnentar. Avisa sa frå seg pressestøtta, aksjonærane tok ut utbyte, og avisa hadde i løpet av 1998 gått frå to til tre utgåver i veka. Oddvin Klubben hugsar dette som ei tid då ein trudde *Vestnytt*-treet skulle veksa inn i himmelen.

Vi gjekk frå to tjukke til tre tynne utgåver i veka. I løpet av våren 1999 skrudde vi opp abonnementsprisen med 100 kroner i året. I tillegg starta vi med morgondistribusjon. Det siste burde i utgangspunktet vore positivt, men vi hadde store problem med å få det til å fungera på ein tilfredsstillande måte. Vi gjorde ei rekke ukloke val, og det fekk vi svi for. (Oddvin Klubben, 2009)

For i løpet av 1999 tok Klondyke-stemninga slutt i *Vestnytt*. Opplagsauken stoppa opp, og i løpet av nokre år gjekk avisa attende til godt under 6000 abonnentar (sjå tabell under). I løpet av tida frå Øyvind Risnes slutta som redaktør og fram til 1998 hadde avisredaksjonen også vore gjennom omfattande utskiftingar. To tredeler av journalistane hadde slutta, og erstatterane deira var i stor grad bokmålsfolk. I eit personleg intervju (27. oktober 2009) fortel redaktør Elisabeth Netland at ho ville ha opp bokmålsprosenten i avisa, og at målet var ei 50/50-fordeling mellom bokmål og nynorsk. Slik skulle ein få eit avisspråk som var meir i takt med språkutviklinga i regionen. Men under dette låg også håpet om at ein på denne måten kunne fri til innflyttarane frå Bergen, som i liten grad abonnerete på lokalavisa (kjelde: Oddvin Klubben). I staden gjekk altså opplagstalet nedover att, og nedgangen heldt fram heilt til 2003. Ei oversikt over opplagsutviklinga i *Vestnytt* sidan 1990 viser at avisa framleis ikkje har klart å passera opplagstoppen frå 1998. Håpet var at avisa skulle klara dette i 2009, etter fleire år med opplagsauke. Men til like med mange andre lokalaviser, måtte også *Vestnytt* tåla ein mindre tilbakegang i fjar.

**Tabell opplagsutviklinga i *Vestnytt* 1990 - 2009:**

Etter 2009 - godkjent opplag 6162	Etter 1999 - godkjent opplag 6175
Etter 2008 - godkjent opplag 6176	Etter 1998 - godkjent opplag 6199
Etter 2007 - godkjent opplag 6143	Etter 1997 - godkjent opplag 5884
Etter 2006 - godkjent opplag 6022	Etter 1996 - godkjent opplag 5737
Etter 2005 - godkjent opplag 6064	Etter 1995 - godkjent opplag 5435
Etter 2004 - godkjent opplag 5838	Etter 1994 - godkjent opplag 4949
Etter 2003 - godkjent opplag 5774	Etter 1993 - godkjent opplag 4905
Etter 2002 - godkjent opplag 5720	Etter 1992 - godkjent opplag 4722
Etter 2001 - godkjent opplag 5886	Etter 1991 - godkjent opplag 4600
Etter 2000 - godkjent opplag 6037	Etter 1990 - godkjent opplag 4314

(Kjelde: *Vestnytt* si marknadsavdeling og [www.mediebedriftene.no](http://www.mediebedriftene.no))

#### **4.4. Nynorsk i Vestnytt**

Sotra Mållag har sidan 2000 målt nynorskprosenten i Vestnytt.

Samla oversyn sidan registreringane tok til, ser slik ut:

År	Nynorskprosent	År	Nynorskprosent
2000.....	51,3	2005.....	68,6
2001.....	62,0	2006.....	75,5
2002.....	56,0	2007.....	80,3
2003.....	60,5	2008.....	73,0
2004.....	58,5	2009.....	56,3

Målingane er gjort ved å måla spaltemillimeter i kvar einaste desemberutgåve i dei gjeldande åra. Det er tidlegare formann Alf Sanden i Sotra Mållag som har føreteke målingane. Desse målingane tek kun for seg redaksjonelt stoff og måler ikkje nynorskprosenten i annonsedelen. Innanfor bolken ”redaksjonelt stoff” reknar Sanden også lesarbrev. Talet på lesarbrev skrivne på bokmål har ifølgje Sanden auka dei seinare åra. I arbeidet med desse registreringane har Sanden elles funne at variasjonane i nynorskprosenten i stor grad heng saman med utskiftingar i redaksjonen. Mange av bokmålsjournalistane som jobba i *Vestnytt* rundt 2000, har slutta. Erstattarane deira har i stor grad vore journalistar som vel å skriva på nynorsk, og difor har nynorskprosenten i avisas periodevis også gått opp sidan 2000. Men dette er ifølgje redaktør Elisabeth Netland ingen medviten språkpolitikk frå avisas si side. Ho er bestemt på at *Vestnytt* ikkje definerer seg sjølv som ei nynorskavis, og ho understrekar at det i utgangspunktet er opp til kvar einskild journalist å velja målform. Samstundes seier ho at ho framleis har som mål å ha ei lik fordeling av bokmål og nynorsk i avisas. Det er likevel interessant å sjå at nynorskprosenten og opplaget har auka i takt sidan 2003, og at opplagsnedgangen i 2009 kjem samstundes med ein kraftig nedgang i nynorskprosenten i avisas. Sjølv trur Netland at dette er tilfeldig, og at det dermed ikkje har noko med avisas sitt val av målform å gjera. Den kraftige tilbakegangen nynorsken i avisas har hatt frå 2008 til 2009, heng saman med

at avisa i løpet av 2009 tilsette ny sporsjournalist. Han nyttar bokmål som skriftspråk, og sport er eit emne som genererer mykje skrift i ei lokalavis. Målingane Sotra Mållag har gjort, viser då også at nynorskdelen på sport gjekk attende frå 73 til 16 prosent frå 2008 til 2009.

I 2001 flytta *Vestnytt* inn i eigne lokale, etter å ha vore leidgetakar i ymse forretningsbygg på Straume i Fjell sidan oppstarten i 1988. I 2008 selde dei største aksjonærane sine eigardelar i avisa til *Bergens Tidende*. Prisen var 44000 kroner per aksje. Forretningsmannen Lambert Wulf, som i 1988 spytta inn 100000 friske aksjekroner i avisa, kunne 20 år seinare kassera inn 4,4 millionar kroner for investeringa si. Geir Magnus Nyborg, som sjølv var aksjonær og styremedlem i *Vestnytt*, klaga salet inn til Medietilsynet. Han meinte at eit sal til *BT* kunne skada mangfaldet i avismarknaden, all den tid avisa kjøpte opp det dei kom over av lokalaviser i bergensregionen. Men klagan var til fånyttes, og dei mindre aksjonærane vart tvinga til å selja. Redaktør Elisabeth Netland seier at ho har merka lite til at lokalavisa har gått frå å vera ei sjølvstendig avis til å bli ein liten del av *BT*-konsernet. Men ho kjenner både uro og uvisse i høve til kva dette vil medføra for avisa på sikt, også på det språklege planet. Dagleg leiar i *Vestnytt* og tidlegare storaksjonær i avisa, Sigurd Hille, trur ikkje at ho har grunn til å ottast. Han kan ikkje sjå for seg at endringar i avisa sitt val av målform skal bli eit argument i ein eventuell debatt om auka inntening for lokalavisa.

Då må ein i så tilfelle påvisa at avisa tapar store pengar på å nytta nynorsk. Først då vert dette ei sak for styret. Men redaktøren er suveren, sjølv i slike tilfelle. Styret kan sjølvsagt oppmoda redaktøren i ei avis om å etterkoma eit krav om mindre nynorsk, men styret kan ikkje påleggja redaktøren dette. Seier redaktøren nei, så er styret sitt einaste alternativ å finna ein redaktør som vil etterkoma kravet deira. Noko slikt trur eg aldri kjem til å skje, uansett kven som måtte sitja med eigarskapen i avisa. (Sigurd Hille)

For å vurdere denne utsegna, må vi sjå nærare på kva *Bergens Tidende* vil med lokalavisene dei kjøper. Terje Rasmussen er styreformann i alle lokalavisene *BT* har kjøpt opp i bergensregionen. Han er også økonomidirektør i *Bergens Tidende*, og han fortel at det utelukkande er økonomi som er motivasjonen for å kjøpa opp lokalaviser (intervju, 26. april, 2010). Rasmussen seier at strategien er todelt, og at dei har definert desse to delane som *defensiv* og *offensiv*. Den defensive delen handlar om å sikra seg mot annonselekkasje til lokalavisene i bergensregionen. Rasmussen meiner det ikkje er utenkeleg at lokalavisene kunne etablert ei felles marknadsavdeling, og slik konkurrert

med *BT* om viktige annonsekroner. Avisene *Vestnytt*, *Bygdnytt*, *Askøyværingen* og *Strilen* var allereie med i ein slik samarbeidsring, Bergensringen, då *BT* starta sine oppkjøp av lokalavisar. Bergensringen var eit supplement til lokalavisene sine marknadsavdelingar og jobba for å sikra lokalavisene annonsar frå dei store kjedene som til dømes dominerer daglegvaremarknaden. Ved å kjøpa lokalavisene, har *BT* hindra ei sjølvstendig vidareutvikling av dette konseptet. Den offensive delen av oppkjøpspolitikken er tufta på ”skrekkscenariet” i den defensive delen. Gjennom å integrera lokalavisene i *BT* sitt marknadsmaskineri, kan ein auka innteninga til lokalavisene, og dermed også til konsernet. Rasmussen meiner at ein på denne måten tilfører lokalavisene kompetanse og økonomisk tryggleik i ein stadig tøffare avismarknad. Bergensringen er eit konsept som dei nye eigarane fører vidare og satsar på å utvikla. Ei felles nettsatsing for lokalavisene er eit anna område Rasmussen ser for seg at desse avisene kan oppnå vinst ved å vera ein del av eit storkonsern. Men når økonomisk vinst er motivasjonen for å kjøpa opp lokalavisar, er det nærliggjande å tenka at dette også kan påverka språkpolitikken i lokalavisene. Det avviser Rasmussen.

Bergens Tidende vil ikkje styra språket i lokalavisene. Slik eg ser det, ville det vera feil. Tanken om å styra språk for å tena pengar, har heller ikkje slått meg. Eg trur ikkje val av målform er ein faktor i høve til ei lokalavis sin økonomi, og difor ville det også vera håplaust å ta opp ein slik debatt. Vi legg oss ikkje opp i redaksjonelle val og avgjerder. Faktum er at vi held god avstand til desse redaksjonane. Dei får styra avisene sine slik dei sjølv finn det mest tenleg for lokalsamfunnet, utan innblanding frå vår side. (Terje Rasmussen.)

## Kapittel 5:

### Frå Midhordland til Os og Fusaposten

Medan avisa *Vestnytt* er ei språkdelte avis, er *Os og Fusaposten* ei rein nynorskavis. Avisa hadde i 2008 eit godkjent opplag på 5820 eksemplar ([www.lln.no](http://www.lln.no)) og er dermed om lag like stor som avisa *Vestnytt*, som i 2008 fekk eit godkjent opplag på 6176 eksemplar. Avisa dekkjer kommunane Os og Fusa, og også denne avisa har si forhistorie.

#### 5.1. Personkonfliktar og aviskrig

Os har hatt fleire lokalaviser. Frå 1925 til 1932 hadde kommunen *Midhordlands Avis*, og frå 1951 til 1961 vart Os kommune også dekka av lokalavisa *Os og Fanaposten*. Lokalavisa som i dag dekkjer Os og Fusa, har sitt utspring i avisa *Midhordland*. Avisa *Midhordland* vart i utgangspunktet etablert av Vestlandske Mållag i 1972. Men etterkvart kom Magne Krüger og forfattaren Arnfinn Haga til å ta over eigarskapen i avisa. Haga er nok mest kjent for å ha skrive ei rekke historiske verk om andre verdskrig. Han var målmann så det heldt, og han insisterte på at avisa *Midhordland* skulle ha i-mål. Christian Fredrik Stabell vart tilsett som redaktør i avisa så tidleg som i 1973. Stabell kom fra Bergen og hadde starta som sommarvikar i arkivet til den konservative bokmålsavisa *Morgenavisen* i Bergen i 1966. Her gjekk han fra arkivering til journalistikk, og han vart verande i avisa som vikar og fast frilansar fram til 1972. Overgangen fra *Morgenavisen* til *Midhordland* var med andre ord stor. Men Stabell seier i eit personleg intervju (21. oktober 2009) at han fann det relativt uproblematisk å bli redaktør for ei nynorskavis. Han trur også at han fekk tilbodet om redaktørstillinga i *Midhordland* fordi han hadde hatt ei fyldig dekning av smått og stort som skjedde i Os i løpet av dei åra han jobba i *Morgenavisen*. Avisa *Midhordland* kom ut ein gong i veka og hadde vore i drift i rundt 10 månader då Stabell fekk jobben som redaktør, eller bladstyrar som det heitte då Stabell starta opp. Då hadde avisa eit opplag på rundt 900 eksemplar. ([www.mediemallaget.no](http://www.mediemallaget.no)) I byrjinga dekka avisa *Midhordland* kommunane Os, Fusa og Samnanger. Men i februar 1978 valde avisa å droppa dekninga av Samnanger, og i staden konsentrera seg om Os og Fusa.



Redaktør Christian Fredrik Stabell i *Os og Fusaposten*. (Foto: *Os og Fusaposten*)

Eg var redaktør og einaste journalist i avisa *Midhordland* på dette tidspunktet. Det var ikkje direkte vefsamband mellom Os og Samnanger, og det medførte at det var langt å reisa dit. Som einaste journalist hadde eg rett og slett ikkje kapasitet til å dekkja Samnanger. Folk i bygda vart sjølvsgart sinte. Dei sa opp avisa og starta etterkvart si eiga avis, *Samningen*. På mange måtar kan ein seia at eg var ein utløysande faktor for at Samnanger fekk si eiga lokalavis, og det er eg i grunnen nøgd med. (Christian F. Stabell, intervju, 23. november 2009.)

I 1976 var Stabell med og starta opp Landslaget for lokalaviser, LLA, og han var også formann i laget frå 1981 til 1983. Stabell gjorde ein dugeleg jobb med *Midhordland*. Opplaget steig, og det same gjorde talet på tilsette. I 1979 la avisa om frå ei til to utgåver i veka, og i 1987 hadde avisa eit godkjent opplag på 5244 eksemplar. Dette var året då Stabell og fleire av journalistane valde å gå ut av avisa *Midhordland* for å starta *Os og Fusaposten*. For sjølv om avisa hadde stor framgang, var eigarar og redaktør ikkje på talefot. Bakgrunnen for dette var Haga og Krüger si overtaking av eigarskapen i avisa. Christian Stabell legg ikkje skjul på at han hadde forventa å bli inkludert i overtakingsplanane til dei nye eigarane. I staden vart han halden fullstendig utanfor. Etterkvart vart situasjonen så tilspissa, særleg mellom Haga og Stabell, at sistnemnde valde å trekka seg frå redaktørstillinga. Han valde å starta si eiga, konkurrerande avis, der han sjølv var inne på eigarsida, og han fekk med seg fleire av journalistane sine på lasset. Eigarane av *Midhordland* saksøkte Stabell, og det heile enda i eit forlik. Men nokon retur til gamleavisa kom ikkje på tale for Stabell sin del. Etter brotet freista Arnfinn Haga å driva *Midhordland* vidare, men i 1990 var det slutt for avisa. I tida etter brotet og fram til konkursen i 1990 hadde *Midhordland* hatt fem redaktørar, samt eit medieselskap som freista å driva avisa. Arnfinn Haga var sjølv ein av redaktørane i denne perioden, utan at dette var nok til å redda avisa. For *Os og Fusaposten* såg det derimot atskillig lysare ut.

## 5.2. Stabell på eigne bein

I 1987 vart *Os og Fusaposten* ein ny aktør i avismarknaden i dei to kommunane. Kampen om lesarane var hard, og i 1988 køyrdet den nystarta avisa sin første, og til no einaste

**Ny idéskisse for Mobergsviska MIDTEN**

**KVAR ONSDAG OG LAURDAG**

**Midhordland**

**LOKALBLADET FOR OS OG FUSA**

**FOM stoggar 5 bussruter i Os**

Eit kjempearbeid fullført

Eikhovdaheimen kosta 6,85 millionar kroner:

**Veglys på overfor bruk**

Ute på Skorvøya har du vore meir enn minstestart to år. Dag og natt, summer og vinter, kann du sekkje til Eikhovdaheimen. Det er godt, men fortsett du vinter, som ferdast du ur. Meir om ei vinter fotose, strømspær og kven som taper på

**Kommunepolitikken for tidkrevende**

... Kommunepolitikken er blitt for tidkrevende. Mange av kommunestyremedlemene kjemmer og minker. Det finst rørsle i kommunen, men det er ikke i samme grad som før. Det er formannen i Fusa Haga, Leif Grønje, som seter døme til -Møllerstrand. Han har 20 år bak seg i kommunepolitikken.

**Os**

**Imbroit I S-lagene**

**Teknisk gjekk rundt**

**Trafikkuhell på Hølland**

**Hagavik Handelslag**

Avisa Midhordland, 31. januar 1987

vervekampanje. For Christian Stabell vil ikkje ha noko av vervekampanjar. Han vil ha lesarar som abonnerar på avisas også etter at tilbodsperioden er ute.

Eg gjorde eit unntak då vi var i etableringsfasen, men det er også einaste gongen det har skjedd. Eg vil at abonnentane våre skal koma til oss. Eg vil at dei skal kjenna at dei ynskjer å abonnere på *Os og Fusaposten*, og at dei ut frå dette tek ei aktiv avgjerd om å tinga avisas. Det gjev også avisas ein stabil lesarmasse. (Christian F. Stabell, 21. oktober 2009.)

Ein skulle kanskje tru at bergensaren Stabell ville starta opp ei meir språkliberal avis når han fekk friare spelerom. Men slik vart det ikkje. Rett nok fekk i-målet ikkje plass i den nye avisas. Det hadde Stabell hatt ynske om å kvitta seg med medan han framleis var redaktør i *Midhordland*. Men *Os og Fusaposten* vart ei rein nynorskavis. Dette vart nedteikna i avisas sin føremålparsagraf, og slik er det framleis. A-infinitiv er obligatorisk for journalistane i avisas, medan dei til dømes står fritt til å velja mellom pronomenformene ”me” og ”vi”. Å fira på kravet om nynorsk i avisas, har aldri vore aktuelt for Stabell sin del.

Journalistar har år om anna hinta om at vi burde opna for bokmål i avisas, men her har eg sagt konsekvent nei. Eg trur det ville vera ein strategisk bommert å sleppa bokmålet inn i *Os og Fusaposten*, og difor kjem eg heller aldri til å fira på kravet om at avisas skal vera ei rein nynorskavis. (Cristian F. Stabell, 2009)

Stabell vedgår at han har slite meir med somme journalistar enn andre når det gjeld å få dei til å skriva korrekt og god nynorsk. Somme har hatt så store problem med å læra seg å skriva nynorsk at sjølv Stabell har fått tvilen i seg. Men han har vore tolmodig, og han har fått løn for strev. For når først nynorskoden er knekt, er problema også rydda av vegen. Stabell tek framleis raudblyanten i bruk når han les korrektur. Journalistane får sakene attende på papir, og dei må sjølve gå inn og retta feila sine før saka vert sendt til sideombrekking. Dette trur Stabell er meir lærerikt for journalistane enn om dei faktisk er ferdige med saka når dei har sendt henne til korrektur. Christian Stabell er stolt over å leia ei



Avisa *Os og Fusaposten*, 12. mai 2010

nynorskavis, og han meiner at særleg Os kommune treng den språklege motvekta som ei nynorskavis representerer. Det er han ikkje aleine om å meina. I 2004 vart avisa hans kåra til årets lokalavis av Landslaget for lokalaviser (LLA), og under dei nynorske mediedagane i oktober 2009 vart Stabell tildelt Nynorsk Redaktørpris for 2009 av Mediemållaget. I grunngjevinga heiter det mellom anna at “Stabells språklege haldning har utan tvil vore medverkande til at nynorsken framleis står sterkt i Os”. ([www.mediemallaget.no](http://www.mediemallaget.no)) Men annonser på bokmål kjem sjølv ikkje ei nynorskavis utanom, og avisa har annonser på begge målformer. Eiga nettavis er derimot noko *Os og Fusaposten* ikkje vel å satsa på. Os har allereie to eigne nettavisar. *Radio Os* driv eiga nettavis (på bokmål), men den største av nettavisene i Os er *Midtsiden*, som er ei nettavis på nynorsk. Stabell meiner på si side at det ville vera ”økonomisk vanvit” å bruka ressursar på ei nettavis og ser på slike avisar som reine tapsprosjekt. Som vi har sett, er Stabell sjølv medeigar i *Os og Fusaposten*. I ei tid då *Bergens Tidende* kjøper opp lokalaviser i bergensregionen, skulle ein tru at også eigarane i *Os og Fusaposten* var interesserte i å tena gode pengar på å selja.

Eg mislikjer sterkt *Bergens Tidende* sitt oppkjøp av lokalaviser i distrikta rundt Bergen, og eg trur det er skadeleg for avismangfaldet.

Eg likar ikkje konserntenkinga. Eg trur også at nynorsken kan bli skadelidande dersom konsernet trur at det har meir pengar å henta på å auka bokmålsprosenten. Eg trur *Os og Fusaposten* står seg betre som sjølvstendig avis enn vi vil om vi blir ein del av eit storkonsern, og eg trur også at *Vestnytt* hadde stått seg betre på dette. (Christian F. Stabell, 2009.)

Økonomidirektør Terje Rasmussen i *Bergens Tidende* legg ikkje skjul på at han er klar til å kjøpa dersom Stabell er villig til å selja (intervju, 26. april, 2010). Han har jamvel sysla med tanken om å blåsa nytt liv i *Os og Fanaposten*, for slik å by *Os og Fusaposten* konkurranse i lokalavismarknaden.

Vi har vurdert å utvida *Fanaposten* til også å omfatta Os, slik det var på 1950- og 60-talet. Det har også vore diskutert om *Bergens Tidende* skulle starta opp ei konkurrerande lokalavis i Os, men desse planane har vi skrinlagt. Eg trur ikkje det hadde vore populært om ei stor medieverksemド kom til Os for å skvisa ut lokalavisa der. Folk likar ikkje slikt, og då vinn ein heller ikkje lesarar. Men *Os og Fusaposten* er definitivt ei av avisene vi ynskjer å kjøpa dersom sjansen skulle by seg. (Terje Rasmussen, 2010)

## Kapittel 6:

### Utviklingstrekk i *Vestnytt* og *Os og Fusaposten* sine dekningsområde

Både Fjell, Sund og Øygarden har opplevd vekst i folketalet dei siste fire tiåra. Men det er Fjell kommune som har den mest dynamiske demografiske utviklinga. 11. desember 1971 la ferja mellom Sotra og Bergen ut på sin siste tur frå kaien på Brattholmen. Då opna nemleg Sotrabrua, og med dette vart kommunane Fjell og Sund, som altså ligg på Sotra, landfaste med Bergen. 25. mai 1972 kom så Kong Olav til Sotra for å opna bruva offisielt. (Kjelde: Fjellfilmen, 1979) Alle dei tre kommunane *Vestnytt* dekkjer, har naturleg nok hatt ein auke i folketalet etter at bruva kom. Men det er særleg i Fjell, som ligg nærmast Bergen, at ein ser store utslag på statistikken. I 1972 hadde Fjell kommune 7204 innbyggjarar. Ved inngangen til 2008 var folketalet ifølgje Statistisk Sentralbyrå oppe i 21207. ([www.ssb.no](http://www.ssb.no)) Til samanlikning ser vi at folketalet i Sund berre har gått frå 3078 til 5795 i same tidsrom, medan Øygarden har gått frå eit folketal på 2665 til 4178 i same periode. I Os kommune har folketalet auka frå 8415 til 16437 frå 1972 til 2009.

#### 6.1. Fjell

Fjell kommune er ein kommune bunden saman av 268 større og mindre øyar. Den største av øylene, Storesotra, bind også saman kommunane Fjell og Sund. Dette er i areal den desidert største av øylene, men det er på Litlesotra at folketalet har auka mest etter at Sotrabrua opna. Det heng saman med at det er denne øygruppa som ligg nærmast Bergen. I dag tek det eit kvarter å køyra frå Straume, der Sartor Storsenter ligg, og inn til Bergen sentrum. Det er med andre ord raskare å ta seg inn til Bergen frå Litlesotra enn kva tilfellet er frå til dømes bydelen Arna i Bergen. I dag er det oljerelatert industri som i stor grad pregar regionen. Men slik var det ikkje tidlegare, då jordbruk og fiske var viktigaste leveveg for strilen. Det som var av industri i Fjell før Sotrabrua opna, var i stor grad tufta på fisket. Sildolje- og sildemjølfabrikken i Knarrevik vart etablert i 1905, fiskehermetikkfabrikken på Kolltveit starta opp i 1912. Frå midten av 70-talet dreiv ein også med oppdrett av laks og hummar i kommunen. (Kjelde: Fjellfilmen, 1979) Men i 1973 starta Kystbasen på Ågotnes opp, og på 1990-talet sette ein også i gang med industri i det som skulle bli Straume Næringspark. I dag har meir enn 3000 menneske arbeidet sitt i og rundt desse to store industriområda. ([www.fjellkommune.no](http://www.fjellkommune.no))

Bokmålet har tradisjonelt stått sterkt på Litlesotra. Bokmål vart nytta i skulane i Fjell heilt fram til 1935, og Knarrevik, der Sotrabrua i dag bind saman Bergen og Sotra, var ein

av krinsane som stemte nei til innføring av nynorsk som skriftspråk i skulen. Den første krinsen som gjekk over til nynorsk som opplæringsmål i Fjell, var Tellnes krins. Dette skjedde etter ei krinsrøysting i 1919. (Grunnskulen i Fjell 250 år, 1988:11) I 1921 gjorde så skulestyret vedtak om at det skulle vera røysting om skulemålet i samtlege krinsar i kommunen, og etter dette gjekk også krinsane Landro og Fjell over til nynorsk. Ut over på 1930-talet vart nynorsk innført som skulemål i dei øvrige krinsane, anten bygdefolket ville det eller ikkje. Dei siste vedtaka vart fatta i 1934, og i denne runden vart resultata av krinsrøystingane sett til side. Krinsane Algrøy, Knappskog og Knarrevik vart pålagde å innføra nynorsk som skriftmål. Skriftelege protestar vart ikkje tekne til følgje, og frå 1. mai 1935 var det nynorsk i kvar einaste skulestove i kommunen. I 1988 gav Fjell kommune ut eit jubileumshefte i samband med markeringa av at skulen var 250 år. Her heiter det at engasjementet rundt krinsrøystingane var relativt lite i krinsane, men desto større i skulestyret. At målsaka var ei viktig sak for skulepolitikarane i Fjell, kjem klårt fram i følgjande vedtak frå skulestyret i 1934:

Det låg fyre vedtak frå telegrafinspektøren på bokmål. Skulestyret vedtok samrøystes at skrivet vert sendt attende med di ein vil gjera merksam på at Fjell hev kravt nynorsk og ventar å få alle skriv frå telegrafinspektøren på nynorsk. (Grunnskulen i Fjell 250 år, 1988:11)

I meir enn førti år rådde nynorsken språkgrunnen i Fjell kommune, men med Sotrabrua kom også innflyttarane frå Bergen. Dei gjorde raskt krav på bokmål som hovudmål i skulen, og etterkvart var det umogeleg for politikarane å koma utanom dette kravet. Knarrevik, Bjarøy og Foldnes var dei første skulane som fekk bokmålsklassar att i Fjell. Foldnes var det første store byggjefeltet som vart bygd ut i Fjell etter at Sotrabrua kom. I 1976 stod den nye skulen på Foldnes ferdig, og borna til dei nye innflyttarane frå Bergen utgjorde fleirtalet av elevane. Difor fekk bokmålet også sin plass ved skulen, noko også lokalavisa beit seg merke i.

Det var då skulen tok til etter sommarferien at det vart klårt at det vart bokmålsklasse ved skulen. I alt 16 personar vart innmeldte til bokmål, medan 11 vart innmeldt til nynorskklassen. Seinare har enno to elevar blitt tilmeldt bokmålsklassen. (*Sotra Nytt*, 29. september, 1976:3)

Men det skulle enno gå mange år før bokmål vart hovudmål ved skulen. Dette skjedde

etter ei krinsrøysting i 1987, og frå då av vart det slik at det var nynorskelevane på Foldnes som måtte søkja om å få undervisning på si målform. I dag har alle elevane ved Foldnes skule bokmål som målform. ([www.gsi.no](http://www.gsi.no)) Dette er også tilfellet ved store skular som Brattholmen, Liljevatnet og Hjelteryggen, alle lokaliserte på Litlesotra.

Tala frå Grunnskolens informasjonssystem (GSI) viser at jo lenger ut ein kjem på Sotra, jo betre held nynorsken stand som skulemål. Dette heng truleg saman med busetnadsmønsteret. I denne delen av Fjell har ein satsa på å etablera nye bustadfelt i eller rundt dei gamle grendene, og dette vert også reflektert i skulemålet. Tilflyttinga har også vore mindre her enn på Litlesotra. I krinsar som Ulveset, Knappskog, Kolltveit, Landro og Ågotnes, som dei seinare åra har opplevd ein viss folkevekst, finn ein at fleire av skulane er språkdelte om lag på midten. Tal *Vestnytt* har henta inn for skuleåret 2009/2010, viser ei slik prosentfordeling mellom bokmål og nynorsk i desse fem krinsane:

	Bokmål	Nynorsk
Ulveset	55	45
Ågotnes	57	43
Knappskog	52	48
Kolltveit	6	94
Landro	14	86

(Kjelde: *Vestnytt*, 4. februar, 2010:4)

Som vi ser, varierer desse tala noko frå krins til krins. I dei tre største krinsane, Knappskog, Ulveset og Ågotnes, ser vi ein svak overvekt av bokmålevar. Men går ein ti år attende, ser ein at skular som Ulveset og Ågotnes hadde eit klårt fleirtal av nynorskelevar (67 og 81 prosent), medan skulane Kolltveit, Knappskog og Landro berre hadde nynorskelevar. Tendensen er med andre ord at nynorsken tapar terreng, også i dei gamle grendene. GSI starta sine målingar av skulemålsprosenten i Noreg i 1992. Når det gjeld Sund og Øygarden, er dette uproblematisk. Her hadde nemleg alle elevane ved dei ulike skulane nynorsk som hovudmål då GSI starta målingane sine. Då er det verre med Fjell kommune. Her var bokmålet etablert som skulemål i fleire krinsar lenge før 1992. Først ute var Knarrevik krins. Her vart det gjennomført krinsrøysting så tidleg som i juni 1978. (Kjelde: Haldis Opheim, skulekontoret i Fjell kommune) Knarrevik krins hadde 193 røysteføre personar. Av dei som deltok i valet, røysta 86 for bokmål, medan 63 røysta for å halda på nynorsk som hovudmål ved Knarrevik skule. I 1982 gjennomførte ein krinsrøysting ved Bjørøy skule, og også her vart det fleirtal for bokmål som hovudmål. I mai 1987 følgde så Foldnes skule på, og også her var det bokmålet som trekte det lengste strået. Engasjementet i krinsen var likevel mindre enn det hadde vore i Knarrevik ni år tidlegare. Av 941

røysteføre i Foldnes krins var det berre 369 personar som deltok i valet. Av desse røysta 212 for bokmål som hovudmål.

## 6.2. Sund og Øygarden



Prosessanlegget på Kollsnes i Øygarden. (Arkivfoto: Vestnytt)

Når nynorsken står sterkare i Sund og Øygarden enn kva tilfellet er i Fjell, er færre tilflyttarar frå Bergen truleg hovudårsaka til dette. Men også i Sund og Øygarden ser ein at bokmålet styrkar sin posisjon for kvart år som går. Øygarden er ein relativt ung kommune, etablert i 1964 og samansett av øyar som tidlegare hørde til Herdla kommune og gamle Hjelme herad. Frå første dag i den nye kommunen vart nynorsk hovudmål i skulen og administrasjonsspråk i kommunen. Midt på 1980-talet starta arbeidet med å gje dei størsteøyane i kommunen fastlandssamband. Dette førte også til at Øygarden fekk vegsamband med Fjell. På denne tida vart også den store olje- og gassterminalen på Stura etablert, og nokre år etterpå stod også Statoil sitt prosessanlegg på Kollsnes ferdig. Øygarden har med andre ord to store arbeidsplassar. Dette fører også til arbeidstilflytting, noko som igjen truleg påverkar skolemålet. For sjølv om Øygarden var relativt isolert frå Sund og Fjell fram til 1986, så er bokmålsprosenten i skulen likevel høgare her enn i Sund. Kommunen sør på Sotra har ikkje opplevd det same industrieventyret som Øygarden. Sund er den fattigaste av dei tre kommunane i Region Vest og har slite med å etablera arbeidsplassar. Fiskeindustrien står sterkt i Sund, med relativt store anlegg for mottak og foredling av fisk både på Skaganeset og i Porsvika. Likevel er dette for småterri å rekna i høve til dei store industriverksemndene i Fjell og Øygarden. Sund vart nynorskkommune i 1919. (Almenningen og Lien, 1978:147) Administrasjonsspråket i kommunen er framleis nynorsk, og nærmere 87 prosent av elevane i grunnskulen har nynorsk som hovudmål.

### **6.3. Os kommune**

Os er ein av dei to kommunane *Os og Fusaposten* dekkjer, og kommunen har ei anna forhistorie enn Fjell, Sund og Øygarden. Kommunen er landfast med Bergen og hadde jernbanesamband med Bergen så tidleg som i 1894. Dette vart lagt ned i 1935 og erstatta med bussruter frå Bergen til Os. (Bjelland m.fl, ”*Det ligg ei bygd - Os kommune gjennom 150 år*”, 1987:27) Tradisjonelle næringsvegar i Os har vore hermetikk- og trelastindustri. Båtproduksjon er også noko kommunen er kjent for, ikkje minst grunna Oselvaren, trebåten som er kåra til Noregs nasjonalbåt. Tradisjonelt kom folk frå omlandet til Os både for å kjøpa båt og tømmer. Havstrilane var blant dei som handla med osingane. ”Skulle det byggiast, måtte han (havstrilen) inn til Os, Fusa eller Tysnes etter tømmeret”, heiter det i Harald Nordstrand si bok om havstilane. (Nordstrand, 1998:11) I dag er det i større grad handels- og servicenæringa som rår grunnen i Os. Med stadig betre infrastruktur har også tilflyttinga frå Bergen til Os auka, og i åra som kjem, vil dette truleg merkast i større grad enn i dag. Vegsambandet mellom Os og Bergen er i stadig utvikling, og i 2012 skal oppgraderinga av europaveg 39 mellom Svegatjørn i Os og Rådal i Bergen vera ferdig. (<http://www.vegvesen.no>) Dette er noko som vil korta ned reisetida mellom Bergen og Os monaleg og også gjera Os meir attraktiv som tilflyttingskommune. Nynorsken vart innført i grunnskulen i Os i åra 1907 til 1919, (Almenningen og Lien, 1978:147) og administrasjonsspråket i Os kommune er nynorsk. Tala for skuleåret 2008/2009 viser at 10,3 prosent av elevane i grunnskulen i Os valde bokmål. Førebelse tal for 2009/2010 tyder på at talet har auka til rundt 14,25 prosent bokmålselever for dette året.

(<http://www.wis.no/gsi/tallene>) Brorparten av bokmålselevane finn ein i Lysekloster Barnetun (78), og på Nore Neset skule (100). Tala for 2009/2010 viser at skulane i Os har 292 bokmålselever og 2048 nynorskelever fordelt på til saman elleve skular.

### **6.4. Statistikk over skolemåls- og folketalsutvikling**

#### **Skolemål målt i tal på elevar skuleåret 1992/1993**

	Fjell	Sund	Øygarden
Nynorsk	1811	767	462
Bokmål	511	0	0
Totalt	2322	767	462

#### **Skolemål målt i tal på elevar skuleåret 2000/2001**

	Fjell	Sund	Øygarden
Nynorsk	1610	767	586
Bokmål	1380	41	33
Totalt	2990	808	619

**Skulemål målt i tal på elevar skuleåret 2008/2009**

	Fjell	Sund	Øygarden
Nynorsk	1435	695	518
Bokmål	2018	106	111
Totalt	3453	801	629

**Skulemålet i prosent for skuleåret 1992/1993**

	Fjell	Sund	Øygarden
Nynorsk	78	100	100
Bokmål	22	0	0

**Skulemålet i prosent for skuleåret 2000/2001**

	Fjell	Sund	Øygarden
Nynorsk	53,9	94,9	94,7
Bokmål	46,1	5,1	5,3

**Skulemålet i prosent for skuleåret 2008/2009**

	Fjell	Sund	Øygarden
Nynorsk	41,5	86,8	82,4
Bokmål	58,5	13,2	17,6

*Tala er henta frå Grunnskolenes Informasjonssystem (GSI)*

Tala som kjem fram i denne statistikken, viser klårt og tydeleg at bokmålsprosenten i skulen stig i Fjell, Sund og Øygarden. Nynorsken er framleis størst som skulemål dersom ein ser regionen under eitt, men det er berre såvidt. Av eit totalt elevtal på 4883 i Fjell, Sund og Øygarden i skuleåret 2008/2009 er det 2235 som har bokmål som hovudmål. Dette utgjer ein prosentdel på 45,77. Går ein inn i talmaterialet frå GSI og ser på kommunar som Os, Lindås og Askøy, så er tendensen den same. No har rett nok bokmålet alltid stått sterkt på Askøy. Men særleg Os og Lindås er kommunar som det er nærliggjande for Fjell, Sund og Øygarden å samanlikna seg med. Desse to kommunane opplever auka tilflytting frå Bergen, noko som ser ut til å verta reflektert i skulemålet. For skuleåret 2008/2009 såg tala for Os og Lindås slik ut:

### **Skulemålet i prosent for skuleåret 2008/2009**

	<b>Os</b>	<b>Lindås</b>
Nynorsk	89,7	70,9
Bokmål	10,3	29,1

Går ein attende til 1992, viser tala frå GSI at ingen elevar i desse to kommunane hadde bokmål som hovudmål. Os ser førebels ut til å demma betre opp for bokmålspresset enn kva tilfellet er for Lindås. Begge kommunane har hatt ein jamn vekst i folketalet. Tek ein utgangspunkt i året 1972, då Sotra offisielt vart landfast med Bergen, ser ein at folkeveksten har vore raskare i Fjell enn i Lindås og Os frå 1972 og fram til i dag.

### **Folkevekst målt i tal på personar 1972 - 2009**

	<b>Lindås</b>	<b>Os</b>	<b>Fjell</b>
1972	7789	8415	7204
1980	10099	10598	10177
1990	11861	10598	14735
2000	12492	13896	18178
2009	14036	16437	21507

*Tala er henta frå Statistisk Sentralbyrå.*

I 1972 var Fjell kommune den minste av desse tre kommunane, målt i talet på innbyggjarar. I dag er kommunen den største av dei. Fjell har i mange år definert seg sjølv som ”vekstcommunen Fjell”, og veksten har skjedd gjennom stor tilflytting, primært frå Bergen. Som statistikken viser, så har dette også hatt ein innverknad på skulemålet i kommunen. Nabokommunane Sund og Øygarden opplever førebels ikkje at bokmålet tek over i same grad som det har gjort i Fjell. Dette heng truleg saman med at det er mindre tilflytting til desse kommunane, noko som igjen kan ha samanheng med geografisk avstand til Bergen. Kommunar som Os og Lindås opplever begge auka tilflytting frå Bergen, og i Lindås har altså meir enn 29 prosent av elevane i grunnskulen bokmål. Men folketalet i Os har i dei seinare åra auka raskare enn i Lindås, og kommunen har også fleire innbyggjarar. Os har auka folketalet med 5839 innbyggjarar sidan 1990, medan Fjell har auka folketalet med 6772 innbyggjarar. Folketalsutviklinga er med andre ord relativt lik. Så kvifor er det då så liten prosentdel av elevane i grunnskulen i Os som har bokmål som hovudmål samanlikna med grunnskulen i Fjell? Dette spørsmålet skal vi koma attende til seinare.

## Kapittel 7:

# Språkkulturelle påverknadsagentar

I dette kapitlet skal vi sjå nærmare på ulike aktørar som er viktige i dekningsområda til dei to avisene, og som på ulike måtar kan seiast å vera språkkulturelle påverknadsagentar. I sosiolingvistikken er sosial kontakt sett på som ein viktig føresetnad for språkendringar. Reisemønster, flyttemønster og samvær i arbeidstida er viktige faktorar. (jfr. Sandøy, 2002:233) Som Helge Sandøy peikar på, kan endringar i kva som fungerer som ei samfunns- og kultureining også få språklege følgjer, slik vi til dømes har sett på Sotra. Difor vil det høva å laga eit riss over korleis kultureiningane som avisene dekkjer, er sett saman, og å peika ut agentar som kan ha meir påverknadskraft enn andre.

### 7.1. Fjell kommune - industri og handel

Fjell kommune er etter mitt syn under eit monaleg kulturelt og språkleg press frå Bergen. Det er truleg mange innbyggjarar, særleg i dei bergensnære områda av kommunen, som primært definerer seg sjølve som bergensarar. Rådmann Steinar Nesse i Fjell er likevel tydeleg på at nynorsken skal styrkast som administrasjonsspråk i åra som kjem. ”Me skal halda nynorskfanen høgt i Fjell”, lovar rådmannen. (*Vestnytt*, 24. januar, 2009:3) Fjell kommune har meir enn 300 ulike lag og organisasjonar. Idrettslag, songkor, teaterlag, misjonsforeiningar, hagelag og mykje meir bind fjellsokningane saman.

([www.fjellkommune.no](http://www.fjellkommune.no)) Idrett engasjerer mange fjellsokningar, og det er fotballen som engasjerer mest. Sotra Sportsklubb (tidlegare IL Øygard, Foldnes Idrettslag og Brattholmen Basketballklubb) engasjerer aleine nærmere 1900 medlemmer, og dei fleste av desse er knytt til aldersbestemt fotball. Også Nest Sotra er ein stor aktør her, med rundt 1000 medlemmer, medan Nordre Fjell Allianse IL er minst av dei tre idrettslaga i kommunen med rundt 480 medlemmer. (Kjelde: Ivar Einarsen, nestleiar Fjell Idrettsråd) Felles for dei tre er at dei sender ut all informasjon til medlemmene sine på bokmål. Også heimesidene til idrettslaga er på bokmål. Kystbasen på Ågotnes er ei av drivkreftene i næringslivet i Fjell. I og rundt basen har 130 verksemder med 1600 årsverk etablert seg, dei fleste med tilknyting til olje- og gassproduksjonen i Nordsjøen. Av desse er 68 verksemder med rundt 900 tilsette etablerte inne på sjølve baseområdet. (<http://www.coastcenterbase.no/>) Også Kystbasen (CCB) kommuniserer ut all informasjon på bokmål, inkludert bedriftsavisa *Basenytt*. På Ågotnes ligg også kommunen sitt einaste hotell, ei samling brakker som har lite til felles med det ein vanlegvis definerer som eit hotell. På Straume ligg eit anna industriområde som i stor grad rettar seg mot oljeverksemda, Straume Næringspark, med rundt 1500 tilsette. (<http://vestnytt.no/nyheter/straume-naeringspark-vart-arets-bedrift/>.)

Tidlegare hadde regionen to radiostasjonar, *Kystradioen* og *Radio Sotra*, som dekka

lokalstoff. Begge nyttar nynorsk når noko skulle kommuniserast skriftleg, og lokale nyhende vart lesne på nynorsk. Men våren 2009 mista *Kystradioen* konsesjonen sin til fordel for rikskanalen *P4*. Bakgrunnen for dette var at *Kystradioen* i realiteten hadde konsesjon for Bergen, jamvel om innbyggjarane både på Sotra og i Øygarden såg på han som sin nærradio. *Radio Sotra* er derimot ein radiostasjon som har konsesjon for Sotra og Øygarden, jamvel om sendaren deira også rekk Lindås, Askøy og deler av Bergen. Radiostasjonen driv også nettstaden *Sotranett*. Her vert mellom anna lokale nyhende lagt ut på nynorsk. Redaktør Rolf Øvretveit har blitt heidra av Sotra Mållag for god nynorskbruk i radioen, og han er også sjef for Vestkystfestivalen, ein musikkfestival som vert arrangert i Fjell kommune kvar sommar. I tillegg driv han Sotra Kino, som kvar sundag viser barnefilm i kultursalen i rådhuset på Straume. Den største turistattraksjonen i kommunen er truleg Fjell festning, eit omfattande festningsverk frå andre verdskrig, i dag eit museum. Fjell festning er ein del av Museum Vest, som nyttar nynorsk i si marknadsføring.

## 7.2. Sartor vil - men vågar ikkje

Sartor Storsenter på Straume i Fjell har om lag 1200 arbeidsplassar og omsette i 2008 for rundt 1,75 milliardar kroner. (Samfunnsrapport Sartor Storsenter) Senteret påverkar med andre ord kvardagen til mange av innbyggjarane i regionen, både som handelstad og arbeidsplass. Senteret gjev også ut eiga annonseavis, *Sartoravisen*, samt eit påkosta magasin som har fått namnet *Stril* (sjå faksimile til



høgre). Til sistnemnde magasin vert det hyra inn reklamebyrå og fotograf frå Oslo. Medan *Sartoravisen* er ei annonseavis som tidvis er ispedd såkalla redaksjonelt stoff, er magasinet

*Stril* meir ei profilering av senteret knytt opp mot lokal identitet og kultur. Eigedomssjef Ernst Einarsen ved Sartor Storsenter gjev uttrykk for at valet av namnet *Stril* handlar om å gjera innbyggjarane i regionen stolte over å kunne kalla seg strilar. (Ernst Einarsen, intervju, 14. september 2009.) Historisk sett har stril-omgrepet hatt negative konnotasjonar, både for strilen sjølv og for bergensarane. Dette vil altså senterleiinga gjera noko med. Men førebels vil dei gjera det på bokmål. All kommunikasjon ut frå senteret, til dømes til offentlege kontor, skjer derimot på nynorsk. Ein samfunnsrapport som senteret la fram sommaren 2009, tok føre seg ringverknadane av kjøpesenteret si verksemd i regionen. Også denne rapporten vart skriven på nynorsk, noko som fekk Sotra Mållag til å heidra kjøpesenteret med ”Målblomen” under den årlege kulturfesten som mållaget arrangerer. Men kommunikasjonen ut til kundane skjer altså på bokmål. Senterleiar Marianne Nyborg vedgår at dette er noko av eit paradoks. Ho legg ikkje skjul på at (intervju 20. oktober 2009) dette handlar om å ikkje støyta frå seg kundar på innsida av bruia. For senteret si marknadsføring rettar seg like mykje mot Askøy og Bergen som mot innbyggjarane på Sotra og i Øygarden. Senteret har med andre ord definert språkpolitikken sin. Redsl for å støyta frå seg store kjøpargrupper, gjer at ein vel å kommunisera informasjon ut til kundane sine på bokmål, jamvel om ynsket om nynorsk er til stades. At *Sartoravisen* og *Stril* begge vert sendt ut som vedlegg i *Bergens Tidende*, vitnar om at ein ynskjer å nå langt utanfor Sotra og Øygarden sine grenser med marknadsføringa si. Senteret brukar også store summar på å annonsera i *Bergens Tidende*. Også *Vestnytt* og avisar *Askøyværingen* vert nytta som annonsemedium, men ikkje i same skala som *Bergens Tidende*.

### 7.3. Sund kommune - fisk og kultur

Periferifestivalen er ein musikkfestival som går av stabelen på Glesvær i Sund kommune i august månad. I 2009 vart den tredje festivalen på like mange år avvikla. Namnevalet gjev eit klårt og tydeleg signal om at festivalen går for seg eit godt stykke utanfor Bergen sentrum. Festivalen vert marknadsført på nynorsk og har på kort tid trekt til seg eit større publikum frå Bergen. Kvalitet og originalitet er stikkord som vert nytta om festivalen når pressa tek fram superlativa. Drivkraftene bak festivalen har røtene sine i Sund, men er også i større eller mindre grad forankra i kulturlivet i Bergen. Pressesjef Helga Golten har saman med Yvonne Algrøy frå Fjell hatt stor suksess på revyscenene i Bergen med kabareten ”Ally McStril”. Ho har også vore med på å driva fram Periferifestivalen frå starten av. Hausten



Skjermbilete frå heimesida til Periferifestivalen i Sund, 13. mai 2010

2009 fekk festivalen ”Målkipo” av Sotra Mållag. I takketalen trekte Helga Golten fram språk som ein viktig faktor for festivalen.

Språket er ein del av vår identitet og profil. Korleis vi uttrykker oss seier også noko om kva for ein type festival folk kan venta seg.  
(Helga Golten, *Vestnytt*,  
20. oktober 2009:7)

Handelsstaden Glesvær, som kvart år husar Periferifestivalen, er på mange måtar eit kulturminne. Men det er eit levande kulturminne. Utanom den årlege musikkfestivalen finn ein også rorbuer til utelege for turistar, ein kafé og eit lite kunstgalleri. Handelsstaden si historie går attende til 1600-talet, og dette veit ein å dra nytte av. Saman med Nordsjøfartmuseet er den gamle handelsstaden truleg den største turistattraksjonen i kommunen. Handelsstaden marknadsfører seg på tradisjon og kultur, og dei nyttar nynorsk både på heimesidene sine ([www.holmakaien.no](http://www.holmakaien.no)) og i anna marknadsføring. Nordsjøfartmuseet ligg i Telavåg, og det vart opna i april 1998. Nordsjøfartmuseet vert mykje vitja, både av turistar, skuleklassar og andre som vil læra meir om hendingane i Telavåg under andre verdskrig. For det er sjølvsagt krigshendingane i den vesle bygda som dannar ramma rundt museet. Museet marknadsfører seg på nynorsk. Sund kommune har også sitt eige handlesenter. Det ligg i Skogsskiftet, like ved grensa til Fjell kommune. I motsetnad til storebror i Fjell, så har ikkje dette senteret si eiga heimeside på Internett. Det er heller ikkje i nærleiken av storleiken til Sartor Storsenter. Dei fleste butikkane i Sund senter vel å marknadsföra seg på bokmål i lokalavisa, men nokre få vel også nynorsk når det skal annonserast. (Kjelde: Heidi Glesnes, annonsesjef i *Vestnytt*)

Sund kommune har også fire relativt store idrettslag. To av desse sender ut informasjon på bokmål (Telavåg IL og Sund IL), medan to av dei (FK Hald og Skogsvåg IL) vel å nyttar nynorsk i ymse skriv og på heimesidene sine. Til saman har desse fire idrettslaga litt over 1000 medlemmer. (Kjelde: Sølvi Schei, Sund Idrettsråd) For tida vert det jobba med ei samanslåing av desse idrettslaga, og leiar Sølvi Schei i Sund Idrettsråd seier i eit personleg intervju (2. november 2009) at ho meiner at eit eventuelt stor-idrettslag i Sund bør nyttar nynorsk som skriftspråk. Sund kommune var også heimkommunen til kysttrubaduren Johannes Kleppevik (1947 - 2001), og dette er noko sundsokningar flest er stolte av. Kleppevik var også ein av initiativtakarane til den årlege Torgdagen, der strilane dreg til Bergen og markerer kystkulturen. Tidlegare hadde kommunen også to hotell, Havtun og Marsteinen. I dag er begge lagt ned. Marsteinen Fjordhotell vart lagt ned så seint som i 2008, etter å ha blitt kjøpt av Den Kristelige Menighet, blant folk flest betre kjent som Smiths venner. Frikyrkja har planar om å byggja eit nytt hotell, Panorama Fjordhotell, medan det gamle hotellet no er gjort om til forsamlingshus for frikyrkja. Sund kan ikkje

skilta med dei store industriarbeidsplassane, slik ein kan i Fjell og Øygarden. Men kommunen har to store fiskeriverksemder, Sekkingstad AS og Sotra Fiskeindustri AS, som sysselset mange sundsokningar. Fiske er i det heile ein viktig næringsveg i Sund, slik han også er i Fjell og Øygarden.

#### 7.4. Øygarden - olje og gass


Øygarden er ein velståande kommune, og grunnen til dette er eigedomsskatt frå dei store olje- og gassinstallasjonane på Kollsnes og Stura. Reint politisk har Øygarden kommune i mange år vore prega av ein nord/sør-konflikt. Kommunen har sidan midten på 1990-talet vore styrt av ei bygdeliste (Tverrpolitisk Valliste for Øygarden, TVØ), som har solid fotfeste i den søre delen av kommunen. Bygdelista har med KrF som støtteparti sytt for at det meste av utvikling i kommunen skjer på Rong, som med tida er blitt det nye kommunesenteret i Øygarden. Rong ligg i søre Øygarden. For få år sidan heldt kommuneadministrasjonen til på Tjeldstø, som ligg nord i kommunen. No er også administrasjonen flytta til Rong. Her ligg også kommunen sitt handlesenter, Rong Senter. Dei siste åra kan det verka som nord/sør-debatten har dabba av, og at kommunen er i ferd med å leggja denne tida bak seg. Dei store olje- og gassinstallasjonane gjev sjølvsagt arbeid til mange, men dei trekkjer også til seg arbeidskraft frå andre kommunar. Men i ein språkleg samanheng har desse store arbeidsplassane lite å seia for folk flest, i alle fall i høve til kva som vert kommunisert ut skriftleg. Over tid er det likevel ikkje utenkjeleg at språket i kommunen vert påverka av tilflyttinga som slike store arbeidsplassar fører med seg. Kystmuseet er nok den viktigaste kulturinstitusjonen i Øygarden. Museet ligg på Oen, nord i kommunen, og det er kystkulturen i eit historisk perspektiv som er hovudtema ved museet. Kystmuseet nyttar nynorsk i marknadsføringa si. Saman med Nordsjøfartmuseet i Telavåg, kulturminnelaget i Fjell og sogelaga i Sund og Øygarden gjev også museet ut *Havstrilen*, som er ei kulturhistorisk årbok for Fjell, Sund og Øygarden ([www.havstrilen.no](http://www.havstrilen.no)). Nautnes Fiskevær og handelsstaden på Hellesøy er to av turistmagnetane i Øygarden. Kommunen har også sitt eige hotell i Blomvåg Fjordhotell, men konkursar og hyppige eigarskifte har ikkje gjort hotellet til ein kapasitet å rekna med i marknadsføringa av kommunen. Alle tre vel å marknadsføra seg på bokmål og engelsk. I Øygarden er det idrettslaget Rong og Skjergard som har størst oppslutnad. Begge desse idrettslagene nyttar nynorsk på heimesidene sine.



Symjehelten Alexander Dale Oen frå Øygarden vert aktivt brukt i marknadsføringa av Øygarden kommune, slik vi ser her på framsida av kommunen sitt «inspirasjonsmagasin» fra sommaren 2009.

## 7.5. Os - kultur og handtverk

Os kommune opplever ikkje den same nynorsklekkasjen som til dømes Fjell kommune. Os kommune har også ei anna kulturhistorie enn dei tre kommunane vest for Bergen. Somme meiner at det er ein samanheng mellom desse to faktorane, og det skal eg koma attende til seinare. Adminstrasjonsspråket til Os kommune er nynorsk, slik det også er i Fjell, Sund og Øygarden. Viktige kulturaktørar i kommunen nyttar også nynorsk som skriftspråk. Her kan ein nemna Oselvarverkstaden, Os Filmfestival, Osøren blues og jazzavis samt det internasjonale skulptursymposiet i Os. Dagleg leiar Åsmund Lien ved Oselvarverkstaden i Os meiner at grunnen til at ulike kulturinstitusjonar nyttar nynorsk, er tufta på etablerte haldningar og etablert praksis i kommunen. (intervju, 21.oktober 2009.) Og det er gjerne ein annan kulturhistorisk aura over Os enn kva tilfellet er med dei tre kommunane i Region Vest. Lyse kloster, eller Lysekloster som dei fleste vel å kalla det, er sjølv sagt viktig for Os i eit kulturhistorisk perspektiv, og det er med på å gje prestisje til området. Grunnlagt av britiske munkar så tidleg som i 1146, og i drift fram til 1546, riven av danskekongen tretti år seinare og brukt som bygningsmateriale på Kronborg slott i Danmark. Men ruinane etter klosteret står der framleis og vitnar om Os si fortid, og dei trekker årleg til seg mange turistar. På ei halvøy ute i Lysefjorden ligg også fiolinisten og komponisten Ole Bull sin praktfulle villa Lysøen, oppført i åra 1872 - 73, i dag eit museum, men også eit viktig symbol i høve til det å gjera



Faksimiler av brosjyrer for ulike kulturopplevelingar i Os.

osingen stolt over å vera osing. Os har idrettslag og songforeiningar med over hundre år gamle tradisjonar, oselvaren er kåra til Noregs nasjonalbåt, og som vi har sett, hadde kommunen også jernbanesamband med Bergen så tidleg som i 1894.

Osingane var ikkje rikfolk historisk sett. Brorparten av dei var leiglendingar. Lysekloster eigde tre fjerdedeler av gardane, men osingane var ikkje fiskarar i same grad som sotrastrilane. Dei var båtbyggjarar, og dermed mindre avhengige av handel med Bergen. Kystfolket sjølv var marknaden til osingane, og kystfiskarane kom til Os for å handla. (Åsmund Lien, intervju, 21. oktober 2009.)

Ved Bjørnefjorden ligg også Solstrand Fjordhotell, eit reise- og rekreasjonsmål for turistar både frå inn- og utland sidan 1929, og ein viktig arbeidsplass i Os. (<http://www.solstrand.com/>) Men jamvel om hotellet er breiddfullt av tradisjon og historie, så vel ein å marknadsföra seg på bokmål. Det gjer i stor grad også Os Turn og Fotball, idrettslaget som vart stifta i 1919, og som er det desidert største idrettslaget i Os. Det er med andre ord ikkje slik at alt og alle nyttar nynorsk i Os heller, men også her er det næringslivet som er den største nynorskbremsen. Så kvifor er det så vanskeleg å få næringslivet til å marknadsföra seg på nynorsk?

Eg trur ikkje dei veit svaret på det sjølv. Det er berre blitt slik. Næringslivet er bundne av store kjeder med sentralstyrte marknadsføringsapparat. Men eg ser at mindre aktørar her i Os nyttar nynorsk, til dømes tannlegen som held til i ”Tanngarden” i Os sentrum. (Åsmund Lien)

Næringslivet i Os er ikkje av same storleik som ein til dømes ser i Fjell og Øygarden. Os har ikkje dei store olje- og gassverksemdene. Men mange osingar jobbar i oljeindustrien, enten offshore eller på Kokstad og Sandsli i Bergen. Av lokale arbeidsplassar er Lyssand Vindusfabrikk, båtprodusenten Askeladden og Solstrand Fjordhotell dei største. Også Vestlandslefsa, ei tradisjonsrik verksemd som no er kjøpt opp av matvaregiganteren Toro, sysselset mange osingar. (Kjelde: kommunaldirektør Karl Ole Midtbø, Os kommune.) Alle desse marknadsfører produkta sine på bokmål. Tidlegare var matvarekjeda Drageseth Spar på lokale hender. Drageseth hadde 18 butikkar frå Florø til Bryne, som alle marknadsførte seg på nynorsk. Drageseth gav også ut magasinet *Matglede*, også dette på nynorsk. Men for nokre år sidan vart Drageseth sold til Norgesgruppen, og dermed var det attende til bokmålet. Tidlegare hadde kommunen både hermetikk- og møbelindustri, men dette er det no slutt på. Fiske og landbruk er også noko som tradisjonelt har vore næringsveg for mange osingar.

Eg likar å kalla Os for ei handverksbygd. Mykje av næringslivet i Os er tufta på tradisjon. Difor er det bittert at ei verksemد som Vestlandslefsa vart sold til Toro. Dette var ei lita verksemد som starta i ein kjellar, flytta vidare ut i ein garasje før ho endeleg fekk sine eigne produksjonslokale. Eg hadde gjerne sett at verksemda framleis hadde lokal eigarskap, jamvel om produksjonen framleis går føre seg i Os. (Karl Ole Midtbø, intervju, 6. april, 2010.)

Reidunn Hernes har skrive ei doktorgradsoppgåve om talemålsendringar i Os. Ho meiner lokalavis, organisasjonsliv og festivalar ”er med å gje osingar eit medvit om å tilhøyra ei sosial og kulturell eining som skil seg frå andre sosiale og kulturelle einingar”. (Hernes, 2006:125) Ho meiner osingar har eit ambivalent forhold til Bergen.

Informantane mine er på den eine sida opptekne av å framheva som ein stor fordel at kulturelle tilbod i Bergen er så lett tilgjengelege når ein bur i Os, på den andre sida peikar mange av dei på at dei på ingen måte ønskjer å bli oppfatta som bergensarar. (Reidunn Hernes, 2006:125)

## 7.6. Kulturen vel nynorsk, næringslivet vel bokmål

Lat oss freista å setja dei ulike påverknadsagentane vi har møtt, inn i ein meir analytisk samanheng. I intervjugprosjektet Norsk Monitor (NM) har meiningsmålingsinstituttet MMI annakvart år sidan 1985 undersøkt verdivurderingane til vaksne nordmenn. Mangfaldet av spørsmål er stort. Eitt av spørsmåla informantane skal svara på, er om dei føretrekker å lesa nynorsk eller bokmål. (Ottar Hellevik, ”*Nynorskbrukaren - kven er han?*”, 2001:117.) I denne delen av undersøkinga er det altså lesevaner som dannar utgangspunktet. Men i undersøkinga avteiknar det seg også ei rekkje andre interessante mønster i høve til det å kartleggja nynorskbrukaren. Her kjem det mellom anna fram at nynorsken si stilling i regionen, målform i lokalmiljøet og målform i grunnskulen er viktige element for eigne språkval. I intervjuet vert det også stilt 70 spørsmål som omhandlar verdisyn. Ut frå dette vert det så laga ein verditabell. Dette er ein modell som kan vera fruktbar å setja våre data inn i. Det er Ottar Hellevik som har utvikla modellen i arbeidet med Norsk Monitor. I modellen skil han mellom eit *moderne* og *tradisjonelt* verdisyn, og han dreg også ei skiljeline mellom eit *materialistisk* og *idealistic* verdisyn. I verdimodellen er det også ein tredje dimensjon, der ytterpunktet er *radikal* versus *konservativ* verdivurdering, men denne kjem eg ikkje til å nytta. Grunnen til det er at desse måleiningane i større grad rettar seg mot einskildpersonar enn mot verksemder, lag og organisasjonar. Hellevik definerer desse seks målepunkta slik:

*Moderne* - er tolerante for mangfald, har risikovilje.

*Tradisjonell* - legg vekt på tryggleik, tradisjonelle dydar og institusjonar.

*Materialistisk* - legg vekt på det ytre, både i tydinga materielle vilkår og omgjevnadene sine meininger. Opptekne av egedelar, forbruk og økonomisk vekst, set eigne behov framfor omsynet til andre.

*Idealistisk* - lyttar til si indre stemme, legg vekt på åndelege verdiar og skapande verksemnd. Opptekene av nærliek, omsorg, miljø og helse.

*Konservativ* - konformitet, status og begeistring for ny teknologi, ynske om ulikskap og private løysingar i samfunnet, legg vekt på økonomisk vekst.

*Radikal* - toleranse, individualitet, antiautoritet og likestilling, ynske om likskap og offentlege løysingar, legg vekt på miljøspørsmål.

(Hellevik, 2001:120.)

Innafor rammene til denne verdimodellen finn Hellevik flest nynorskbrukarar med eit tradisjonelt, idealistisk og radikalt verdisyn, medan han finn færrest nynorskbrukarar med eit moderne, materialistisk og konservativt verdisyn. Måleeiningane *radikalt* og *konservativt* kan likevel ikkje knytast direkte til radikale eller konservative politiske haldningar. Målinga viser til dømes at ein finn flest nynorskbrukarar blant dei som seier dei vil stemma på Senterpartiet (24 prosent), Venstre (19 prosent) og Kristeleg Folkeparti (18 prosent). Både Arbeidarpartiet, Frp og Høgre ligg under snittet på ni prosent, medan SV ligg på snittet. (Hellevik, 2001:123) Catharina Nyström Höög nyttar ein liknande modell i si undersøking om svenske importord (Nyström Höög, 2005:41), og heller ikkje ho har med dimensjonen *konservativ - radikal*. Ut frå denne gjennomgangen får vi denne plasseringa av påverknadsagentane i Region Vest (sjå neste side):

<b>Region Vest</b>	<b>Nynorsk</b>	<b>Bokmål</b>	<b>Moderne</b>	<b>Tradisjonell</b>	<b>Materialistisk</b>	<b>Idealistisk</b>
Sartor Senter		x	x		x	
CCB		x	x		x	
Radio Sotra	x		x			x
Rong IL	x		x			x
Skjergard IL	x		x			x
Nest Sotra IL		x	x			x
Nordre Fjell IL		x	x			x
Sotra SK		x	x			x
Vestkystfestivalen	x			x		x
Periferifestivalen	x		x			x
Sartoravisen		x	x		x	
Glesvær Handelsstad	x			x	x	
FK Hald	x		x			x
Skogsvåg IL	x		x			x
Telavåg IL		x	x			x
Sund IL		x	x			x
Kystmuseet i Øygarden	x			x		x
Nordsjøfartmuseet	x			x		x
Fjell festning	x			x		x
Sekkingstad AS		x	x		x	
Sotra Fiskeindustri AS		x	x		x	
Nautnes Fiskevær		x		x	x	
Blomvåg Fjordhotell		x	x		x	
Ågotnes Hotell		x	x		x	
Sund Senter		x	x		x	
Rong Senter		x	x		x	

*Tabell 1: Viser eit utval av språkkulturelle påverknadsagentar i Region Vest.*

Det er ikkje alt som passar like godt inn i ein slik modell. Skal ein til dømes vurdera idrettslag som moderne eller tradisjonelle? På eitt plan representerer dei tradisjonelle verdiar, på eit anna plan er dette moderne organisasjonar med både risikovilje og toleranse for mangfold. Ut frå ei heilskapleg vurdering, vel eg å kalla dei moderne. Eit anna spørsmål er om ulike kulturfestivalar skal definerast som materialistiske eller idealistiske. På eitt plan er dei drivne fram av idealisme, på eit anna plan er håpet om økonomisk overskot noko av drivkrafta i ein festival. Eg meiner likevel at hovuddrivkrafta er idealisme, og at dei fleste festivalar får hjula til å gå rundt ved å knyta til seg ei rekke frivillige medarbeidarar. Som vi ser, er det dei færreste som kun høyrer heime i den eine eller den andre båsen i ein slik modell. Hellevik nyttar då også ein såkalla kross-modell, som i større grad fangar opp nyansane enn ein gjer i skjemamodellen eg har nytta. Når eg likevel nyttar skjemamodellen, heng dette saman med at eg har for få målepunkt til å nyttar Hellevik sin modell fullt ut. Målet mitt er å visa ein tendens, og ved å bruka denne modellen ser vi at det også i Region Vest og Os er dei tradisjonelle idealistane som skårar høgast på nynorskbruk, medan dei moderne materialistane skårar lågast. Tendensen viser med andre ord mykje det same som i Hellevik sin presentasjon. Næringslivet nyttar i liten grad nynorsk, medan kulturlivet

i større grad nyttar nynorsk. Næringsliv som rettar seg mot turisme, og som nyttar lokal tradisjon som ein del av marknadsføringa si, nyttar i noko grad nynorsk. Eit døme på dette er Handelsstaden Glesvær i Sund. Men i stor grad marknadsfører også desse verksemndene seg på bokmål. Nautnes Fiskevær i Øygarden og Solstrand Fjordhotell i Os er begge døme på dette.

Os kommune	Nynorsk	Bokmål	Moderne	Tradisjonell	Materialistisk	Idealistisk
Osøren blues- og jazzfestival	x		x			x
Oselvarverkstaden	x			x		x
Os Skulptursymposium	x			x		x
Os Turn og fotball	x	x	x			x
Askeladden AS		x	x		x	
Solstrand Fjordhotell		x	x		x	
Lyssand Vindusfabrikk		x	x		x	
Vestlandslefsa		x	x		x	
Midtsiden (nettavis)	x		x		x	
Radio Os		x	x		x	
Os Turlag	x		x			x

Tabell 2: Viser eit utval språkkulturelle påverknadsagentar i Os.

Som eg tidlegare har vore inne på, har eg ikkje teke med lokalavisene *Vestnytt* og *Os og Fusaposten* i dei to skjemaa. Men etter mi meining har avis i Os ein høgare grad av idealisme i sin avisfilosofi enn avis i Region Vest. Dette grunngjev eg ut frå tre faktorar. Den eine er at avis er ei nynorskavis, dei to andre faktorane er at *Os og Fusaposten* ikkje driv aktivt abonnementssal og at avis heller ikkje har si eiga nettavis (sjå kapittel 3). Ein kan sjølv sagt argumentera med at alle desse faktorane like godt kan vera ein del av avis sin marknadsstrategi. Dette gjer seg særleg gjeldande i høve til spørsmålet om nettavis, der redaktør Christian Stabell argumenterer med at han ikkje trur dette er økonomisk forsvarleg å satsa på. Men han meiner også dette ikkje er noko avis skal bruka menneskelege ressursar på å produsera. Vi skal seinare sjå at *Os og Fusaposten* har høgare dekningsgrad i sin region enn kva tilfellet er med avis *Vestnytt* (Kapittel 10). Men om dette er eit resultat av ein vellukka marknadsstrategi frå *Os og Fusaposten* si side, så vil eg likevel hevda at det er ein strategi med ein høg grad av idealisme i seg.

## 7.7. Butikk er butikk

Business Region Bergen AS (BRB) er eit samhandlingsorgan som har som mål å marknadsföra bergensregionen som etablerings- og investeringsobjekt for næringslivet. Eigarkommunane er Fjell, Sund, Øygarden, Os, Fusa, Austevoll, Stord, Askøy, Samnanger, Vaksdal og Bergen.

Regionrådet for Nordhordland IKS og Hordaland Fylkeskommune er også inne på eigarsida i selskapet. (<http://www.brb.no>) Elleve av dei tretten eigarane har nynorsk som

administrasjonsspråk, medan to av dei (Askøy og Bergen) er språknøytrale. Likevel rår bokmålet grunnen aleine når BRB marknadsfører seg og sine eigarar. Kommunikasjonssjef Tone Hartvedt i BRB seier at selskapet har som mål å bruka både nynorsk og bokmål, men at dette førebels er på tankestadiet. (Intervju, 6. april, 2010.) Ho meiner at dei som aksjeselskap ikkje er bundne av målpolitikken til dei ulike eigarane og seier at eigarane heller ikkje har klaga på val av målform i selskapet.

Men vi har fått klager frå innbyggjarar i dei ulike eigarkommunane rundt Bergen. Dei likar dårlig at vi berre nyttar bokmål, og vi har som mål å endra språkpolitikken i selskapet. Førebels har vi ikkje hatt kapasitet til dette, men vi er ikkje nøgde med situasjonen slik han er no. Eg har dårlig samvit for at vi ikkje har gjort meir for å gjera nynorsk til ein del av selskapet sin språkprofil. (Tone Hartvedt.)

Noko av kritikken Hartvedt viser til, kom til syne i *Bergens Tidende* i oktober 2009. Avisa tok då opp BRB sin språkpolitikk, etter at askøyværingen Erlend Rummelhoff Bakke hadde refsa selskapet sin språkpraksis. (*Bergens Tidende*, 15. oktober, 2009:11) Verken styreformann Herman Friile, dagleg leiar Asbjørn Algrøy eller fylkesordførar Torill Selsvold Nyborg ville då meina noko om dette spørsmålet. Medan Nyborg meinte dette fekk bli ei styresak, meinte styreformannen at dette var eit administrativt spørsmål. Dagleg leiar hadde på si side ”inga oppfatning om dette”. Det hadde derimot leiar Sylfest Lomheim i Språkrådet. Han uttalte til *Bergens Tidende* at eit selskap med BRB sin eigarstruktur må nyta nynorsk.

Private kan sjølv sagt gjere som dei ønskjer, men i offentleg eigde selskap og institusjonar er det reglar. Når nynorske kommunar og aktørar går saman om eit selskap, må administrasjonsspråket sjølv sagt bli nynorsk. Eigarane må kjenne sitt ansvar. (Sylfest Lomheim i *Bergens Tidende*, 15. oktober, 2009:11)

Men som vi såg med Sartor Storsenter, så slit også BRB med redsle for at mottakar vil reagera negativt på ein bodskap som vert formidla på nynorsk. Tone Hartvedt tvilar på at selskapet kjem til å marknadsføra regionen på nynorsk dersom dei til dømes rettar seg mot næringslivet på austlandet. BRB er heller ikkje eit selskap som tuftar marknadsføringa av regionen på kulturhistorisk grunn. Det er framtidas investeringsobjekt som skal seljast inn, og i eit slikt perspektiv er Hartvedt usikker på om det tener regionen å nyta nynorsk.

## Kapittel 8:

# Språkval og språkhaldningar blant journalistane i Vestnytt

I dette kapitlet skal eg presentera resultata frå intervjurunden med journalistane i avisa *Vestnytt*. Avisa har sju journalistar som jobbar i avisa på heiltid. I tillegg nyttar avisa seg tidvis av frilansjournalistar. Eg har berre snakka med dei fast tilsette journalistane. Som vi har sett, er *Vestnytt* ei språkdelt avis, medan *Os og Fusaposten* er ei rein nynorskavis. Difor vil det vera noko variasjon i spørsmåla eg har stilt journalistane i dei to avisene (sjå intervjuguide, vedlegg 1). Dermed vert det også noko variasjon i oppbygginga av dei to kapitla der eg presenterer svara frå journalistane i dei respektive avisene. Men i hovudsak har eg nyttat dei same spørsmåla i begge avisene. Som i alle kvalitative intervju, vert intervjuguiden langt på veg ei ramme rundt ein samtale som i einskilde tilfelle kjem til å handla om meir enn det spørsmåla legg opp til. Somme av intervjeta tok difor relativt lang tid, medan andre i større eller mindre grad heldt seg til dei faste spørsmåla. Fleire av journalistane gav uttrykk for at dei gjerne ville sjå spørsmåla på førehand, eventuelt få dei på e-post, slik at dei kunne senda meg svara. Dette fekk dei ikkje høve til, då eg ikkje ville at dei skulle få tid til å tenka ut politisk korrekte svar. Eg valde også å snakka med desse journalistane først, slik at dei ikkje fekk høve til å sjekka med dei andre journalistane kva dei hadde svara.

Av dei sju som er fast tilsett, nyttar fem av dei nynorsk som skriftspråk i avisa. Som vi har sett, så er målform valfritt i avisa. Redaktør Elisabeth Netland seier at ho i utgangspunktet ikkje vil leggja restriksjonar på dette, men at ho har ei målsetting om ei avis der bokmålet og nynorsken er likt fordelt. I desember 2009 låg nynorskprosenten på 56,3 i avisa, men i denne målinga er lesarbrev inkludert (sjå kapittel 4). Seks av dei sju journalistane i *Vestnytt* er mellom 30 og 37 år gamle, og like mange har høgskule- eller universitetsutdanning. Somme av dei har begge delar. To av journalistane har journalistutdanning frå Mediehøgskolen Gimlekollen i Kristiansand, medan to av journalistane har teke journalistutdanninga si ved høgskulen i Volda. Ein av journalistane har lærarutdanning, medan den siste med høgare utdanning har ulike medie- og språkfag frå høgskule og universitet. Ein av journalistane har berre vidaregåande skule, men er samstundes den av journalistane som har lengst avispraksis.

Kjønnsfordelinga i avisa sin redaksjonen er relativt lik, med tre kvinner og fire menn. Ein mann og ei kvinne nyttar bokmål som målform i avisa, og blant journalistane er det berre

ein som ikkje har tidlegare arbeidsrøynsle frå nynorskavisar. Seks av dei sju journalistane hadde nynorsk som hovudmål i grunnskulen, og voks opp i vestlandsbygder der nynorsken står sterkt. Ingen av journalistane voks opp på Sotra eller i Øygarden, men to av dei er i dag busett i høvesvis Fjell kommune og Øygarden kommune. Dei øvrige fem bur i Bergen kommune. Tre av journalistane har jobba i avisar i meir enn fem år, medan fire av dei har kortare fartstid i *Vestnytt*.

Tre av journalistane har hovudansvaret for kvar sin kommune i regionen avisar dekkjer. Fjell kommune vert dekka av to journalistar, all den tid denne kommunen i folketal er større enn Øygarden og Sund til saman. I tillegg har avisar ein journalist som har hovudansvaret for krim- og kultursaker, medan ein journalist har sport som sitt dekningsområde. Utanom dette har ein altså redaktören, som grunna leiaransvaret skriv færre saker enn dei andre journalistane. Som eg alt har vore inne på, rommar svara eg har henta inn, tidvis meir enn spørsmåla inviterer til. I den grad desse svara har relevans for oppgåva, vert dei tekne med. Eg har freista å følgja kronologien i intervjuguiden, men eg har til ein viss grad funne det naudsynt å rokera på denne rekkjefølga. Eg har nytta ei rekkje sitat, men eg har valt å anonymisera informantane. I sitata vert journalistane berre refererte til med alder og kjønn. Ved utstrekkt bruk av sitat føler eg at vi kjem tettare innpå informantane, samstundes som vi i større grad ser nyansane i svara deira.

### 8.1. Føremål og lesargrupper

Kven er lesargruppene for lokalavisa? Dette var eitt av spørsmåla som eg stilte for å finna ut korleis journalistane opplever regionen dei dekkjer. Svara eg fekk varierte noko. Men eitt svar som går att, er at journalistane meiner at den største lesargruppa for avisar er vaksne folk med lokal forankring.

Eg vil tru at det er vaksne snarare enn unge som avisar, og at vi har fleire lesarar i dei gamle bygdene enn vi til dømes har på Hjelteryggen. Dei som har røtene sine her ute, er nok den største lesargruppa vår. Vi ynskjer å nå både bymann og stril, men eg trur som sagt at vi når strilen i større grad enn byfolka. Vi har også eit ynskje om å nå ungdomen, men eg veit ikkje heilt om vi lukkast med det.

(Kvinne, 33.)

To av journalistane trur at *Vestnytt* er ei avis som dekkjer breiare enn dette, og at lesarane er jamt fordelte alders- og kjønnsmessig. Men begge er usikre på kor godt dei eigentleg når fram til innflyttarane i dei tre kommunane. Samtlege av dei spurde gjev uttrykk for

at ynsket om å nå ungdomen, truleg er større enn evna til å gjera dette. Dette kjem også fram når journalistane vert bedne om å reflektera over om det er særlege segment eller lesargrupper dei freistar å nå. Her opplever dei fleste at avisa har ei klår målsetting om å nå barn og unge, men at ein ikkje set inn ressursar på å nå dette målet.

Aldersmessig er det nok dei middelaldrande som er den største lesargruppa. Vi prøver å satse på yngre lesarar, ikkje minst gjennom sports- og kulturstoff. Tidlegare hadde vi ein fast plan for ”ungsporten”, men dette er meir tilfeldig no. Men eg trur nok at det helst er dei middelaldrande vi når, utan at dette er eit medvite val frå avisa si side. (Mann, 35.)

Fleire av journalistane meiner at avisa ikkje har klårt prioriterte mål i høve til kva lesargrupper dei ynskjer å nå. Redaktør Elisabeth Netland meiner at avisa skal vera ei avis for alt og alle, og at dette også må vera *Vestnytt* sitt overordna mål. Men blant dei øvrige journalistane opplever ein at politikk, samferdsle og reguleringssaker får høg prioritet, medan stoff som rettar seg særleg mot barn og unge vert meir tilfeldig valt. Ingen av journalistane meiner at avisa har ein strategisk plan for å nå innflyttarar til regionen, men fire av journalistane opplever at meir bokmål i avisa er eit frieri til desse lesargruppene.

Ingen av journalistane trekkjer fram avisa som ein formidlar av språk og språkhaldninga når dei vert bedne om å reflektera over kva dei meiner er avisa sin viktigaste funksjon. Kun ein av journalistane meiner at styrking av kulturell identitet i regionen er ein av avisa sine hovudfunksjonar. Her vil eg leggja til at journalistane seinare fekk direkte spørsmål både om avisa sin funksjon som språkformidlar og om avisa skal vera med på å skapa identitetskjensle i regionen. Svara eg fekk skal eg koma attende til seinare i dette kapitlet. Samtlege av journalistane meiner at avisa skal vera eit nyhende- og debattforum. Her er nokre av svara som gjekk att hos dei fleste i høve til spørsmålet om kva journalistane meiner avisa skal vera og kva ho skal gjera for lesarane sine:

- setja søkelys på aktuelle saker i regionen
- setja dagsorden
- speglar lokalsamfunnet
- informera og engasjera
- vera ei ”vaktbikkje” i høve til kommuneadministrasjon og politikarar i Fjell, Sund og Øygarden

Journalistane i *Vestnytt* meiner utan unntak at dei gjer ein god jobb som vaktbikkje overfor politikarar og byråkratar i regionen. Dei føler seg trygge på at dei forstår dei politiske prosessane godt, og at det er vanskeleg for dei som styrer regionen å unndra seg offentleg innsyn i viktige saker. Journalistane meiner dei har god og viktig kunnskap om eigne rettar, til dømes når det gjeld nettopp offentleg innsyn, og at dei slik er med på å setja sokelys på dei viktige sakene i regionen. Men dei meiner også at ein som journalist kan bli så oppslukt av politiske prosessar og byråkratiske formuleringar og tenkemåtar at ein distanserer seg frå lesaren. Redsla for at lesarane skal oppleva dei som eit ”mikrofonstativ” for makta, stikk også djupt hos dei fleste av VN-journalistane.

## 8.2. Delt syn på dekningsområdet

Samtlege av journalistane i *Vestnytt* er samde om at området avisa dekkjer, er klårt geografisk definert. *Vestnytt* er primært ei avis for folk som bur i Fjell, Sund og Øygarden. Avisa dekkjer ikkje saker som skjer utanfor dette området, med mindre det påverkar regionen eller dagleglivet for folk i regionen som avisa dekkjer. Alle journalistane meiner at dei dekkjer ein region i endring og utvikling. Men på spørsmålet om det er store variasjonar innanfor avisas sitt dekningsområde, er svara høgst ulike. Redaktør Elisabeth Netland er blant dei som meiner at avisas homogen lesargruppe, med ubetydeleg variasjon mellom sentrum og periferi. Ho får delvis støtte av to av journalistane, som begge meiner at dei tradisjonelle kulturskilnadane i regionen er i ferd med å forsvinna.

Både innbyggjarane og dei ulike områda dei bur i, blir meir og meir einsarta. Straume er kraftsenteret som mykje av det som skjer i regionen blir trekt mot. Dei tradisjonelle skilnadane mellom bygdene er i ferd med å bli viska ut. Bygdeidentiteten er også svekka av all tilflyttinga. (Mann, 35.)

Fleirtalet av journalistane opplever likevel av det framleis er store skilnader frå kommune til kommune, og at det er store kulturskilnader innad i befolkninga. Dette meiner dei mellom anna vert reflektert i at den tradisjonelle striledialekta framleis er i bruk når ein kjem til utkantane av avisas sitt dekningsområde, medan han i realiteten er forsvunnen frå Litlestrøma. Samstundes er dei samde om at bygdeidentiteten ikkje har styrka seg med åra, noko som mellom anna gjev seg utslag i at færre vel nynorsk som hovudmål i grunnskulen. Likevel opplever dei at det framleis er stor skilnad mellom det urbane Litlestrøma, og dei meir tradisjonsbundne bygdene i Sund, Øygarden og delar av Fjell kommune.

Variasjonen er stor. Det er store kulturskilnader mellom Litlestrøma og nordre Øygarden. På Litlestrøma er det til dømes mange som ser på seg sjølve som bergensarar. Det er det dei færraste som gjer i

til dømes Sund og Øygarden. Vi har også variasjon i storleiken på dei tre kommunane, samt problematikk som fattige (Sund) og rike (Øygarden) kommunar. Vi har skular i Fjell med 400 elevar, og vi har skular i Sund med 36 elevar. I *Vestnytt* har vi også presentert statistikk som viser at utdanningsnivået i snitt er lågare i Sund enn i Fjell, og at både nynorsken og striledialekta står langt sterkare i periferi enn i sentrum. (Kvinne, 37.)

Det er med andre ord stor skilnad i korleis journalistane opplever regionen avisa dekkjer, kor einsarta dei meiner han eigentleg er, og korleis dei meiner at innbyggjarane i regionen definerer seg sjølv.

Innad i regionen vi dekkjer, har vi innbyggjarar som opplever seg sjølve som bergensarar, medan vi har andre som klårt definerer seg som fjellsokningar, sundsokningar eller øygardsværingar. Tradisjon kontra urbane innflyttarar, ung kontra gamal. Dette er nokre av skilnadane i regionen vår. (Kvinne 35.)

Vi ser at journalistane i *Vestnytt* ikkje har eit sams syn på regionen dei dekkjer. Av dette kan ein slutta at ein i avisa ikkje har reflektert noko særleg over kva som definerer denne regionen. Dette er då også eit gjennomgåande svar frå journalistane på dette spørsmålet. Kun ein av journalistane kan minnast at ein i plenum har diskutert og analysert regionen avisa dekkjer. Fleire av journalistane meiner at dei likevel er medvitne på kva som definerer regionen, og at det heile tida er noko dei har med seg når dei skriv. Fire av journalistane meiner at ein burde hatt ein diskusjon om dette i avisa. Dette er dei same journalistane som meiner at det er store variasjonar innanfor avisa sitt dekningsområde.

### **8.3. Lokalavisa som møtestad**

Journalistane i *Vestnytt* meiner lokalavisa utgjer ein samlande faktor for innbyggjarane i Fjell, Sund og Øygarden. Dei opplever at avisa skapar identitetskjensle, og at leesarane gjennom lokalavisa også får kunnskap om dei delane av regionen som dei i utgangspunktet ikkje er knytt til.

Eg meiner vi har ein viktig funksjon her, ikkje minst når det gjeld å skapa ei kjensle blant leesarane av at vi har ein felles kultur og eit felles mål i regionen. Vi informerer tungt om viktige planar for regionen, til dømes den planlagde kystbyen på Straume (i Fjell). Folk føler at vi tek dei med på det som skjer, at vi er saman om dette, og det trur eg styrkar folk si kjensle av å høyra til her ute. (Mann, 37.)

Men også her er det ulikt syn på korleis journalistane ser på avisa og den rolla ho speler i regionen ho representerer. Dei journalistane som meiner at det er små skilnadar innad i regionen, meiner også at avisa er med på å synleggjera at regionen er ei eining med felles mål og felles utviklingstrekk. Dette er journalistar som har Fjell kommune som sitt hovudfelt, og som jobbar mykje med stoff som omhandlar samferdsle, politikk og industri. Desse jobbar i liten grad med kulturrelaterte saker. På den andre sida har ein journalistane som arbeider med slike saker. To av desse journalistane har også ansvaret for tyngre saksfelt, som til dømes politikk og næringslivssaker, men har generelt eit meir allsidig saksansvar. Dei meiner at dette er noko som gjer at dei i større grad får direkte kontakt med lesarane sine, og at dei difor også har ei sterkare kjensle av kulturskilnadane som pregar regionen. To av dei meiner at det framleis er faktorar som gjer at einskilde bygder har sitt definitive sær preg, og at dette dermed er noko som skil dei frå andre bygder. Dei meiner det er store kulturskilnader på bygder som til dømes Glesvær i Sund, Tjeldstø i Øygarden og Foldnes i Fjell, og at dette kjem til uttrykk blant innbyggjarane i desse bygdene både i ulike haldningar til saker som omhandlar regionen, ulik dialekt og ulikt syn på eigen identitet. Desse to journalistane meiner at avisa i for liten grad let breidda i samfunnet dei skal spegla koma til uttrykk, at avisa dermed er for snever, og at for mange saker handlar om politikk.

Ser ein på det som rører seg i eit samfunn, så vil ein sjå at det meste handlar om politikk på eitt eller anna plan. Men det desse to journalistane er kritiske til, er at avisa brukar mykje tid og plass på å formidla ulike politiske møte, og at ein i mindre grad er ute og snakkar med innbyggjarar som opplever korleis politiske vedtak påverkar kvardagen deira i praksis. Her er nokre utdrag av svara journalistane gav i samband med spørsmålet om avisa si rolle som samhaldsskapande faktor i Fjell, Sund og Øygarden:

- Det som står i avisa, er noko folk snakkar om, og slik sett er vi ein samlande og identitetsskapande faktor i lokalmiljøet.
- Vi har eit mål om å vera ein samlande faktor, men vi har ingen strategi.
- Eg føler ikkje at vi i tilstrekkeleg grad inkluderer breidda i samfunnet i avisa vår. Vi vert litt snevre, mykje politikk.
- Avisa vert ein fellesnemnar for mange, på tvers av bygde- og kommunegrenser. Men vi slit med å få med oss innflyttarane.
- Alle som les avisa, har ei felles oppleving av det som skjer i regionen. Det skapar samhald.
- Vi må vera varsame så vi ikkje skapar avstand snarare enn samhald. Vi kan fort få

ein ”by mot land-problematikk” dersom leserane opplever at ein region er over- eller underrepresentert i spaltene i avisa.

#### **8.4. Haldningar til nynorsk i *Vestnytt***

Språk er noko som både samlar og splittar. Vi har sett at fem av sju journalistar skriv nynorsk i *Vestnytt*. Dei to journalistane som i hovudsak dekkjer Fjell kommune, skriv begge på nynorsk. Kultur og krim vert delvis dekka på bokmål i Fjell, og all sport vert dekka på bokmål. Journalistane som dekkjer Sund og Øygarden skriv på nynorsk, og dei dekkjer sjølv mykje av kulturstoffet i kommunane dei har ansvar for. Men også i desse kommunane vert sport i stor grad dekka på bokmål. Nynorsken dominerer framleis skulemålet i Sund og Øygarden, og dei to journalistane som har hovudansvaret for desse kommunane, meiner også at det er naturleg at ein nyttar nynorsk når ein skriv om saker herfrå. Av dei fem nynorskjournalistane, hadde alle nynorsk som hovudmål i grunnskulen, og alle har også arbeidsrøysnle frå reine nynorskaviser. Alle oppgjev at dei nyttar nynorsk også i private samanhengar. Dei meiner alle at nynorsken er ein del av identiteten deira, og fire av fem meiner at det er enklast for dei å skriva nynorsk, og at det også fell mest naturleg for dei å uttrykkja seg på nynorsk. Tre av journalistane meiner at det er viktig å nyttia nynorsk i ein region der nynorsken tradisjonelt har stått sterkt. Dei meiner også at det at nynorsk er administrasjonsspråk i dei tre kommunane, styrkar legitimeringa av nynorsk som avisspråk i regionen.

For meg er valet av nynorsk som skriftspråk i avisa todelt. Minst.

Det eine er at nynorsk er mitt språk. I *Vestnytt* har eg høve til å nyttia det, ergo så gjer eg det. Eit anna moment er at *Vestnytt* dekkjer ein tradisjonelt sterkt nynorskregion som no er under språkleg press.

Difor er det viktig at avisa har journalistar som kan vera ei motvekt til ei slik utvikling. (Mann, 35.)

Marknadssjef Oddvin Klubben i *Vestnytt* seier at fordommar mot nynorsk kan vera eit problem når marknadsavdelinga freistar å selja abonnement. Særleg opplever ein dette på Littlesotra. Men opplever nynorskjournalistane kritikk på grunn av val av målform? Tre av dei fem nynorskjournalistane svarar nei på dette spørsmålet. Den eine av desse forklarar dette med at han kun dekkjer Øygarden kommune, og at nynorsken står sterkt i denne kommunen. Dei to som har fått kritikk for nynorskbruk i avisa, seier at dette er noko dei sjeldan opplever som journalistar. Men samstundes opplever dei at dei som nynorskbrukarar må forsvara sitt val av skriftspråk på ein måte som bokmålsfolk ikkje må.

Eg opplever språkfordommar oftare som privatperson enn som journalist. Av og til får eg spørsmål om kvifor eg skriv på nynorsk, til dømes når eg sender sms, chattar eller kommuniserer på facebook. Eg trur ikkje at eg hadde fått desse spørsmåla om eg skreiv på bokmål. Som nynorskbrukar må eg tidvis forsvara og argumentera for mitt val av skriftspråk. Det hender at eg til dømes sender tekstmeldingar på bokmål berre for å unngå slike spørsmål.  
(Kvinne, 37.)

Bergensarar og austlendingar, godt vaksne menn, ofte plasserte på høgresida i det politiske landskapet, er vanlege svar når journalistane vert spurde om kven som har fordommar mot nynorsken deira. Men det er ikkje berre nynorskjournalistane som får kritikk for språkvala sine. Også dei to bokmålsjournalistane har fått kjenna på kroppen at ikkje alle er like glade for at dei skriv bokmål i ei lokalavis som dekkjer Fjell, Sund og Øygarden. Begge har fått kritikk for dette, ikkje minst frå eldre folk som har røtene sine i denne regionen. For den eine av dei to journalistane er likevel valet av målform enkelt. Han voks opp på austlandet, har alltid skrive bokmål, og har kun jobba i bokmålavisar tidlegare. Då er ikkje valet like sjølvsga for den andre bokmålsjournalisten i *Vestnytt*.

Valet av bokmål som skriftspråk har vore ein lang prosess for min del. Eg voks opp i Alværmarka i Nordhordland, der var talemålet ein stad midt mellom stril og bergensar. Eg er glad i nynorsk, eg hadde nynorsk som hovudmål i grunnskulen, men eg valde likevel å skifta til bokmål på vidaregåande. Eg fekk friska opp att nynorsken då eg jobba i avis *Tysnes*, der eg måtte skriva på nynorsk. Men for meg blir nynorsk eit ”pliktspråk”, eg formulerer meg betre på bokmål enn nynorsk, så då eg fekk velja fritt, så valde eg bokmål.  
(Kvinne, 33.)

Begge bokmålsjournalistane har ved einskilde høve valt å skriva saker på nynorsk, og dette har utan unntak vore etter påtrykk frå intervjuobjekta. Dei karakteriserer desse som ”engasjerte målfolk, ofte eldre menn” som nektar å vera med på intervju med mindre dei får saka skriven på nynorsk. Også nynorskjournalistane har opplevd press frå intervjuobjekt som meiner det vil sjå ”unaturleg” ut om dei vert siterte på nynorsk, men ingen av nynorskjournalistane har på noko tidspunkt valt å gje etter for dette presset. Så kvifor gjer dei to bokmålsjournalistane dette? Svaret er at dei begge opplever at nynorsk er eit minoritetsspråk, og at det er lettare å koma minoritetane i møte når ein sjølv representerer majoriteten. Men for den eine av dei handlar det også om å visa respekt for ein språkkultur som har lange røter på Sotra og i Øygarden.

## **8.5. Laber stemning for nynorskavis**

Mange av lokalavisene i Hordaland er reine nynorskavisar. *Os og Fusaposten*, som eg skal koma attende til i neste kapittel, er ei av desse. Men også på Sotra og i Øygarden har ein hatt reine nynorskavisar. At *Vestnytt* ikkje vart ei nynorskavis, handlar i stor grad om eigarstruktur. Ingen av journalistane i avisar trur at avisar i framtida vil bli ei nynorskavis, og ingen av dei meiner at det er ynskjeleg med ei nynorskavis i Region Vest. Redaktør Elisabeth Netland meiner det ville vera uheldig om *Vestnytt* vart ei nynorskavis, ikkje minst av omsyn til dei mange bokmålsbrukarane i regionen. Ho meiner at nynorsken ikkje treng ei eiga avis i Region Vest, men kan heller ikkje sjå at det er gode argument for at det skal vera mindre nynorsk i avisar om ti år enn det er i dag. Ho trur at nynorskprosenten i regionen vil vera om lag den same om ti år som han er i dag, jamvel om utviklinga går i retning av at nynorsken tapar terreng i avisar sin region for kvart år som går (sjå kapittel 6). Blant journalistane i avisar er det også ei utbreidd oppfatning av at godt språk er viktigare enn at avisar berre skal ha nynorsk eller bokmål som skriftspråk. Både nynorsk- og bokmålsjournalistane meiner at ein språkdelt region må ha ei språkdelt avis.

Etter mitt syn ville det vore feil om *Vestnytt* vart ei nynorskavis.

Eg ville oppleva det som kunstig, jamvel om eg sjølv skriv på nynorsk. Vi må ta inn over oss at vi dekkjer ein region med mange bokmålsbrukarar. Eg trur ei lokalavis med begge målformer skapar større språktoleranse, og at dette difor er betre enn å tvihalda på nynorsken. (Mann, 35.)

Ingen av nynorskjournalistane oppfattar seg som målrørslefolk, og fleire av dei understrekar at dei er glade i bokmålet sjølv om det er nynorsk som er skriftspråket deira. Dei har vanskar med å sjå for seg korleis det skal bli meir nynorsk i avisar om ti år enn det ein har i dag. Dei som har teke stilling til dette spørsmålet, trur at det er to vegar til meir nynorsk i avisar. Sterke føringar, eller direkte pålegg om meir nynorsk frå leiinga, er ein av dei. Men dette trur ingen av journalistane at kjem til å skje. Den andre vegen til meir nynorsk går gjennom tilfeldige årsaker, som til dømes at det vert tilsett fleire nynorskjournalistar. Dette er hovudgrunnen til at avisar har såvidt mange nynorskjournalistar i dag, og dette er noko som ingen av journalistane utelukkar at kan skje også i framtida. Fleire av dei peikar på at *Vestnytt* i all hovudsak rekrutterer nye journalistar frå mindre lokalavisar i Hordaland, og at fellesnemnaren for desse avisene vanlegvis er at dei er nynorskavisar.

## **8.6. Presset frå bokmålsbrukarane**

Vi har tidlegare vore inne på at somme journalistar opplever fordommar mot nynorsk, og at dei tidvis får negativ kritikk fordi dei nyttar nynorsk som skriftspråk, både i avisar og

privat. Men vi har også sett at dei som nyttar bokmål i lokalavisa også vert utsett for kritikk for dette. Mi undersøking viser vidare at ingen av bokmålsjournalistane opplever at dei får direkte positiv kritikk for skriftspråket dei nyttar i avis, medan nynorskjournalistane i større eller mindre grad også får positive merknadar for nynorskbruken sin. Vaksne eller eldre som har røtene sine i Region Vest er blant dei som rosar journalistane for at dei nyttar nynorsk. Målfolk, lærarar og politikarar vert også trekt fram som folk som er rundhanda med skrytet. Vaktsjef Kyrre Styve i *Vestnytt* (intervju 9. november, 2009.) trur dette er folk som er opptekne av å ta vare på kulturtradisjonane i regionen, og som meiner at nynorsk er ein viktig del av kulturarven i Fjell, Sund og Øygarden. Men opplever journalistane i *Vestnytt* eit press mot nynorsken i avis som ei følgje av framveksten til bokmålet i regionen? Her er svara delte, men det er eit klårt mindretal som føler eit bokmålplass mot avis. Dei som har svart ja på dette spørsmålet, opplever ikkje eit sterkt press mot avis, men meiner å sjå ein tendens som går i retning av at presset vil bli sterkare i åra som kjem. Dei seier at dei merkar dette presset mellom anna ved at stadig fleire debattinnlegg i avis vert skrivne på bokmål.

Tidlegare har vi sett at ingen av journalistane ynskjer ei rein nynorskavis i Region Vest. Men det er heller ingen som ynskjer ei bokmålsavis. Alle journalistane meiner at ei språkdelt avis, slik lokalavisa framstår i dag, er det beste for regionen. Men trur dei at det ville få konsekvensar for språkutviklinga i regionen dersom nynorsken forsvann fullstendig frå regionen? Redaktør Elisabeth Netland svarar klårt nei på dette spørsmålet. Ho trur ikkje lokalavisa er ei kjelde til språkpåverknad blant barn og unge, og ho har lite tru på at nynorsk i avis er med på å skapa språkforståing og toleranse blant vaksne leserar. Men her er redaktøren i stor grad i utakt med journalistane sine. Kun ein av journalistane utanom redaktøren meiner at avis ikke er med og påverkar språkvala til barn og unge, og alle journalistane svarar at det vil vera negativt med ei avis utan nynorsk. Argumentasjonen for dette synet er både mangfaldig og interessant.

Eg trur det vert verre for ungdom i dei gamle bygdene å halda på nynorsk som målform om han forsvinn frå lokalavisa. Ungdom vil mista eit godt døme på korleis nynorsken kan vera eit relevant bruksspråk. Nynorsk må opplevast og brukast i kvardagen, det er ikkje nok at det er fint å høyra dikt som vert lesne på nynorsk.  
(Mann, 35.)

Journalistane i *Vestnytt* trur at ei avis utan nynorsk vil skada rekrutteringa til nynorsk i regionen. Dei meiner lokalavisa er den viktigaste aktøren i høve til det å halda nynorsken i hevd som levande bruksspråk i regionen.

Språk er identitet. Ei lokalavis som vert lesen av fleirtalet av innbyggjarane i regionen, er med på å oppretthalda denne identiteten. Ei avis utan nynorsk ville svekka den tradisjonelle dialektene, og dermed også identitetskjensla til folk i lokalsamfunnet. (Mann, 37.)

Fleire av journalistane meiner at utan nynorsk i lokalavisa, så vil også nynorsken døy ut som bruksspråk i regionen. Dei meiner nynorsk i lokalavisa er noko som er med på å definera eit lokalsamfunn, og at folk må eksponerast for eit skriftspråk dersom det skal haldast i hevd. Her meiner dei at lokalavisa er den viktigaste kjelda til slik eksponering. Fleire av dei trur også at det er ein samanheng mellom dialektbruk og nynorsk i regionen.

Nynorsk og dialektbruk heng saman. Den tradisjonelle striledialekta er i ferd med å vatnast ut. Mykje av særpreget ved regionen forsvinn dersom striledialekta dør ut, og eg trur at dersom nynorsken fell bort frå avisas, så er det akkurat det som kjem til å skje. (Mann, 37.)

Korleis ville nynorskjournalistane oppleva det dersom dei vart pålagde av avsileinga å skriva på bokmål? Reint skriveteknisk er det ingen av dei som ville ha problem med dette. Men alle gjev uttrykk for at dei ville oppleva det som negativt, både for seg sjølve og leserane sine, dersom dei ikkje lenger kunne nyttja nynorsk i avisas. Fire av dei meiner det ville vera både eit personleg tap og eit tap for regionen om dei ikkje lenger stod fritt til å formulera seg på nynorsk.

### **8.7. Konsekvent bruk av nynorsk**

Kor konsekvente er journalistane i *Vestnytt* som nynorskbrukarar? Vi har sett at ingen av nynorskjournalistane er villige til å gje etter for språkpress i jobbsamanheng, medan somme av dei tidvis nyttar bokmål i andre situasjonar. Dei har alle ei oppleveling av at det er verre for bokmålsfolk å lesa nynorsk enn omvendt, og at det difor er nynorskbrukaren som må tilpassa seg når situasjonen krev dette. Fleire av dei trur også at bokmålsfolk tidvis gjev inntrykk av å forstå mindre nynorsk enn dei faktisk gjer, og at dette er ein av majoritetsspråkbrukaren sine hersketeknikkar. Somme av journalistane gjev uttrykk for større bokmålstoleranse enn andre. Dei mest tolerante er kvinnene, medan dei mannlige nynorskjournalistane i utgangspunktet framstod som meir uforsonlege i høve til bokmålet då eg først snakka med dei. Men er dette reellt? Eg har stilt fleire spørsmål som skal vera med og kartleggja dette. Ingen av nynorskjournalistane ville gått over til å skriva bokmål dersom dei fekk jobb i storavisa *Bergens Tidende*. Dette sjølvsagt under føresetnad av at

dei stod fritt til å velja målform i avisa. Men fleire av dei trur at dei ville vurdert målform frå sak til sak, og dette gjeld også for fleire av dei mannlege journalistane.

Eg ville nytta nynorsk, delvis ut frå same argumentasjon som i høve til nynorsk i *Vestnytt*. Men det ville truleg vore meir naturleg å nytta nynorsk når eg skulle skriva om eit område der det er tradisjon for dette, og bokmål til dømes om eg skulle skriva om Bergen. Eg har ikkje eit religiøst forhold til målform, eg er meir pragmatisk.  
(Mann, 35.)

Eitt av spørsmåla journalistane fekk, var kva målform dei ville nytta dersom dei skulle skriva ein roman. Eg har tidlegare vore inne på at eg først gav dei dette spørsmålet heilt mot slutten av intervjuet, og at dette var eit medvite val. Eg ville ikkje at dei skulle føla seg forplikta til å gje politisk korrekte svar, og eg frykta at det kunne skje dersom spørsmålet til dømes vart stilt i samband med spørsmål 4 og 6 (sjå intervjuguide). Det viste seg då også at den journalisten som tidleg i intervjuet definerte nynorsk som ”det einaste rette skriftspråket”, ville nytta bokmål dersom han skulle skriva ein roman.

Eg ser at dette er ei sjølvmotseiing. Men eg har skrive manus til bøker og noveller i ti år, eg har ikkje publisert noko av det, men skrivebordsskuffa er full. Eg har freista å skriva på nynorsk, men eg opplever store problem med å formulera meg så elegant som eg ynskjer. Eg er ikkje god nok, og difor vel eg bokmål. (Mann, 37.)

Paradoksalt nok er dette ein av journalistane som oppgjev at han nyttar ei form for nynorsk som han sjølv meiner grenser til arkaisk, og at han gjer dette for å halda gamle former i hevd. Han nyttar til dømes former som ”byrgskap”, ”fyrst” (adverb), ”ljos”, ”syster”, ”korkje” og ”andlet” i sin nynorsk. Dette er han aleine om i *Vestnytt*. Men han tviler likevel på at nynorsk er rette målforma dersom han skal skriva ein roman, og han er ikkje den einaste av nynorskjournalistane som vaklar i trua på nynorsk som romanspråk. Dei som er mest usikre, er også dei som gjev uttrykk for at dei faktisk har leika med tanken om å skriva ein roman.

For min del er det mange faktorer som spelar inn, men eg hadde nok truleg valt nynorsk. Det er likevel noko med at når ein skriv på nynorsk, så blir ein definert som nynorskforfattar. Vil eg eigentleg det? Skriv ein på bokmål, så har ein berre skrive ein roman, og ein har samstundes eit mykje større lesarpotensiale. (Kvinne, 37.)

Argumentet om lesarpotensiale går att hos fleire av dei spurde. Tre av dei oppgjev kommersielle omsyn som svar på kvifor dei eventuelt ville velja å skriva på bokmål. Språkleg flyt og best formuleringsevne er to av argumenta dei nyttar når dei argumerterer for nynorsk som eige romanspråk, og fire av dei fem nynorskjournalistane oppgjev at dette truleg ville gjort at dei til slutt ville velja nynorsk.

### **8.8. Normval og språkleg påverknad**

Seks av journalistane oppgjev at dei føler talemålet deira ligg nærmere nynorsk enn bokmål. Ein av desse nyttar bokmål som skriftspråk i avis, og ho skriv bokmål privat. Dei fem nynorskjournalistane nyttar nynorsk i private samanhengar, men her i varierande grad. Ein av journalistane oppgjev at val av målform privat er kontekstavhengig. To av journalistane oppgjev at dei nyttar eit dialektnært skriftspråk når dei kommuniserer via sms, eller på sosiale nettverkssider som *facebook* og *twitter*. Samtlege nyttar utelukkande nynorsk i meir formelle samanhengar, til dømes når dei må kommunisera skriftleg med offentlege kontor.

Kven påverkar skriftspråket deira? Tre av fem journalistar oppgjev at det å ha jobba i reine nynorskavisar har vore viktig for dei i høve til val av skriftspråk i *Vestnytt*. Å jobba i nynorskavis har gjort dei trygge på eit skriftspråk som dei i utgangspunktet ikkje følte dei var heilt på høgd med. Men dei fem nynorskjournalistane meiner også at nynorsken har for mange tilletne sideformer, og sjølv dei mest røynde av desse gjev uttrykk for at dette er noko som kan skapa frustrasjon. Avisa har heller ingen klår profil i høve til formval. Journalistane står fritt til å velja om dei til dømes vil nytta a- eller e-infinitiv, pronomenforma ”me” eller ”vi”, og om dei vil nytta ein konservativ eller liberal form for nynorsk. Eitt av spørsmåla eg har bede nynorskjournalistane å ta stilling til, er om dei ynskjer å ”misjonera” ved å halda eldre former av nynorsken i hevd. Kun ein av journalistane svarte ja på dette spørsmålet, og han gjorde det med etterhald.

Eg er medviten på å velja ein konservativ nynorsk, og det gjer eg for å halda gamle former av nynorsken levande. Men eg veit ikkje om eg vil kalla det misjonering, det handlar også om at eg er glad i desse formene og synest dei er verd å ta vare på. (Mann, 37.)

Nynorskjournalistane oppgjev utan unntak at dei i utgangspunktet vel former som dei føler ligg nær talemålet deira, og fleire av journalistane seier at dei har gjort endringar i formverket dei nyttar etter at dei fekk jobb i *Vestnytt*.

Min nynorsk ligg nært talemålet mitt. Men eg gjekk over frå "me" til "vi" for nokre år sidan. Det gjorde eg fordi denne pronomenforma ligg nærmere talemålet i regionen eg skriv for. Hadde eg jobba i avis i heimkommunen min (Tysnes), ville eg ha halde på "me". Nynorsk vert utsett for mykje forakt, eg vil at min nynorsk skal vera moderne, eit språk folk kjänner seg att i. (Kvinne, 37.)

Eige talemål, tidlegare røynsle frå nynorskavisar og nynorskundervisning i grunnskulen er noko som påverkar skriftspråket til samlede nynorskjournalistar i *Vestnytt*. Men forfattarar og andre avisar vert også oppgitt som kjelder til språkpåverknad, uavhengig av målform.

### **8.9. *Vestnytt* sin føremålsparagraf**

I 1988 vedtok styret i *Vestnytt* at skriftspråket i avisene skulle reflektera talemålet i regionen. Men talemålet i Region Vest har vore i konstant endring sidan dette vedtaket vart fatta. Journalistane i *Vestnytt* meiner sjølv at bergensdialekta i stadig større grad pregar talemålet til barn og unge i regionen. Så korleis skal ein gå fram for å velja eit skriftspråk som reflekterer talemålet i regionen? Vaktsjef Kyrre Styve meiner at avisene kvantitativt ikkje lever opp til sin eigen føremålsparagraf, særleg ikkje i høve til alle bokmålsbrukarane. Men i høve til tradisjon, historie og kultur i regionen, så trur han likevel at avisene fyller målsettinga si. Journalistane meiner elles at avisene har ein særslig språkparagraf, og at det generelt er vanskeleg å vurdere skriftspråk opp mot talemål.

På Sotra og i Øygarden har ein framleis eit nynorsknært talemål i bygdene. Dei gamle her ute har ei brei dialekt, medan vi i *Vestnytt* nok har eit meir liberalt skriftspråk enn det som vert reflektert i målføret til dei gamle i regionen. Men samstundes er vi meir konservative enn målføret til dei unge skulle tilseia, så slik sett jamnar det seg vel ut. (Mann, 35.)

Fleire av journalistane meiner også at bergensdialekta ligg nærmere nynorsken enn mange av desse dialektbrukarane sjølv vil vedgå, og at dette er eit godt argument for nynorsk i avisene. Fem av dei sju journalistane i *Vestnytt* meiner at nynorsken i avisene bør støtta opp om den tradisjonelle dialekta i regionen, slik at denne får styrkt seg. Dei to som ikkje meiner dette, er begge nynorskjournalistar. Desse to meiner at nynorsken uansett er meir dialektnær enn bokmålet, og at det viktigaste er at nynorsk vert nytta i kvardagen. Tre av journalistane meiner at skriftspråket i avisene bør freista å følja utviklingstrekkene i den regionale dialekta. Desse tre høyrer alle til den første gruppa, altså dei som meiner at avisene bør støtta opp om

den tradisjonelle dialekta. Dei øvrige fire journalistane meiner at dialektendringane skjer så raskt i regionen at det er umogeleg for avisa å henga med på denne. Dei meiner også at endringar ikkje bør inn i eit skriftspråk før dei er etablerte på nasjonalt nivå.

## Kapittel 9:

# Språkval og språkhaldningar blant journalistane i Os og Fusaposten

*Os og Fusaposten* er ei avis som skil seg frå avisene *Vestnytt* på fleire måtar. Dette skal eg koma attende til i neste kapittel. Men som eg har vore inne på tidlegare, så har dei to avisene, og regionane dei dekkjer, også mykje felles. At *Os og Fusaposten* er ei nynorskavis, er sjølv sagt noko av det som skil avisene frå *Vestnytt*. Men avisene har også ei heilt anna alderssamansetting blant journalistane. Medan seks av sju journalistar i *Vestnytt* er i 30-årsalderen, har *Os og Fusaposten* journalistar som er både yngre og eldre enn dette. Tre av journalistane eg har intervjuet i *Os og Fusaposten* har passert 55 år, fire av journalistane er i 30-åra, medan ein av dei er under 30. Fem av journalistane i avisene bur enten i Os eller Fusa. To av dei bur i Bergen kommune, men ein av desse er opphavleg osing. Ein journalist er busett på Stord. Berre to av journalistane voks opp i Os eller Fusa. Dei øvrige kjem frå ulike deler av Vestlandet. *Os og Fusaposten* har fleire journalistar som jobbar deltid, og avisene kjem ut med to utgåver i veka.

Det er fire kvinner og fire menn i avisene sine redaksjon. Berre tre av journalistane i *Os og Fusaposten* har journalistisk praksis frå andre aviser. Ein av dei fem journalistane som ikkje har annan avispraksis, har jobba for *Norsk Telegrambyrå (NTB)*, medan ein av dei har jobba som typograf i avisene *Sunnhordland*. To av journalistane i avisene har berre jobba der sidan hausten 2009, medan to av journalistane har jobba i avisene sidan ho starta opp for 22 år sidan. For dei øvrige fire journalistane strekkjer fartstida i avisene seg over eit spenn frå to til elleve år. Ingen av journalistane i avisene har journalistutdanning, men fem av dei har anna høgare utdanning frå universitet eller høgskule.

Det er flest journalistar som har Os kommune som sitt ansvarsområde, all den tid dette er den største av dei to kommunane avisene dekkjer. Skal ein frå Os til Fusa, må ein i praksis ta ferje over Samnangerfjorden. Ein kan også ta seg fram med bil, men då må ein via Bergen og Samnanger, og dette er ei reise som tek fleire timer kvar veg. Tidlegare var også Samnanger kommune ein del av avisene sitt dekningsområde, men etterkvart fann ein at dette vart for tids- og ressurskrevjande. Som vi har sett tidlegare, har Samnanger i dag si eiga lokalavis, *Samningen*.

### 9.1. Føremål, lesargrupper og dekningsområde

”Kommunane er store, innbyggjarane er små. Vi skal vera eit talerør for dei minste”. Slik omtalar ein av journalistane i *Os og Fusaposten* avisens rolle i lokalsamfunnet. Synet

på kva avisa skal vera for regionen ho dekkjer, varierer i redaksjonen. Men eitt svar som går att, er at avisa har som oppgåve å passa på at politikarar og kommuneadministrasjon, særleg i Os kommune, ikkje føretok seg noko dei ikkje har heimel til å gjera. ”Vaktbikkje” er eit omgrep som ofte vert nytta når journalistane snakkar om avisa sine viktigaste oppgåver. Verna om lokaldemokratiet, avdekka kritikkverdige tilhøve i lokalsamfunnet og å formidla nyhende til lesarane er også svar som går att hos fleire av journalistane.

Lokalavisa skal informera om kva som skjer i Os og Fusa. Driva folkeopplysning som tidvis tenderer til vaksenopplæring. Folk fell utanfor lokalsamfunnet om dei ikkje har lokalavisa, og det må vi fortelja dei. Vi har også ein vaktbikkjefunksjon. Politikarane i Os tek tidvis opp frå talarstolen kor hard lokalavisa er med dei, men det skal vi også vera. Dei kuttar meir enn gjerne svingar om dei får høve til det. Vi skuldar regionen vi dekkjer, å passa på at så ikkje skjer.  
(Kvinne, 30.)

Berre ein av journalistane nemner utan oppmoding at avisa også har ei rolle som identitetsbyggjar i lokalsamfunnet. Han meiner avisa skal gjera folk medvitne på kor dei er og kven innbyggjarane i Os og Fusa er. Synet på kven som utgjer den største lesargruppa for *Os og Fusaposten*, er todelt i avisredaksjonen. Tre av journalistane trur at det fordeler seg jamt både alders- og kjønnsmessig. Fem av journalistane meiner at dei har flest lesarar blant vaksne folk med lokal forankring. ”40 pluss” er eit omgrep som dei meiner definerer avisa si hovudgruppe av lesarar. Men er det denne gruppa avisa først og fremst ynskjer å nå? Redaktør Christian Stabell seier at avisa ikkje har blinka seg ut særlege lesarsegment. (Intervju, 23. november, 2009.) Han meiner at avisa sitt mål er å nå like breitt, uansett alder, kjønn og interessefelt hos den einskilde lesar. Men blant journalistane nemner fem av dei at avisa *har* eit mål om å nå unge lesarar, men at ho ikkje lukkast med dette. To av journalistane kan ikkje minnast at ein har diskutert redaksjonell prioritering i høve til einskilde lesargrupper, medan dei øvrige meiner det har vore nokre diskusjonar som det har kome lite eller ingenting ut av.

Politikk verkar å vera noko vi ynskjer å dekkja, og politikarar og kommuneadministrasjon er heilt klårt ei målgruppe. Vi har ikkje noko uttalt mål om å nå spesielle typar lesarar, men eg føler at vi vender oss til dei godt etablerte, altså dei vaksne lesarane. Då er det vel meir uttalt at vi skal nå dei yngre innbyggjarane i regionen, men der lukkast vi ikkje, og eg opplever også at det er lite interesse blant journalistane for dette når alt kjem til alt. (Mann, 28.)

Det er ikkje berre Samnangerfjorden som skil Os og Fusa. Os er ein semiurban kommune, prega av tilflytting, og med geografisk nærleik til Bergen. Fusa er ein landbrukskommune med lite tilflytting. Journalistane i *Os og Fusaposten* meiner dette er faktorar som klårt skil dei to kommunane frå kvarandre, og at dette er noko som skapar ein lite einsarta lesarmasse. Dei meiner likevel at dette er uproblematisk, all den tid dei to kommunane vert dekka kvar for seg. Men dei trur også at dette kunne blitt problematisk dersom ein hadde hatt så store skilnadar innan ein og same kommune. Trass i desse skilnadane, meiner journalistane det er relativt lett å definere avisas sitt dekningsområde, og dei meiner dei har eit klårt bilet av kven og kva avisas dekkjer. Uansett skilnadar, så meiner journalistane at avisas er ein samlande faktor i lokalsamfunnet. Fleirtalet av journalistane trur at avisas først og fremst skapar samhald innan kvar einskild kommune, medan to av dei meiner at avisas også knyt dei to kommunane tettare saman.

Lokalavisa er ein møteplass. Eg trur folk fell utanfor lokalsamfunnet om dei ikkje held lokalavisa. Somme bryr seg sjølv sagt ikkje om å vera ein del av til dømes Os. Dette er stort sett innflyttarar som ser på seg sjølve som bergensarar. Men eg trur vi kunne gjort meir for å auka interessa rundt lokalavisa, til dømes ved å ha ei nettavis. Vi er heller ikkje aktivt ute for å selja abonnement.  
Her trur eg også vi har eit uutnytta potensiale. (Kvinne, 30)

## 9.2. Språkhaldningar i ei språkbunden avis

Målform i avisas har ikkje vore ein avgjerande faktor når journalistane i *Os og Fusaposten* har søkt jobb i avisas. Men er nynorsken ei tvangstrøye for dei? For dei fleste av dei ser svaret ut til å vera nei. Kun to av dei åtte journalistane ville valt bokmål som skriftspråk dersom dei stod fritt til å velja målform i avisas. Den eine av desse to har jobba i avisas under eit år og meiner at ho ville vore ein meir effektiv journalist om ho fekk skriva på bokmål. Samstundes gjev ho uttrykk for at ho set pris på læringsprosessen ho går gjennom som journalist i ei nynorskavis, og at det vert litt lettare å skriva nynorsk for kvar dag som går. Ho hadde også nynorsk i grunnskulen, men gjekk over til å skriva bokmål då ho byrja på vidaregåande skule i Bergen. Dette var rett nok eit strategisk val, der målet var å få betre sidemålskarakter. Men etter tre år med bokmål på gymnaset, vart det til at bokmål vart skriftspråket hennar. Den andre av journalistane som ville valt bokmål, har jobba i avisas i meir enn ti år. Han voks opp i Bergen, men har no busett seg i Os. Han føler at nynorsken ikkje er ein del av hans identitet, trass i at han jobbar i ei nynorskavis og er busett i ein nynorskommune.

To av dei åtte journalistane i avisa hadde bokmål i grunnskulen. Ein av desse er redaktør Christian Stabell, som også er grunnleggjaren av nynorskavisa *Os og Fusaposten*. Fire av dei åtte journalistane opplevde varierande grad av problem med å skriva på nynorsk då dei byrja å arbeida i avisa. Berre ein av dei hadde bokmål som hovudmål i grunnskulen, og han er også den av journalistane som har brukt lengst tid på å tilpassa seg nynorsken, trass i at han hadde arbeidsrøysle frå nynorskavisa *Sogn Avis*.

Eg opplevde det å skulle skriva nynorsk som frustrerande, problematisk og særslig utfordrande. Eg var lite stødig i nynorsk, og eg hadde jobba i avisa i tre år før eg vågde meg utpå utan å brukha retteprogrammet. Eg trur faktisk redaktøren var i ferd med å gje meg opp, og det er ikkje ofte det skjer. (Mann, 38.)

Dei tre andre journalistane som opplyser at dei hadde språklege startvanskjer i *Os og Fusaposten*, hadde alle nynorsk i grunnskulen. Den eine av dei trudde sjølv at han var stødig i nynorsk, men fann fort ut at det var hòl i kunnskapen hans. Han gjev redaktøren æra for at han fekk nynorsken sin på rett kjøl, og han er ikkje aleine om dette. Fleire av journalistane meiner at god og stødig språkstyring frå redaktøren si side har gjort dei til betre nynorskbrukarar. To av journalistane opplyser at dei ikkje var trygge nok på nynorsken sin, og at dette var eit problem i starten. Ein av journalistane såg på seg sjølv som ein trygg nynorskbrukar, men sleit med nynorsknormalen som avisa nyttar. For henne vart avisa sin nynorsknormal eit større problem enn ho i utgangspunktet hadde sett for seg.

Formverket vart eit større problem enn eg hadde venta. Eg hadde ein annan nynorsk i fingrane enn den vi nyttar i *Os og Fusaposten*. Eg voks opp i Stryn i Sogn og Fjordane. Difor var til dømes e-endingar naturleg i min nynorsk, og dette er det ikkje lov å nyitta i denne avisa. Eg fann det vanskeleg å leggja om og meiner nok at avisleiinga burde vore meir liberal her. (Kvinne, 30.)

Relativt streng språkstyring i avisa har i varierande grad vore eit problem for halvparten av journalistane i avisa i startfasen, men det har ikkje vore eit større hinder enn at dei har klart å koma over det. På spørsmålet om dei ville nyttia nynorsk eller bokmål dersom dei til dømes jobba i *Bergens Tidende*, er det berre ein av dei åtte journalistane som svarar bokmål. To av dei trur at dei ville ha valt både bokmål og nynorsk, medan fem av dei berre ville ha valt nynorsk dersom dei hadde høve til dette. Men korleis stiller dei seg til val av skriftspråk dersom dei skulle skriva ein roman? Her svarar fem av journalistane at dei ville valt bokmål, og grunngjevinga er etter mitt syn overraskande. For også i *Os og Fusaposten*

er det fleire journalistar som meiner at bokmål er eit meir lettfota og høveleg romanspråk enn nynorsk, og heller ikkje her er ein framand for at bokmålet gjer det lettare å nå fleire lesarar enn ein ville gjort dersom ein skreiv på nynorsk.

Tidlegare redaktør Arnfinn Haga i avisa *Midhordland* var jo ein ihuga mållagsmann. Men då han gav seg i kast med å skriva bøker, fann han fort ut at det var därleg butikk så lenge han skreiv på nynorsk. Difor gjev han ut bøkene sine på bokmål. Det er synd, for nynorsk er slikt eit rikt språk. Men kva hjelper vel det, dersom ingen vil kjøpa bøkene dine? (Kvinne, 67.)

### **9.3. Lesarhaldningar til nynorsk i *Os og Fusaposten***

Både Os og Fusa er solide nynorskkommunar. Men i Os, som er kommunen eg har hatt fokus på i samband med denne delen av oppgåva, veks talet på bokmålselevar. Førebelser er det likevel eit stort flerital av elevane i grunnskulen som har nynorsk som hovudmål (sjå statistikk, kapittel 6). Ein skulle tru at det var smått med fordommar mot nynorsk i ein region der denne målforma er så innarbeidd og tradisjonsbunden. Men fleire av journalistane opplever å bli møtt med negative haldningar til at dei nyttar nynorsk, noko dei sjølve er forbausa over.

Eg er overraska over kor mange av mine jammaldrande som er negative til nynorsken. Tidvis får eg nedsettande kommentarar om nynorskbruken min, og eg føler ikkje at desse er intellektuelt tufta. Det er fordommar som eg forventar frå austlendingar, men som eg er overraska over å oppleva i til dømes Fusa. (Mann, 34.)

To av journalistane har opplevd at venekrinsen deira har negative haldningar til at dei nyttar nynorsk. Kritikken har for dei vore overraskande hard, og han har også kome frå uventa hald. Dei to journalistane hadde ikkje trudd at dei skulle møta slik kritikk frå folk som har budd heile livet i Os og Fusa. Andre journalistar har ei stikk motsett oppleving, dei føler at vener og kjente ser det som positivt og viktig at dei skriv nynorsk. Dei gjev uttrykk for at dei er glade for at Os og Fusa har ei nynorskavis, og dei ser på dette som noko viktig. Redaktør Christian Stabell seier at det er relativt sjeldan at han får negativ kritikk for at *Os og Fusaposten* er ei nynorskavis. Men det er også slik at det er mållagsfolk som er flinkast til å koma med positiv kritikk. Det er kun ein av journalistane i avisa som ikkje kan hugsa å ha fått kritikk for nynorskbruken, verken i positiv eller negativ retning. Av dei sju øvrige journalistane svarar alle at det er relativt sjeldan at dei opplever å få tilbakemeldingar på målform i avisa.

Eg får både positive og negative reaksjonar. Men det er lite, all den tid nynorsken er godt innarbeidd både i Os og Fusa. Ein og annan bergensar klagar på nynorsken, medan det er skryt å henta frå folk som har røtene sine i desse kommunane. Ein gong fekk eg skryt frå ein av byråkratane i Os kommune. Han meinte han lærte mykje nynorsk ved å lesa lokalavisa. Slikt blir eg glad for å høyra. (Mann, 28.)

Tre av journalistane føler at dei har hamna i situasjonar der dei verbalt eller skriftleg må forsvara nynorskbruken sin. To av dei opplyser at dette tidvis skjer i sosiale samanhengar, og at det i stor grad er innflyttarar frå Bergen som står for kritikken. Dei opplever menn som mindre tolerante enn kvinner, og dei meiner at eldre, mannlege bergensarar ofte er meir bastante og kompromisslause bokmålsfolk enn yngre menn.

#### **9.4. Lite språkpress mot avisa**

Redaktør Christian Stabell opplever ikkje at nynorsken i avisa hans er pressa av grupperingar som vil ha bokmål i lokalavisa. Han har derimot hatt diskusjonar med tilsette som opp gjennom åra har meint at ei språkleg liberalisering kunne vore på sin plass. Dette har Stabell kategorisk avvist, og det kjem han også til å gjera i framtida. Han meiner at utan ei nynorskavis vil ein mista den viktigaste arenaen for nynorsk i lokalsamfunnet. Heller ikkje journalistane i avisa meiner at dei førebels er utsette for språkpress. Kun ein av dei åtte journalistane i avisa føler at avisa er under språkleg press.

Det er vanskeleg for meg å seia korleis eg opplever at avisa er under språkleg press. Men særleg Os er ein tilflyttingskommune, og dei som kjem hit, er stort sett bokmålsfolk. Dei ynskjer å få gjennomslag for sin skriftkultur, og det gjer dei jo også. Det ser vi mellom anna i skulen. Førebelser har dei ikkje fått gjennomslag for dette i lokalavisa, men eg trur nok presset vil auka med tida. (Mann, 28.)

Men sjølv om han førebels er aleine om å kjenna bokmålspresset mot avisa, trur fleire av journalistane at presset kjem til å koma i stadig sterkare grad i åra som kjem. Tre av dei meiner at det dei opplever som monalege dialektendringar i Os dei siste ti åra, også vil gjera noko med skriftspråket på sikt.

Dialektendringane i Os har vore merkbare dei siste åra. Eg er mor til ei jente som går i barnehage i Os kommune, og ho snakkar i realiteten bergensk. På sikt trur eg slike store dialektendringar også vil pressa skriftspråket, og det inkluderer avisspråket. Vi kan ikkje venta at språket ikkje skal bli påverka av all tilflyttinga. (Kvinne, 30.)

## **9.5. Laber stemning for språkdelte avis**

Journalistane i *Os og Fusaposten* opplever alle avisene dei arbeider i, som ein språkleg motvekt til bokmålet. Ingen av dei meiner at lokalsamfunnet ville vore betre tent med ei bokmålsavis. Dette inkluderer også dei to journalistane som ville valt bokmål om dei stod fritt til å velja skriftspråk i avisene. Begge meiner at avisene sin funksjon som forvaltar av nynorsk i ein region der skriftspråket opplever aukande press, overstyrer eige ynske om å velja skriftspråk på fritt grunnlag. To av avisene sine journalistar seier det slik:

Språk må lesast, språk må vera tilgjengeleg for at det skal leva og utvikla seg. Det meste vi les, er på bokmål. Lokalavisa er omrent den einaste skriftlege nyhendekjelda folk har. For meg handlar det om bygda sin identitet. Lokalavisa er med på å skapa denne, og utan nynorsken trur eg at bygdene mister noko av identiteten sin.  
(Kvinne, 35.)

På mange felt så handlar samfunnet i dag om å kle seg om, å bli nokon andre. Dersom nynorsken ikkje vert halden i hevd, kan ein fort oppleve at nynorsken er noko ein ynskjer å ”kle av seg”. Nynorsken vil bli oppfatta som endå meir gamaldags enn han blir i dag, som noko ein i eit stadig meir urbanisert samfunn ikkje ynskjer å identifisera seg med. Her er lokalavisa ei motvekt, det er eg heilt sikker på.  
(Mann, 34.)

Journalistane i avisene meiner det ville få negative konsekvensar for lokalsamfunnet om nynorsken forsvann som skriftspråk i lokalavisa. Tre av dei meiner at det ville vera lettare for kommuneadministrasjonen i Os å snika seg unna kravet om nynorsk skriftspråk dersom ein ikkje hadde ei lokalavis som forvalta nynorsken skikkeleg. For Os er ein nynorskkommune, men journalistane i avisene trur at vegen til skifte av målform ville vore kort utan ei vaken lokalavis som hegnar om nynorsken. Dei har til dømes sett fleire døme på at byråkratane i Os ikkje har etterkome kravet om nynorsk i offentlege brev. Dette har avisene vore rask med å påpeika overfor den administrative leiinga i Os kommune, og journalistane meiner at dei slik sett har passa på at dette ikkje har fått utvikla seg vidare.

## **9.6. Lokalsamfunnet som språkleg misjonsmark**

Fem av dei åtte journalistane i *Os og Fusaposten* meiner at nynorsk ligg nærmere talemålet deira enn bokmål. To av dei tre journalistane som meiner talemålet deira ligg nærmast bokmålet, er identiske med dei to som ville ha valt å skriva på bokmål dersom det var rom

for dette i avisa. Men paradoksalt nok er den eine av desse journalistane også blant dei som meiner det er viktig at avisa held eldre nynorske ord og uttrykk levande. Ho seier sjølv at ho ikkje går av vegen for å skriva ein konservativ nynorsk, og ho grunngjев dette slik:

Eg hadde nynorsk i grunnskulen, men gjekk over til bokmål då eg byrja på gymnaset. No er eg på ein måte i ferd med å finna att nynorsken min. Eg synest det er moro med eldre former, og eg hadde truleg vore meir konservativ i mitt skriftlege uttrykk om eg fekk lov av redaktören. Han har dempa meg litt, og det er sikkert lurt. Men eg meiner det er viktig å ta vare på gamle former, passa på at dei ikkje dør ut. Gjer dei det, vert språket vårt fattigare.  
(Kvinne, 35.)

Ho er ikkje aleine i avisa om å sjå på lokalsamfunnet som ei språkleg misjonsmark. Fem av dei åtte journalistane meiner at det er viktig at avisa er med på å halda gamle ord og uttrykk levande, og dei stadfestar at dette i større eller mindre grad er noko som er med på å farga skriftspråket deira. Redaktør Christian Stabell er derimot meir oppteken av at avisa skal ha ein samtidsorientert nynorsk, og han vil difor ikkje la journalistane boltra seg fritt med eldre ord og uttrykk. Ord som ”å kverrsetja”, ”turvande” og ”ei handlove” er alle døme på ord som ikkje har passert korrekturen til Stabell. Dei eldste av journalistane meiner dette er synd, medan redaktören trur bruken av slike ord berre vil skapa distanse til avisa sine lestarar.

Eg er oppteken av å ta vare på gamle ord og uttrykk som eg meiner har ein bruksverdi. Nynorsken er på mange måtar rikare enn bokmålet, vi har til dømes fleire feiande flotte adjektiv enn det bokmålet kan skilta med. Men det hender også at eg må til å forklara ordvala mine. Substantivet handlove (handflate) var det til dømes ingen i avisa som forstod kva eg meinte med, så der sette redaktören foten ned. (Kvinne, 67.)

Kor langt skal ein strekkja skriftspråket for å koma dialektale særtrekk i møte? Skal til dømes nynorsken i lokalavisa støtta opp om den lokale dialekta, slik at denne får styrkt seg? Kun to av dei åtte journalistane svarar nei på dette spørsmålet. Dei er begge journalistar som nyttar nynorsk, også når dei ikkje skriv for *Os og Fusaposten*, og begge ville i utgangspunktet ha skrive nynorsk dersom dei hadde jobba for andre aviser. Redaktør Christian Stabell kjenner ambivalens i høve til dette spørsmålet. For hans del har nynorsk skriftspråk lite å gjera med arbeidet for å halde dialektane levande. Samstundes meiner

han at avisa har valt ein nynorsk som ligg så nær talemålet i Os og Fusa som det er råd for eit skriftspråk å koma. Fleire av journalistane i avisa gjev uttrykk for uro over at den tradisjonelle dialekta i Os er i ferd med å forsvinna. Dei meiner at avisa også her kan vera ei motvekt til denne utviklinga ved at ho har ein dialekt nært nynorsk. Av same grunn er det berre ein av journalistane i avisa som meiner at nynorsken i Os og Fusaposten bør følgja utviklingstrekk i til dømes Os-dialekta, der endringane er mest markerte.

Alt er sjølv sagt relativt, og vi bør ta med dei dialekttrekka som er lov å ha med i eit skriftspråk. Men målføret her i Os er så utvatna at vi i realiteten måtte skriva bokmål om vi skulle ta opp alle endringane. I tillegg utviklar dialektane seg høgst ulikt i til dømes Os og Fusa. Eg ser ikkje heilt korleis vi skulle klara å balansera dette. Vi har ein skriftnormal som vi må halda oss til, og det er etter mitt syn ikkje vår oppgåve å laga ein eigen skriftspråknorm for Os og Fusa. (Kvinne, 30.)

Som vi tidlegare har sett, så meiner fem av dei åtte journalistane at avisa har ei målsetting om å nå barn og unge. Dei meiner også at avisa ikkje har nådd denne målsettinga. Men sjølv om fleirtalet av journalistane meiner at avisa ikkje gjer nok for å nå dei yngste lesarane, så meiner halvparten av dei likevel at avisa har ein opplæringsfunksjon i høve til barn og unge sine språkvanar. Fire av journalistane er sikre på at nynorsk i avisa også påverkar unge i Os og Fusa sine språkval, medan den andre halvparten av redaksjonen meiner at det er lite realistisk å tru at avisa har ein slik effekt. Ein av tvilarane er redaktøren. Han meiner teorien om lokalavisa sin funksjon som språkpåverkande organ tek seg godt ut når ein skal forsvara nynorskbruken i avisa, men at teorien i realiteten ikkje har rot i verklegheita. Ein av dei andre tvilarane peikar på at ho sjølv voks opp i Os, og at *Os og Fusaposten* har vore lesen i barndomsheimen hennar så lenge ho kan hugsa. Dette hindra henne likevel ikkje frå å velja bokmål då ho byrja på vidaregåande skule. Ho er ein av journalistane som meiner det ville vore lettare å skriva på bokmål enn nynorsk, og ho er også den einaste av journalistane som er fødd og oppvaksen i Os. Men halvparten av journalistane har enno trua på at yngre lesarar vert påverka av avisa i høve til eigne språkval. Eit argument som går att hos dei, er at unge vert eksponert for nynorsk som eit godt og levande bruksspråk når dei les lokalavisa. Dei meiner det berre er skulen som kan måla seg med lokalavisa når det gjeld å vera ein nynorskarena for barn og unge.

## 9.7. Normval og språkleg påverknad

Fem av dei åtte journalistane i avisa meiner at nynorsk ligg nærmere talemålet deira enn bokmål, medan dei tre øvrige ikkje er i tvil om at talemålet deira er nærmest bokmålet.

To av desse tre voks opp i Bergen, medan den tredje av dei voks opp i Os. Dei fem som i størst grad identifiserer talemålet sitt med nynorsk, kjem alle frå vestlandsbygder der nynorsken står sterkt. To av dei tre som meiner talemålet deira ligg nærmere bokmål, nyttar også bokmål privat, medan den tredje av dei tilpassar målform i høve til mottakar, til dømes når han sender e-post eller brev. Dette er han ikkje aleine om. To av dei fem journalistane som opplyser at dei nyttar nynorsk privat, legg til at dei unntaksvis også nyttar bokmål, til dømes når dei sender tekstmeldingar eller e-post. Dei opplever begge at somme bokmålsfolk tilsynelatande har større problem med å forstå nynorsk enn nynorskfolk har med å forstå bokmål. Ingen av dei trur at bokmålsbrukarar faktisk har problem med å lesa nynorsk, men meiner likevel at det unntaksvis kan vera greitt å føya seg i høve til mottakar. Dei to opplyser at dei nyttar nynorsk både når dei skriv sms, e-post, brev og når dei deltek på sosiale nettstader som *facebook* og *twitter*. Dette er også tilfelle for tre av dei andre journalistane, medan dei tre siste altså nyttar bokmål. Den eine av journalistane som nyttar bokmål privat, meiner at nynorsk ikkje er ein del av identiteten hans. Når han har fri frå jobb, har han difor også fri frå nynorsken, jamvel om han har jobba i avis i meir enn ti år. Han meiner også at det er redaktøren sin korrekturpenn som i størst grad påverkar utsjånaden på skriftspråket hans i avis. Men kva med dei andre journalistane? Har dei førebilete eller inspirasjonskjelder som formar utsjånaden på skriftspråket deira?

Intervjuobjekta mine påverkar skriftspråket mitt mest. Eg formar språket mitt etter stemma deira. Eg vil dei skal kjenna seg att, og at folk som kjenner dei, skal kjenna dei att. Eg har krangla mykje med redaktøren om dette, og han har redigert sakene mine kraftig nokre gonger. Men for meg er det viktig å få fram den du skriv om, og då trur eg du også må sjonglera med skriftspråket så langt dette er forsvarleg.  
(Kvinne, 30.)

Det er berre to av journalistane i avis som opplyser at dei ikkje har inspirasjonskjelder som fargar skriftspråket deira. Men kva som faktisk inspirerer dei øvrige seks, varierer frå person til person. Tre av dei vert inspirert av nynorskforfattarar. Forfattarnamn som Kjartan Fløgstad, Ragnar Hovland og Haldor O. Oppedal vert trekt fram her. Ein av dei seier det slik:

Nynorskforfattarar er viktige for meg. Men først og fremst er det lyden av nynorsken eg er glad i. Han blir som musikk for meg, og slik har det vore så lenge eg kan hugsa. Eg kan stenga ute meiningsinnhaldet, og berre lytta til lyden av og klangen i nynorsken. Eg likar nok klangen av nynorsken best her vest, og det påverkar vel også skriftspråket mitt.  
(Kvinne, 57.)

Andre journalistar meiner eigen kulturbakgrunn er ei viktig kjelde til påverknad, medan fleire av dei også dreg fram redaktør Christian Stabell og avisas sin generelle språkpolitikk som viktige kjelder til språkpåverknad.

Skriftnormalen journalistane er underlagde i *Os og Fusaposten*, gjev mindre rom for variasjon enn i lokalavisa *Vestnytt*. A-infinitiv er til dømes obligatorisk i avisas. Konservative former av til dømes substantiv og verb er heller ikkje noko som passerer korrekturen til redaktøren utan at dette vert påpeika. Men litt valfridom i høve til formverket er det likevel i avisas. Journalistane står til dømes fritt til å velja om dei vil bruka pronomenforma ”me” eller ”vi”. Her deler redaksjonen seg på midten i høve til formval. Halvparten av journalistane oppgjev samstundes at dei vel eit så konservativt formverk som avisleiringa tillet dei å gjera. Fleire av dei forklarer dette med at dei ynskjer å oppretthalda ein skilnad mellom bokmål og nynorsk. Dei er motstandarar av ei liberalisering som går i retning av ei samansmelting av dei to målformene, og dei meiner at skilnadar best kan haldast i hevd ved at ein nyttar ein konservativ nynorsk. Redaktør Christian Stabell er blant dei som vel ei liberal form for nynorsk. Samtundes har han forståing for argumenta til dei som ikkje likar dette, men trur sjølv at skilnader kan oppretthaldast utan at ein må halda på ein arkaisk nynorsk.

Eg vil ha ein moderne nynorsk, men eg må samstundes understreka at eg hatar samnorsktanken. Eg likar ikkje påtvungen samanblanding av nynorsk og bokmål, og eg synest at det er altfor mange tilletne sideformer på nynorsk. Det skal vera skilnad på nynorsk og bokmål. Men formverket skal så langt det let seg gjera også reflektera talemålet i regionen, utan at det vatnar ut nynorsken.  
(Redaktør Christian Stabell, 13. oktober 2009.)

## Kapittel 10:

# Skilnadar og likskapstrekk i dei to avisene

I dette kapitlet skal eg freista å analysera og samanlikna svara frå journalistane i dei to avisene, sjå på kva som er likt og kva som er ulikt, og presentera mi eiga vurdering av funna.

Kjønnsfordelinga er relativt lik i dei to avisene. Av sju journalistar i *Vestnytt*, er tre av dei kvinner. Av åtte journalistar i *Os og Fusaposten*, er fire kvinner. Men som vi har sett i dei to føregåande kapitla, er aldersfordelinga i dei to avisene særslig ulik. I *Vestnytt* er seks av sju journalistar midt i trettiåra, medan ein i *Os og Fusaposten* har eit aldersspenn frå 28 til 67 år, der tre av journalistane har passert 55 år. Fire av journalistane i *Vestnytt* har formell journalistutdanning, medan ingen av journalistane i *Os og Fusaposten* har slik utdanning. Utdanningsnivået er likevel relativt høgt i begge avisene. Dei fleste journalistane i dei to avisene har tidlegare røynsle frå nynorskavisar. Vi har også sett at journalistane i *Os og Fusaposten* har ei djupare lokal forankring enn kva tilfellet er med journalistane i *Vestnytt*. Elles er arbeidsstrukturen i dei to avisene relativt lik i høve til fordeling av ulike dekningsområde for journalistane.

### 10.1. Føremålet med avisene

I *Os og Fusaposten* er journalistane raske med å svara at dei skal vera ”ei vaktbikkje” når dei får spørsmål om kva rolle lokalavisa skal spela. Med dette meiner dei at dei har eit særleg ansvar for å halda auge med politikarar og kommuneadministrasjon, og då særleg i Os kommune. Fleire av journalistane i *Vestnytt* har same svar, men det er likevel færre enn i Os. Eg tolkar dette slik at journalistane i *Vestnytt* føler mindre grunn til å vera på vakt overfor politikarar og byråkratar enn ein gjer i Os og Fusa. Dette kan ha samanheng med ulik redaksjonskultur i dei to avisene, noko som etter mitt syn kan henga saman med ulik alderssamansetting i dei to redaksjonane. Gunnar Bodal Johansen ved Institutt for journalistikk i Fredrikstad har i fleire år kursa journalistar i offentlegheitslova. Han meiner at yngre redaksjonar generelt har mindre interesse for offentleg forvaltning enn eldre redaksjonar.

Eldre journalistar er etter mitt syn generelt meir opptekne av å føra tilsyn med forvaltninga enn yngre journalistar. Eg opplever at forvaltningsspørsmål vert sett på som noko gamaldags av mange yngre journalistar. Dersom det heller ikkje er redaksjonell kultur for å bruka tid på slike saker, så døyr interessa for dette ut, og då har vi

etter mitt syn eit demokratisk problem. Mange journalistar ser seg blinde på fikse dataløysingar og forstår ikkje at det å forstå offentleg forvaltning ofte er inngangsbilletten til dei gode sakene. Det er eit pradoks at så få journalistar ser sakspotensialet innan forvaltninga, all den tid norske journalistar aldri har hatt større tilgang til innsyn i offentlege saker enn dei har i dag. (Gunnar Bodal Johansen, intervju, 3. mars 2010.)

Førebel er det kultur for å jobba med forvaltningssaker både i *Vestnytt* og *Os og Fusaposten*. Men journalistane i *Os og Fusaposten* verkar å ha eit sterkare fokus på kommunepolitikk enn det journalistane i *Vestnytt* har. Blant journalistane i *Vestnytt* er det også fleire som meiner at avisa har for mykje fokus på møteromspolitikk og for lite fokus på korleis politikk påverkar innbyggjarane i regionen i praksis. Fokuset på politikk og politiske og administrative prosessar er likevel sterkt i begge avisar.

Eit klårt fleirtal av journalistane i begge avisar meiner at godt vaksne folk med lokal forankring er den største lesargruppa deira. Journalistane i begge avisar meiner også at avisa dei jobbar i, har ei målsetting om å nå barn og unge, men at dei ikkje lukkast med dette. Dei meiner at målet om å nå unge lesarar ikkje er grunnfesta i ein overordna plan for korleis ein faktisk skal nå denne lesargruppa. Somme av journalistane i dei to avisene gjev også uttrykk for at det ikkje er særleg interessant å jobba med stoff som er retta mot barn og unge. Politikk, krim og kultur er derimot saksområde som fengar dei fleste av journalistane. Fleire av journalistane i dei to avisene stiller seg også tvilande til om barn og unge i særleg grad er interesserte i lokalavisa. Dette er haldningar som ikkje samsvarer med ei undersøking gjort av *A-pressen lokale medier* (ALM) i 2008. (A-pressen, *Rapport Ung Leser*, Mfakta, 2008) I undersøkinga er 1447 unge spurde om sine lesevanar i høve til lokalavis. Ni av ti svarar at dei les lokalavisa, og at dei ikkje opplever lokalavisa som gamaldags (s.5). 70 prosent av informantane i undersøkinga opplyser at dei les lokalavisa for å halda seg oppdaterte på det som skjer i lokalmiljøet, og heile 89 prosent seier at dei er særsla eller ganske interesserte i å lesa lokale nyhende frå eigen kommune. Over halvparten av deltakarane i undersøkinga seier seg også heilt eller delvis enige i at dei ofte snakkar med vene om saker frå lokalavisa (s.15). Berre ni prosent av informantane i undersøkinga meiner at politikk og politiske prosessar er noko av det viktigaste lokalavisa skriv om (s. 19). Undersøkinga viser elles at unge lesarar ynskjer å møta unge, relevante intervjuobjekt i lokalavisa (s.6). I denne undersøkinga vert informantane også spurde om kva person som best illustrerer lokalavisa deira. Dei fleste meiner ein voksen mann best illustrerer avisa deira, dernest ei eldre kvinne eller ein familie (s.20). Eg finn det interessant at den persontypen som unge identifiserer lokalavisa si med, er næraast identisk med kven brorparten av journalistane i dei to avisene

ser på som lesaren sin. Somme journalistar si manglande tru på ungdom som lesargruppe vert etter mitt syn også reflektert i eit manglande ynske om å jobba med stoff retta mot unge lesarar, samt manglande tru på lokalavisa som kjelde til språkpåverknad blant ungdom. I Os trur halvparten av journalistane at avisas sitt skriftspråk ikkje påverkar unge sitt språkval. På Sotra meiner to av sju journalistar det same. Her er det interessant å sjå at redaktørane i dei to avisene er blant dei som tviler på at avisas påverkar unge sine språkval.

## 10.2. Regionale skilnadar

Vi har sett at regionane dei to avisene dekkjer, er klårt geografisk definerte. Avisene sine dekningsområde kan også delast inn i sentrum og periferi. For *Vestnytt* sin del er Litlesotra i Fjell kommune det mest urbaniserte området, medan det for *Os og Fusaposten* sin del er Os kommune, og då særleg Os sentrum, som er den mest urbane delen av regionen avisas dekkjer. Dei mest urbaniserte områda samsvarer også med dei områda som er sterkest prega av tilflytting frå Bergen. Men Os skule, som ligg i Os sentrum, har likevel berre 39 bokmålselevar av ein total elevmasse på 363, medan Lysekloster skule, som ligg utanfor sentrum, har 78 bokmålselevar av ein elevmasse på 130 for inneverande skuleår. (<http://www.wis.no/gsi/tallene>) I begge avisene er ein samde om at lokalavisa er ein samlande faktor i sitt dekningsområde, jamvel om ein i *Os og Fusaposten* meiner at avisas skapar samhald innan kvar kommune i større grad enn over kommunegrensene. I denne delen av undersøkinga mi finn eg likevel svara frå journalistane i *Vestnytt* mest interessante. For medan journalistane i *Os og Fusaposten* har eit relativt likt syn på kva som definerer dekningsområdet deira (sjå førre kapittel), har journalistane i *Vestnytt* høgst ulike svar på dette spørsmålet. I den eine enden av skalaen finn ein dei som meiner at dekningsområdet er einsarta, medan ein i den andre enden finn journalistar som meiner det er store lokale skilnader, både kulturelt og språkleg. Kvar einskild journalist verkar å ha sin eigen definisjon av dekningsområdet til avisas, og seks av sju journalistar i *Vestnytt* kan ikkje hugsa at ein har diskutert dekningsområdet i plenum. Dermed blir også definisjonen til kvar einskild journalist etter mitt syn knytt opp mot kva ansvarsområde journalisten har. Slik eg ser det, vil då journalisten som dekkjer kommunepolitikk i Fjell kommune ha ei anna oppleveling av regionen enn journalisten som til dømes har det overordna ansvaret for kultursaker i alle dei tre kommunane avisas dekkjer. Dette medfører at avisas ikkje har eit sams syn på kven ho vender seg til, noko som etter mitt syn kan medføra at lesaren heller ikkje føler seg heilt heime i lokalavisa si. Fleirtalet av journalistane i avisas gjev då også uttrykk for at dei saknar ein debatt kring dette spørsmålet i redaksjonen.

## 10.3. Språkhaldning

Det er berre ein av dei til saman 15 journalistane i dei to avisene som ikkje har røysle frå andre nynorskavisar eller har hatt nynorsk som målform i grunnskulen. Eg trur at tidlegare

røynsle med nynorsk er avgjerande når fem av sju journalistar, i ei avis der målform er valfritt, vel å skriva på nynorsk. Eg trur også at røynsle med nynorsk er grunnen til at seks av åtte journalistar i *Os og Fusaposten* ville halde fram med å skriva nynorsk om dei fritt fekk velja målform. Men medan *Os og Fusaposten* har ein styrt språkpolitikk, verkar *Vestnytt* å ha ein språkpolitikk der målforma til den einskilde journalisten heile tida avgjer kor stor nynorskprosent avisa har. Utskiftingar i redaksjonen vil med andre ord gje utslag på målformsstatistikken for avisa. Geir Magnus Nyborg var *Vestnytt* sin første redaktør, og han sat også i styret i avisa fram til ho vart selt til *Bergens Tidende*. I dag er han prorektor ved mediehøgskulen Gimlekollen. Han meiner *Vestnytt* i dag framstår som ei avis utan ein gjennomreflektert språkpolitikk (intervju, 19. oktober 2009), og at avisa ikkje er i takt med den språklege utviklinga i regionen.

Språkpolitikken har aldri vore reflektert skikkeleg over i *Vestnytt*, heller ikkje i mi tid som redaktør. Styret i avisa har aldri vore interessert i å drøfta dette. Eg meiner at redaksjonen i avisa framstår som språkleg medviten. Men *Vestnytt* er ikkje i takt med språkutviklinga i regionen. Avisa driv nynorskmissjonering. Nynorsk er utan tvil hovudmålet i avisa, utan at eg opplever det som noko negativt. *Vestnytt* gjer ein god jobb for nynorsken, men det er viktig at også bokmålet vert representert i avisa, og at avisa tek inn over seg endringane i regionen. (Geir Magnus Nyborg.)

Geir Magnus Nyborg meiner mange bergensarar har ein tendens til å gå i baklås når dei les nynorsk, og han utelukkar ikkje at høg nynorskprosent i avisa kan vera ein medverkande årsak til at *Vestnytt* slit med å få abonnentar blant innflyttarane. Men han trur ikkje dette er av avgjerande betydning. Han trur mange tilflyttarar identifiserer seg som bergensarar, og at dette særleg gjeld for dei som bur i dei bergensnære områda på Litlestrøa. Nyborg trur også at når ein ikkje identifiserer seg med eit lokalsamfunn, så er heller ikkje lokalavisa interessant, og at det difor ikkje er sikkert at ei avis oppnår noko ved å gje etter språkleg for å nå desse gruppene. Ein kan sjølv sagt ikkje utelukka at nynorsk i avisa spelar ei rolle i høve til om innflyttarar les lokalavisa eller ikkje. Men eg tviler på om dette er viktig for lesarane. Eg trur lokalstoff er godt stoff uansett kva målform det vert presentert på, dersom ein er interessert i kva som går for seg i eit lokalmiljø. Difor trur eg også det er hald i Nyborg sin teori om at ein må identifisera seg med eit lokalmiljø for å ha interesse av lokalavisa. Dette trur eg også er grunnen til at *Os og Fusaposten* har ein høgare dekningsgrad i sin region enn kva *Vestnytt* har, noko eg skal problematisera nærare seinare. Geir Magnus Nyborg meiner elles at strilane i Region Vest tradisjonelt har tilpassa seg bergensarane, og at dette også skjer språkleg. Sjølv voks han opp på søre

Askøy, og han var rask med å skjula dialekta si då han byrja på Katedralsskulen i Bergen i 1967. Han opplevde ikkje eiga dialektomlegging som noko positivt, og han trur at nynorsk i *Vestnytt* er ei viktig motvekt i høve til det å gjera kulturelt knefall for bergensarane og deira språkkultur. Han trur likevel at bokmålet har fått ein naturleg plass i lokalavisa i Region Vest, og at det å finna balansegangen mellom nynorsk og bokmål er vanskeleg for lokalavisa.

Nynorskjournalistane i *Vestnytt* har ulike motiv for val av målform. Men det å hegna om lokal språkkultur i ein region der nynorsken tradisjonelt har stått sterkt, er viktig for dei. Dette er også svært viktig for journalistane i *Os og Fusaposten*. For meg er det difor overraskande at færre journalistar i *Vestnytt* opplever at dei må forsvara val av skriftspråk enn kva tilfellet er for journalistane i *Os og Fusaposten*. Fjell, Sund og Øygarden har ein langt høgare bokmålsprosent i grunnskulen enn kva tilfellet er for Os og Fusa (sjå kapittel 6), og ein skulle difor tru at kritikk mot nynorsken i sterkare grad kom til uttrykk overfor lokalavisjournalistane i regionen *Vestnytt* dekkjer. Men slik er det altså ikkje. Dersom ein skal ta utgangspunkt i svara frå journalistane, verkar det faktisk som om lesarane av den språkdelte avisa er meir nynorsktolerante enn lesarane av nynorskavisa, trass i at nynorskavisa vert lesen av langt fleire nynorskbrukarar enn kva tilfellet er med den språkdelte avisa. Med utgangspunkt i svara frå dei same journalistane, kan det også sjå ut for at språktoleransen overfor dei to lokalavisene er større blant yngre lesarar og kvinner enn han er blant eldre og mannlege lesarar. Men generelt sett ser vi at journalistane i dei to avisene sjeldan eller aldri opplever å måtte forsvara nynorskbruken sin, og at dei sjeldan eller aldri får reaksjonar frå lesarane på val av målform. Redaktørane i dei to avisene opplever ikkje bokmålspress mot avisene sine, og det er berre nokre få av journalistane som har ei kjensle av auka bokmålspress dei seinare åra. Men fleire av dei trur at presset vil auka i åra som kjem, og dei tuftar dette på det dei opplever som store dialektendringar i kommunar som Os og Fjell. Dei meiner at dess meir dialekta nærmar seg bergensdialekta, dess meir vil nynorsken opplevast som framand for stadig fleire innbyggjarar i dei to regionane, og dermed vil også bokmålspresset mot lokalavisa auka. Eg er ikkje sikker på at dette er eit korrekt utviklingsscenario. Ser ein på skulemålsprosenten for Fjell kommune (sjå kapittel 6), ser ein at utviklinga i retning av meir bokmål i regionen er komen mykje lenger enn kva tilfellet er for til dømes Os sin del. Som vi har sett, ligg skulemålsprosenten i Fjell no på rundt 60 prosent bokmål, medan førebelse tal for 2010 viser at han ligg på rundt 14 prosent i Os. Trass i så store skilnader, har ingen av journalistane i *Vestnytt* ei sterkare oppleving av bokmålspress mot avisa si enn kva tilfellet er for journalistane i *Os og Fusaposten*. Dette kan også ha samanheng med at *Vestnytt* er ei språkdelte avis, og at toleransen blant lesarane overfor nynorsk i avisa difor er større enn om avisa var ei rein nynorskavis. Avisa har inngått eit språkleg kompromiss med lesarane sine. Dermed kan avisa også møta eventuell kritikk med at ein ikkje favoriserer nokon av målformene, og at

ein er tolerant både til nynorsk og bokmål i avisene. Slik blir også terskelen for språkkritikk høgare.

#### **10.4. Ulike haldningar til nynorskavisa**

Eitt av funna eg finn mest interessant i undersøkinga eg har gjort, er kor ulike haldningane til ei rein nynorskavis er i dei to avisene. Journalistane i *Vestnytt* seier dei ville oppleve det som negativt om avisene vart ei rein nynorskavis, medan journalistane i *Os og Fusaposten* ville oppleve det som like negativt om avisene deira vart ei språkdelt avis. Ingen av journalistane i *Vestnytt* meiner regionen dei dekkjer, treng ei rein nynorskavis. Dei meiner avisene ville ekskludera store lesargrupper dersom ho vart ei nynorskavis. Verken redaktør eller journalistar trur at avisene har ei framtid som rein nynorskavis etter at *Bergens Tidende* no har teke over eigarskapen i avisene. Dette er eit syn tidlegare redaktør Geir Magnus Nyborg deler med dei.

Dei nye eigarane kjem aldri til å gje *Vestnytt* ein rein nynorskprofil.

Det ville ikkje vera økonomisk forsvarleg, og for *Bergens Tidende* er økonomisk vinst eit stikkord når dei kjøper opp lokalavisar. Eg trur bokmålet vil ta større plass i *Vestnytt* om ti år enn kva det gjer i dag, mellom anna fordi rekrutteringa til nynorsken vert därlegare for kvart år som går. (Geir Magnus Nyborg.)

Men jamvel om journalistane i dei to avisene har ulike haldningane til ei nynorskavis, har dei også mange felles språkhaldningar. Samtlege journalistar i *Os og Fusaposten* meiner det ville vera negativt både for dei sjølve og språkutviklinga i regionen dei dekkjer, om avisene deira vart ei bokmålsavis. Det same meiner journalistane i *Vestnytt* om si avis og sin region. Skilnaden er at journalistane i *Vestnytt* også ville ha denne opplevinga om avisene deira vart ei rein nynorskavis, medan journalistane som dekkjer Os og Fusa meiner regionen deira treng ei nynorskavis. I etterkant av intervjurunden med journalistane i *Vestnytt*, har eg spurd fire av dei om dei har endra språkhaldningar etter at dei kom til avisene. Samtlege av dei har tidlegare jobba i reine nynorskavisar. Ingen av dei føler at dei har endra haldninga si til nynorsk eller nynorskavisar etter at dei byrja å jobbe i *Vestnytt*.

Tidlegare jobba eg i avisene *Tysnes*. Avisa dekkjer Tysnes, som er ein typisk nynorskkommune. Det ville ikkje vore naturleg å ha ei bokmålsavis eller ei språkdelt avis i dette området. Difor reflekterte eg vel heller aldri over dette spørsmålet då eg jobba der. Men for meg har det heile tida vore naturleg at *Vestnytt* er ei språkdelt avis, jamvel om eg sjølv nyttar nynorsk som skriftspråk. (Kvinne, 37.)

Journalistane i *Vestnytt* framstår jamt over som meir språkliberale enn fagfellene i *Os og Fusaposten*. Medan fem av journalistane i *Os og Fusaposten* meiner at det er viktig å halda gamle ord og uttrykk levande i sin nynorsk, er det berre ein av journalistane i *Vestnytt* som til dels har same syn på dette spørsmålet som journalistane i Os. Eit lite paradoks her er at redaktør Christian Stabell i *Os og Fusaposten* medvite styrer avis si i retning av ein moderne nynorsk, medan redaktør Elisabeth Netland i *Vestnytt* ikkje har fastsett ein mal for korleis nynorsken til journalistane hennar skal sjå ut. Det er med andre ord journalistane sjølve som i praksis styrer språkpolitikken i *Vestnytt*, og dei er i stor grad samde om at ein arkaisk nynorsk ikkje høyrer heime på Sotra eller i Øygarden. I begge avisene er det eit klårt fleirtal som meiner at nynorsken i avisene deira skal støtta opp om den tradisjonelle dialekten i regionen dei dekkjer. Men dersom toleranse i høve til endringar i talemålet er ei måleeining for kor moderne språksyn ein har, så er det journalistane i *Vestnytt* som skårar høgast her. Tre av sju meiner at avis sin nynorsk også skal tilpassast utviklingstrekk i den lokale dialekten. I Os er det berre ein journalist som meiner dette. Dette forsterkar etter mitt syn inntrykket av at det rår meir konservative språkhaldningar blant journalistane i *Os og Fusaposten* enn kva tilfellet er i *Vestnytt*. Den generelle haldninga blant dei fleste journalistane er likevel at språkendringar som ikkje er innført nasjonalt, heller ikkje skal nyttast lokalt. Dei fleste journalistane i dei to avisene svarar elles at dei føler at talemålet deira ligg nærmere nynorsk enn bokmål. Men det er flest journalistar i avisene *Vestnytt* som svarar dette (seks av sju i *Vestnytt*, fem av åtte i *Os og Fusaposten*). Likevel er det journalistane i Os som framstår som mest språkkonservative. Dette er noko som styrkar meg i trua på at språkhaldningane til journalistane i dei to avisene er farga av den gjeldande språkfilosofien til avisene dei arbeider i.

### 10.5. Personlege språkval

Vi har sett at eit klårt fleirtal av journalistane i dei to avisene (12 av 15) også ville ha skrive på nynorsk om dei jobba i ei avis som *Bergens Tidende*. Men på spørsmålet om kva målform dei ville nytta dersom dei skulle skriva ein roman, er det langt fleire som ville valt bokmål. Grunngjevinga deira er at dei meiner nynorsken når ut til langt færre enn bokmålet, og at føremålet med ein roman må vera å nå så mange som råd er. Fleire av dei meiner også at bokmål er eit betre romanspråk. For meg er dette svar som overraskar, ikkje minst når dei kjem frå folk som dagleg nyttar nynorsk som skriftspråk, både privat og yrkesmessig. Ein kan på sett og vis samanlikna det med norske musikarar som vil synga på engelsk for å nå eit internasjonalt publikum. Svara deira er i stor grad tufta på pragmatisme. Samstundes er det ærlege svar dei kjem med, svar som fortel noko om korleis dei ser på stoda til si eiga målform i eit nasjonalt perspektiv. Noko av denne haldninga vert etter mitt syn også reflektert i korleis fleire av desse journalistane nyttar

nynorsk privat. Vi har sett at fleire av dei vurderer sin private nynorskbruk i høve til mottakar, til dømes når dei sender e-post, kommuniserer via sosiale nettverksstader på Internett eller sender tekstmeldingar. Dette er ikkje fordi dei trur at mottakar ikkje forstår nynorsk, men fordi dei er redde for å bli stigmatiserte. Dette er ikkje ein frykt dei kjenner på i høve til lesarane sine, jamvel om mange av desse er bokmålsfolk. Dei ser med andre ord på nynorsk i lokalavisa som meir sosialt akseptert enn sin eigen, private nynorskbruk. Det kan også verka som om det er enklare å stå last og brast med nynorsken når ein har eit fagleg fellesskap i ryggen. Eg trur difor at eit språkmedvite fellesskap er viktig dersom nynorsken skal overleva som pressespråk. Slike miljø påverkar nye journalistar som framleis leitar etter sitt skriftlege uttrykk.

### **10.6. Samandrag av kapitlet**

Saker som omhandlar politikk og kommuneadministrasjon tek større plass i *Os og Fusaposten* enn i *Vestnytt*. Begge avisar har ei målsetting om å nå yngre lesarar, men samstundes tviler mange av journalistane på at ungdom les lokalavisa. Vi har sett at desse haldningane ikkje samsvarer med resultata frå omfattande undersøkingar som *A-pressen* har gjennomført om unge lesarar, der konklusjonen er at ungdom i stor grad les lokalavisa. Journalistane i *Vestnytt* har ikkje ein sams definisjon av dekningsområdet sitt. Avisa har heller ikkje ei fastsett språknorm. Redaksjonen i *Os og Fusaposten* verkar å ha ei sams oppfatning av kva som definerer eige dekningsområde, og avisa har også ein klår og tydeleg mal for utforming av skriftspråket i avisa. Journalistane i dei to avisene meiner det ville vore negativt om avisa deira vart ei bokmålsavis. Journalistane i *Vestnytt* meiner også det ville vore negativt om avisa deira vart ei nynorskavis, medan journalistane i *Os og Fusaposten* ikkje vil opna opp for saker på bokmål i avisa si. Vi har også sett at halvparten av journalistane i *Os og Fusaposten* er positive til bruk av ein meir arkaisk nynorsk, medan journalistane i *Vestnytt* er negative til dette. Eg har ut frå dette konkludert med at nynorskonservatismen er sterke i redaksjonen i Os enn kva tilfellet er blant fagfellene deira på Sotra. Vi har også sett at trua på nynorsk som lokalavisspråk verkar å vera sterke enn trua på nynorsken i eit nasjonalt perspektiv i dei to redaksjonane, og at journalistar som definerer seg sjølv som nynorskbrukarar, likevel nyttar bokmål i ulike samanhengar.

# Kapittel 11:

## Språkkulturelle føresetnader for nynorsken sin posisjon i Os og Region Vest

Vi har sett at Os kommune ikkje opplever den same nynorskleskjen som til dømes Fjell kommune. Os kommune har også ei anna kulturhistorie enn både Fjell, Sund og Øygarden. I dette avsluttande kapitlet skal vi sjå på om det er grunnlag for å hevda at ulik kulturhistorie også gjev ulik språkkultur. Åsmund Lien og Arne Olav Nilsen meiner at det er ein samanheng mellom desse to faktorane. Åsmund Lien er dagleg leiar ved Oselvarverkstaden i Os og har i mange år spela ei sentral rolle i kulturlivet i kommunen. Arne Olav Nilsen leier i dag arbeidet med ny bygdebok for Sund, og han er tidlegare ordførar i kommunen. Nilsen har i tillegg sterke band til Os, der han budde og arbeidde i fleire år, og der han også fann kona si. Begge har vore aktive målfolk og kulturarbeidarar i heimkommunane sine i ei årrekke. Bakgrunnen deira, med inngåande kjennskap til ulike kulturelle utviklingstrekk i dei to regionane *Vestnytt* og *Os og Fusaposten* dekkjer, gjer at eg har valt dei som strategiske kjelder og som utgangspunkt for ein meir allmenn refleksjon kring pressa si rolle i høve til nynorsk skriftkultur. Med same utgangspunkt har eg også nytta historikar Halvor Skurtveit og forfattar Olav Kobbelteit som kjelder.

### 11.1. Osingane vil ikkje vera bergensarar

Både osingen Lien og sundsokningen Arne Olav Nilsen trur at skilnadane i språkutviklinga er kulturelt forankra. Dei hevdar at medan havstrilane i vest til alle tider har teke imot bergensarane på bergensarane sine premissar, så har det vore stikk motsett i Os. Både Lien og Nilsen trur at folk som flyttar til Os, i større grad er innstilte på å bli osingar enn innflyttarane til Fjell er på å bli fjellsokningar.

Dei som har valt bokmål i grunnskulen i Os, høyrer i all hovudsak til i dei krinsane som ligg nærest Bergen, og hit flyttar bergensarane for å halda fram med å vera bergensarar. Dei vil ha bokmålet sitt og dei vil ha bergensdialekta si. Dei vil jamvel ha 55-nummer på telefonen sin, ikkje 56-nummer, slik som osingane har. Men tradisjonen her er at folk i stor grad flyttar til Os for å bli osingar.  
(Åsmund Lien, intervju, 21. oktober 2009)

Reidunn Hernes meiner også at Os markerer seg som noko anna enn ein forstad til Bergen. Ho meiner osingane har hegna om bygdestatusen sin, trass i at liknande tettstader som

Osøyo dei siste åra har søkt bystatus. Ho meiner at nettopp bygdestatusen er ein viktig del av sjølvbiletet til osingane.

Sjølv om Os berre ligg 3 mil frå den nest største byen i Noreg, og sjølv om innflyttinga har vore stor dei siste femti åra, meiner eg det finst ei klar førestelling i lokalsamfunnet om at Os er bygd, og ikkje by. (Reidunn Hernes, 2006:126)

Ved ein skule i Os har rett nok foreldre med bergensbakgrunn også meint at elevane i bokmålklassane skal få bokmålsopplæringa si etter det bergenske tokjønnsprinsippet. (Kjelde: Endre Brunstad, UiB.) Dette viser at det også i Os er folk som ynskjer å markera at dei er ikkje-lokale i kommunen. Men dei er i klårt mindretal i ei bygd der nynorsk framleis er den dominerande målforma i grunnskulen. Tidlegare har vi sett at bokmålet er den dominerande målforma i grunnskulen i Fjell, som er den kommunen i Region Vest med størst tilflytting frå Bergen. Fjell har ikkje klart å demma opp for språkpresset frå tilflyttarane på same måte som Os, trass i at dei to kommunane har hatt ei relativt lik demografisk utvikling. Arne Olav Nilsen er ikkje i tvil om at forklaringa på dette er kulturelt forankra.

Område med lange kulturtradisjonar har ikkje kasta vrak på nynorsken på same måte som vi har gjort her vest. Vi har ikkje lange nok røter til å stå i mot bokmålpresset. Vi vel å ta etter bergensarane, og det er vel i dette lyset vi også må sjå språkpolitikken i lokalavisa vår. (Arne Olav Nilsen, 2009.)

Han meiner forklaringa er å finna i bergensaren si haldning til havstrilen - og omvendt. Han meiner kystkulturen tradisjonelt representerer slit og armod. Dette er også eit bilete av havstrilen som vert teikna i *Fjellfilmen* frå 1979, der ein får høyra om ”ein kultur som voks fram frå slitet mellom nakne knausar og vidt hav”. Nilsen meiner havstrilen generelt vart nedvurdert og latterleggjort av byfolk, og var bymannen underlegen. Dette er eit fenomen professor Knut Kjeldstadli ved Universitetet i Oslo også peikar på i sitt festskrift ”*Noregs Mållag - nye hundre år?*” ([http://www.sprakradet.no/Toppmeny/Publikasjoner/Spraaknytt/Arkivet/2006/Spraaknytt\\_3\\_2006/Noregs\\_Maallag/](http://www.sprakradet.no/Toppmeny/Publikasjoner/Spraaknytt/Arkivet/2006/Spraaknytt_3_2006/Noregs_Maallag/)) ”Mens de i bygda hjemme hadde vært respektert, ble de her møtt med *frons urbana*, med bystorsnut. De ble sosialt tråkket på”, skriv Kjeldstadli om vestlandsbøndene sitt møte med byen. Slike meiner Arne Olav Nilsen det tek generasjonar å rista av seg. Nilsen meiner omgrepet kultur var ikkje-eksisterande på Sotra før 1960. Folk jobba med småbruk og fiske, somme jobba på sildoljefabrikken i Knarrevik, og mange var vekependlarar med arbeid i Bergen.

Forfattaren og skulemannen Harald Nordstrand frå Sund hevdar i boka "Havstril" at fattigdomsbiletet av strilen er tufta på uforstand, eit negativt bilete som overklassen skapte. Han skuldar forfattarar som Ludvig Holberg og Johan Sebastian Welhaven for å ha sett eit heilt område "i miskredit på grunn av uforstand". (Nordstrand, 1998:10) Men Nordstrand si bok fortel i hovudsak historia om havstrilen som hadde suksess, havstrilen som tente seg rik på fisket. For det var somme av dei også. Men "Strilesoga" teiknar eit bilete av strilen sin kvardag som er meir i tråd med Arne Olav Nilsen si skildring. I dette verket heiter det mellom anna at "bruken var små, og for det meste ei attåtnæring til fisket". (Ertsvaag, Egil, "Strilesoga - frå 1914 til i dag", 2001:13)

Bergen var ein viktig marknad for fiskaren, og mykje av fisken vart sold på Fisketorget i Bergen. Ein stril som hadde vore lenge i Bergen, la ofte om dialekta si. Med rulle-r som ein del av dialektbiletet, var dette heller därleg språkkamuflasje. På Sotra fekk ein raskt utnamnet "silkestril" når ein gjorde slikt. Mange strilar modererte og tilpassa språket sitt i møte med bergensaren, slik vi har sett at somme av nynorskjournalistane i dag modererer skriftspråket sitt i møte med bokmålsfolk. For bergensaren var Sotra og Øygarden ein del av samleomgrepet "på landet", og for eldre bergensarar er det framleis slik. For bergensaren var strilen ofte ukultivert og enkel, for strilen var bergensaren like ofte ein hjelpelaus snobb som var redd for å få skit under neglene. Kystkultur var det ingen som snakka om. Det var først på 1970-talet at dette vart eit bruksomgrep.

### **11.2. Avstand til Bergen styrer språkutviklinga**

Kjensla av at kystkulturen er noko å vera stolt av, har i ei årrekke vore aukande i Region Vest. Det kan ein mellom anna sjå på omfanget Torgdagen i Bergen etterkvart har fått, der stril og strilekultur vert vist fram som ein turistattraksjon. (<http://www.visitbergen.no/237-torgdagen.htm>) Halvor Skurtveit har sidan 1998 leia arbeidet med eit omfattande bygdebokverk for Fjell. Han meiner regionen vest for Sotrabrua kan takka den såkalla 68-generasjonen for å ha løfta kystkulturen opp og fram. Men han er usikker på om entusiasmen rundt kystkulturen vil halda seg i åra som kjem. Han trur heller ikkje dagens unge vil identifisera seg like sterkt med kystkulturen som generasjonane før dei gjorde.

Eg trur mange unge på Sotra identifiserer seg meir som bergensarar enn som strilar. Det er til Bergen dei søker for ulike kulturtildobod.

Vi har eit gigantisk kjøpesenter på Littlesotra, men det er trass alt berre eit kjøpesenter, med alle dei typiske tilboda slikt har å by på.

Skal du på kino, teater, restaurant eller pub, så må du til Bergen, og vegen inn dit er kort. Difor trur eg heller ikkje at kjensla av å vera stril er ei kjensle som kjem til å styrka seg i Fjell i åra som kjem.

(Halvor Skurtveit, intervju, 7. april, 2010.)

Men Skurtveit meiner Nilsen sin teori om at ulik språkutvikling i Os og Region Vest er tufta på ulik kulturbakgrunn, har noko for seg. Historikaren Skurtveit peikar på at Region Vest manglar dei kulturelle symbola som osingane har, som til dømes Lyse kloster, Lysøen og oselvaren, og at dette gjer noko med identitetskjensla. Han minner også om at avstanden mellom Sotra og Bergen er kortare enn mellom Bergen og Os, og at Fjell har hatt ein brattare vekstkurve i folketalet enn Os dei siste tretti åra. Dette er også noko forfattar, bokjournalist og fjellsokning Olav Kobbeltveit meiner er viktig når ein skal freista å finna forklaringar på ulik språkutvikling.

Sjå på korleis til dømes Fjell har teke imot dei nye innbyggjarane sine. Dei har blitt plasserte i store byggjefelt der bokmålet har fått godt fotfeste. Os har absorbert folkeveksten på ein heilt annan måte enn Fjell, og dette påverkar også språkutviklinga. Eit anna moment er avstand. Med bil brukar eg eit drygt kvarter frå heimstaden min på Kolltveit og inn til Bergen sentrum. Frå Os er køyretida nesten det tredoble. Slik utviklinga har vore her vest, er eg faktisk mest overraska over at ikkje bokmålsprosenten i grunnskulen er høgare enn han er i dag. (Olav Kobbeltveit, intervju, 9. april, 2010.)

Kobbeltveit meiner at manglande sentrumsfunksjon i Region Vest også er ein faktor som spelar inn når ein skal sjå utviklinga i eit historisk perspektiv.

Vår region har aldri hatt eit Osøyro. Handel gjekk føre seg der ferja låg til kai. Dette var små handelsstader med stor avstand til kvarandre. Fjell gard hadde til dømes aldri Osøyro sin funksjon, jamvel om kommunesenteret i Fjell hadde både butikk, kyrkje, kommunehus og lensmannskontor. (Olav Kobbeltveit.)

### 11.3. Lokalavisa si rolle

Speler lokalavisa ei rolle i språkutviklinga i Os og Region Vest? Vi har sett at meiningsane blant lokalavisjournalistane er delte i dette spørsmålet. Arne Olav Nilsen er derimot ikkje i tvil om at språket i lokalavisa også er viktig for språkutviklinga i regionen. Han trur at ei lokalavis utan nynorsk vil føra til at nynorsken på sikt døyr ut som bruksspråk i regionen.

Nynorsk er eit bruksspråk i Os i langt større grad enn i vår region, og her trur eg lokalavisa spelar ei rolle. Eg opplever at osingane er meir stolte over språkleg identitet enn vi er. Vi er generelt mindre

medvitne på val av målform her vest enn kva osingane er, og eg kan ikkje fri meg frå tanken om at ei nynorskavis på Sotra og i Øygarden ville løfta nynorsken i regionen vår. (Arne Olav Nilsen.)

Åsmund Lien meiner også at osingane har ein sterkare kulturell identitet enn strilane i vest. Han opplever det som uaktuelt at osingane skal gje etter for språklege ultimatum frå bergensarane, og han meiner at lokalavisa i Os er eit godt døme på dette. Olav Kobbeltveit er samd i at lokalavisa i Os har vore ein god ambassadør for nynorsken, men han meiner det er tvilsamt om nynorsken i Os hadde stått seg så mykje betre enn i Fjell dersom Os hadde vore utsett for det same språkpresset. Han meiner tvert om at regionen i vest har vist stor evne til kulturell meistring, også språkleg, og han trur at *Vestnytt* har vore med på å spela ei rolle her. Han er usamd med dei journalistane som meiner at språket i lokalavisa er utan innverknad i høve til språkhaldninga i dekningsområdet sitt.

Eg trur det verdfullt at ungdom ser att språket dei lærer i skulen. Det gjer dei både i lokalavisa og i *Bergens Tidende*, og difor er nynorsk som avisspråk viktig. Men eg tviler samstundes på om språkutviklinga i Region Vest hadde vore ei anna dersom regionen hadde hatt ei nynorskavis. Til det har språkpresset vore for stort og for konsentrert. Eg trur også språkdelinga i *Vestnytt* er ei god løysing slik ho framstår i dag. (Olav Kobbeltveit.)

Tidlegare storaksjonær i *Vestnytt*, Sigurd Hille, trur at også lokalavisa i Os må fira på målkrava i åra som kjem, ikkje minst når det nye vegsambandet mellom Bergen og Os opnar i 2012. Hille var sjølv disponent i *Gula Tidend* i ni år, og han meiner det er ein vesentleg skilnad på denne avisas og ei moderne lokalavis.

*Gula Tidend* var ein faneberar for målsaka. Det skal ikkje ei lokalavis vera. Ei moderne lokalavis skal tena lesarane sine. Ho skal spegla samfunnet ho representerer, også språkleg. Difor trur eg at også *Os og Fusaposten* må leggja om målpolitikken sin, ikkje minst når reisetida mellom Bergen og Os vert korta ned. Dette er noko som vil føra med seg språklege endringar, særleg gjennom auka tilflytting, og det må også lokalavisa ta inn over seg. (Sigurd Hille, intervju, 4. mars, 2010.)

#### **11.4. Vil ”innflyttarplaga” ta knekken på den nynorske lokalavisa?**

I tidlegare kapittel har vi sett at bokmålet sin framvekst i Region Vest har vore størst på

Litlesotra. Det er også her dei store byggjefelta har vakse fram, område som i løpet av nokre få år har gått frå å vera utmark til å bli småbyar for tilflytta bergensarar. Medan osingane hegnar om bygdestatusen sin, har fleire politikarar og næringslivstoppar i Fjell teke til orde for å gjera kommunesenteret Straume til ein by. (<http://vestnytt.no/oppsett/skygesider/mobiliserer-til-kamp-mot-bypla/>) Lokalavisa har med jamne mellomrom oppslag der ulike aktørar luftar tankane sine om kystbyen dei håpar skal koma. Straume er også det første området med ein sentrumsfunksjon som har vakse fram i regionen, og det har skjedd i ei tid og i eit område der bokmålet har hatt gode vekstvilkår. Her er det ein vesentleg skilnad mellom Os og Region Vest, med sistnemnde sin historiske mangel på sentrumsfunksjonar. Verken Fjell, Sund eller Øygarden har hatt eit sentrum av Osøyro sin dimensjon. Sund har vel vore nærest, med handelsstaden Glesvær som eit sentrum med lange historiske røter, eit sentrum for fiskeri og handel, og også eit av områda i regionen der nynorsk språkkultur står sterkest i dag. Historie, kultur og større fysisk avstand til Bergen har gjort Os til ein premissleverandør, også språkleg, i langt større grad enn kva tilfellet er på Sotra og i Øygarden. Strilane i vest har i større grad vore avhengige av bergensarane enn kva osingane har vore, og regionen deira har samstundes mangla mykje av den kulturhistoriske auraen som har vore rundt Os. Eg trur ikkje at ein utelukkande kan støtta seg til denne forklaringsmodellen når dei historiske språklinene skal trekkjast. Men han er ein viktig del av totalbiletet.

Frå 1920-talet og fram til midten av 30-talet innførte strilane nynorsk som skriftspråk i Fjell, Sund og det som i dag er Øygarden, trass i dei sterke handelsbanda til Bergen. Dette skjedde gjennom folkerøystingar, og som vi har sett var det stort sett fleirtal i bygdene for å innføra nynorsken (sjå kapittel 6). Dette var ei solid identitetsmarkering, og fra 1935 til 1978 var nynorsk einaste målform i grunnskulen i dei tre kommunane. Vi har tidlegare sett at det var krinsane som husa dei store byggjefelta på Litlesotra, som først braut med nynorsken. I tid fell dette saman med byggjeboomen som kom i kjølvatnet av at Sotrabrua stod ferdig i 1971. Den bratte folkevekstkurva som særleg Fjell kommune opplevde, attspeglar ei gigantisk innflytting, og det er ein grunnleggjande årsak til at bokmålet i dag er dominante i Fjell. Men språket har også blitt ofra på alteret til ein vilkårleg utbyggingspolitikk. Arbeidsplassar, utvikling og økonomisk vekst og vinst i ein i utgangspunktet fattig region har vore viktigare for politikarane enn god bustadplanlegging. Utbygging har, slik eg ser det, skjedd på utbyggjar sine premissar, og politikarane har vegra seg mot å stilla for strenge krav til kor og korleis det skal byggjast ut. Dette er noko som kan knytast til Åsmund Lien og Arne Olav Nilsen sin teori om at sotrastrilane har hatt tradisjon for å gje etter for bergensarane sine krav i større grad enn kva osingane har gjort. Litlesotra har gått tapt for nynorsken, og i stor grad også for sotrastrilane. I dag er det

tilflyttarane som dominerer denne delen av Sotra.

Sartor Storsenter orienterer mykje av marknadsføringa si mot Bergen, og sentrum er berre eit kvarters reisetid unna. Ingen av barneskuleelevene på Litlesotra har nynorsk som hovudmål, noko som er ein trist effekt av urbaniseringa, og for skulen er det både utfordrande og vanskeleg å demma opp for utviklinga. (*Vestnytt*, "Nynorsk tapar terreng på skulane", 4. februar, 2010:4.)

"Ein kan aldri venda tilbake til det som var, for det som var, er ikkje lenger". Slik sa Andreas Hompland det då han heldt tale i samband med Norges Vel sitt 200-årsjubileum i august 2009. (Andreas Hompland, "*Eit utflyttaauge på lokalsamfunnet*", 2009.) Hompland forska i si tid på "innflyttarplaga", eit fenomen som for alvor breidde om seg utover på 70-talet.

Det var ei plage for dei innfødde at noen av innflyttarane ikkje ville ta skikken dit dei kom; dei tok med si urbane livsform med over i det rurale. Dei flytta til bygda og prøvde å gjera henne om i sitt bilde. Men det blei opplevd som ei vel så stor plage at andre innflyttarar tilpassa seg så altfor godt - ikkje til det som var, men til det som hadde vore: til sitt bilde av det godelivet på landet, ei virklegheit som mange bygdefolk gjerne ville kome bort frå, og inn i det moderne norske arbeids- og forbrukarlivet. (Andreas Hompland, 2009:6)

For Litlesotra sin del er det nok første del av skildringa til Hompland som passar best, og med opninga av Sotrabrua i 1971 var det gjerne ikkje anna å venta. Dei som var fattige småbrukarar på Litlesotra, tente seg rike på å selja jorda si. Karrig innmark og utmark vart omgjort til verdfullt tomteland, og nærleiken til Bergen auka vinsten av tomtesalet. I dag er bustadtettleiken stor på Litlesotra, og politikarane i Fjell har for lengst vendt blikket vestover når nye bustadfelt skal planleggjast. Dette har også fått konsekvensar for nynorsken i dette området, men ikkje i same skala som på Litlesotra.

Eg trur ikkje tilflyttinga aleine skal ha skulda for at Litlesotra har gått tapt for nynorsken. Påverknad frå media som tv, radio og Internett påverkar også språkutviklinga. Men samstundes viser statistikken at dei gredene i Fjell der tilflyttarane i større grad har blitt integrerte i den eksisterande busetnaden, også har større prosentdel nynorsk i grunnskulen. (<http://www.wis.no/stat09/application/main.jsp?languageId=2>.) Det kan tyde på at tradisjon og etablert språkkultur spelar ei rolle. Kontrafaktisk kan ein spekulera på om resultatet ville ha vore eit anna på Litlesotra med ein annan generell busetnadspolitikk i

Fjell. Når lokalavisa slit med å realisera lesarpotensialet på Litlesotra, kan dette tyda på at innbyggjarane her i mindre grad identifiserer seg som strilar enn som bergensarar. Å abonnera på lokalavisa er etter mitt syn eit kjennemerke på at ein identifiserer seg med eit lokalsamfunn.<sup>1</sup> Manglande oppslutnad om lokalavisa på Litlesotra styrker dermed teorien om at mange av innbyggjarane i denne regionen identifiserer seg meir med Bergen enn med Sotra. Meir bokmål i *Vestnytt* ser ikkje ut til å ha skaffa avis fleire abonnentar i denne delen av regionen. Fjell er også den kommunen der *Vestnytt* har lågast dekningsgrad, med 45,3 prosent av husstandane. ([www.aviskatalogen.no](http://www.aviskatalogen.no)) Dette er også den kommunen i regionen der *Bergens Tidende* har høgast dekningsgrad (38,4 prosent). *Vestnytt* har ein dekningsgrad i Sund og Øygarden på høvesvis 50,6 og 49,9 prosent. Til samanlikning har *Bergens Tidende* 36,9 og 29,7 prosent dekningsgrad i desse to kommunane. Både i Os og Fusa har *Bergens Tidende* ein dekningsgrad på 38 prosent, medan *Os og Fusaposten* dekkjer 54 prosent av husstandane i Os og 67 prosent i Fusa. *Bergens Tidende* har med andre ord om lag same dekningsgrad både i Fjell og Os, medan lokalavisa har langt høgare dekningsgrad i Os enn i Fjell. Det er dermed tydeleg at nynorsk i avisar ikkje hindrar osingane frå å slutta sterke opp om lokalavisa si enn fjellsokningane gjer med si språkdelte avis. Eg ser dette som eit teikn på at avisspråk ikkje er avgjerande for om bergensarar som kjem til Sotra vil abonnera på lokalavisa eller ikkje, men at det heller er generell lokal tilknyting som har relevans her. Så lenge ein ikkje identifiserer seg som fjellsokning, sundsokning eller øygardsværing, så vil heller ikkje lokalavisa ha særleg verdi, uansett om ho er skriven på nynorsk eller bokmål. Det er dei færraste som har interesse av å følgja med på kva som skjer i ein region dei ikkje identifiserer seg med. Vi har sett at bergensaren som kjem til Fjell, har fått høve til å vera bergensar i langt større grad enn i Os, som førebels har absorbert og integrert tilflyttarane sine betre enn Fjell har makta. Dette har også vore til gagn for lokalavisa i Os, som trass i at ho ikkje aktivt marknadsfører seg for å få nye abonnentar, likevel har betre husstandsdekning enn lokalavisa i Region Vest.

1 *Vestnytt* har ikkje eksakte tal på kor mange lesarar dei har på Litlesotra i høve til avisar som *Bergensavisen* og *Bergens Tidende*. I ei vidareføring av arbeidet mitt, kunne det vore spanande å sjå på kven som abоннерer og kven som ikke abоннерer i dette området, kva haldningar dei har til lokalavis og kva haldningar dei har til nynorsk. Det kunne også vore interessant å kartleggja kor innflyttarane faktisk kjem frå, korleis dei definerer seg sjølv og om dei kjem frå område som har lokalavistradisjon eller ikke. Eg har ”tjuvstarta” på dette arbeidet, og det eg ser er at tilflyttarar frå område med lokalavistradisjon tingar lokalavisa for å bli betre kjende med regionen dei flytta til, medan folk med bergensbakgrunn i mindre grad gjer dette. Tilflyttarane frå område med lokalavistradisjon ser også ut til å abonnera på lokalavisa frå staden der dei voks opp. Men informantane mine er førebels få. Difor har eg ikke grunnlag for å fremja dette som noko anna enn ein teori det kunne vore interessant å jobba vidare med.

Eg trur elles at sak er viktigare enn språk for lesaren av lokalavisa, og sjølv tilflyttarane frå Bergen tyr til *Vestnytt* når skulen vert for liten, skulevegen for trang og farleg eller nye byggjefelt kjem for tett på nabolaget deira. Det gjev meg også trua på at nynorsken har ei framtid som skriftspråk i lokalavisene rundt Bergen, og at også bergensarane på Litlesotra på sikt kjem til å støtta opp om lokalavisa si, uansett kva målform ho måtte ha. Lesaren av lokalavisa vert eksponert for bokmål i så mange andre samanhengar i løpet av ein dag, at dei fleste truleg ikkje føler dei får for mykje nynorsk ved å lesa lokalavisa. Her trur eg tradisjon er eit stikkord. Lokalavisa er ein sterk berar av lokal tradisjon og kultur og er dermed med på å styrka lesaren si kjensle av lokal tilknyting og identitet. I dette totalbiletet spelar nynorsken etter mitt syn ei viktig rolle for lesaren. Nynorsken vert ein del av det som definerer lokalavisa, og som gjer henne til nettopp lokalavisa.

# Kjelder:

## Intervju

Bjørlo, Randi, intervju, 14. mars, 2010.  
Bodal Johansen, Gunnar, intervju, 3. mars, 2010.  
Bungum, Sverre, intervju, 23. november, 2009.  
Dyrøy, Vigleik, intervju, 6. mars, 2010.  
Einarsen, Ernst, intervju, 14. september, 2009  
Fjeld, Ivar, intervju, 13. oktober, 2009.  
Fonn Hafskor, Magne, intervju, 7. mars, 2010.  
Hartvedt, Tone, intervju, 6. april, 2010.  
Hille, Sigurd, intervju 4. mars, 2010.  
Klubben, Oddvin, intervju 12. november, 2009.  
Kobbeltveit, Olav, intervju, 9. april, 2010.  
Leikanger, Sylvi, intervju 3. mars 2010.  
Lien, Åsmund, intervju, 21. oktober, 2009.  
Midtbø, Karl Ole, intervju, 6. april, 2010.  
Netland, Elisabeth, intervju, 27. oktober, 2009.  
Nilsen, Arne Olav, intervju, 1. september, 2009.  
Nyborg, Geir Magnus, intervju, 19. oktober, 2009.  
Nyborg, Marianne Cristi, intervju, 20. oktober, 2009  
Rasmussen, Terje, intervju 26. april, 2010.  
Schei, Sølv, intervju, 2. november, 2009.  
Skurtveit, Halvor, intervju, 7. april, 2010.  
Stabell, Christian Fredrik, intervju, 21. oktober og 23. november, 2009.  
Storheim, Hans Egil, intervju, 14. mars, 2010.  
Styve, Kyrre, intervju, 9. november, 2009.  
Tvedt, Sveinung, intervju, 29. desember, 2009.  
Tysse, Hallvard, intervju, 24. april, 2009.

## Andre munnlege kjelder

Anonymiserte: Femten journalistar i avisene *Vestnytt* og *Os og Fusaposten*, intervju om språkhaldninga i dei to avisene.  
Brunstad, Endre: Om val av tokjønnsprinsippet i bokmålsopplæringa i Os.  
Einarsen, Ivar: Informasjon om medlemstal i idrettslaget i Fjell.  
Glesnes, Heidi: Om målform på annonsar i *Vestnytt*  
Opheim, Haldis: Informasjon om krinsrøystingar om skulemål i Fjell.  
Sanden, Alf: Sotra Mållag, nynorskstatistikk i *Vestnytt* 2000 - 2009.

## Litteratur, internettressursar og film

Almenningen, Olaf og Åsmund Lien: *Striden for nynorsk bruksmål*, Det Norske Samlaget, Gjøvik, 1978.  
A-pressen lokale medier (utgj.): *Rapport Ung Leser*, Mfakta, 2008.  
Bentdal Støverud, Erik, ”Periferifestivalen fekk målpris”, i *Vestnytt*, 20. oktober, 2009.  
Berge, Dahl og Walton: *Skriftkultur*, Norsk sakprosa, Oslo, 2004.  
Bjelland, Bjørke, Hauge, Kristiansen, Lien og Tvedt: *Det ligg ei bygd - Os gjennom 150 år*, Os kommune, 1987.  
Bukholm, Hans (regi) og Per Tautra: *Fjellfilmen*, Fjell Filmnemd, 1979.  
Dekningsgrad for *Bergens Tidende* og *Vestnytt*, [www.aviskatalogen.no](http://www.aviskatalogen.no), 16. april, 2010.  
Dekningsgrad for *Os og Fusaposten*, [www.osogfusaposten.no](http://www.osogfusaposten.no), 16. april, 2010.  
Espeland, Gard: *Lokalavisa nær og kjær*, LLA, Oslo 2006.  
Ertresvaag, Egil: *Strilesoga - frå 1914 til i dag, femte band*, Eide Forlag, 2001  
Fakta om Ågotnes Kystbase, [www.coastcenterbase.no](http://www.coastcenterbase.no), 18. januar, 2010.  
Fjeld, Ivar: *Ivar Skrivar - Frå ateisme til kristen tru*, Apelthun House Forlag, 2006.  
Fjeld, Magne: ”Vert det nynorskklasse ved Foldnes skule?”, i *Sotra Nytt*, 29. september, 1976.

- Folketalsstatistikk for Fjell, Sund, Øygarden, Os og Lindås, [www.ssb.no](http://www.ssb.no), 30. mars, 2010.
- Grafisk trykk, historie, på nettsida [http://www.grafisk-trykk.no/index.php?option=com\\_content&task=view&id=70&Itemid=139](http://www.grafisk-trykk.no/index.php?option=com_content&task=view&id=70&Itemid=139), 9. mai, 2010.
- Grepstad, Ottar: *Nynorskpressa som kultur- og identitetsskapande faktor 1858 - 2008*, føredrag på dei norske mediedagane i Oslo, 10. oktober 2008.
- Handelsstaden Glesvær, heimesida, [www.holmakaien.no](http://www.holmakaien.no), 16. desember, 2009.
- Hellevik, Ottar: ”Nynorskbrukaren - kven er han?” i Bakke og Teigen (red.), *Kampen for språket*, Det Norske Samlaget, Oslo, 2001.
- Hernes, Reidunn: *Talemål i endring? Ein longitudinell studie av talemålsutvikling og språkleg røyndomsoppfatning blant ungdomar i Os*, Universitetet i Bergen, 2006, på nettsida <https://bora.uib.no/bitstream/1956/1927/1/Main%20Thesis.pdf>, 6. mai, 2010.
- Hoel, Oddmund L: *Den nynorske pressa fram til 1940*, manuskript, 15. november, 2008.
- Hompland, Andreas: *Eit utflyttaauge på lokalsamfunnet*, tale til Norges Vel sitt 200-årsjubileum, Stiklestad, 20. august, 2009.
- Höög, Catharina Nyström: *Teamwork? Man kan lika gärna samarbete*, Novus, Stockholm 2005.
- Informasjon om Business Region Bergen, [www.br.no](http://www.br.no), 4. april, 2010.
- Informasjon om *Byavisen*, <http://byavisen.net/om-byavisen>, 4. april, 2010.
- Informasjon om *Havstrilen*, [www.havstril.no](http://www.havstril.no), 26. november, 2009.
- Informasjon om Solstrand Fjordhotell, [www.solstrand.com](http://www.solstrand.com), 16. mars, 2010.
- Informasjon om avis *Sunnhordland*, <http://www.aasentunet.no/default.asp?menu=452>, 7. mai, 2010.
- Informasjon om Torgdagen i Bergen, på nettsida <http://www.visitbergen.no/237-torgdagen.htm>, 11. mai, 2010.
- Kalgraf, Marit: ”Nynorsk tapar terreng på skulane”, i *Vestnytt*, 4. februar, 2010.
- Kjeldstadli, Knut: *Noregs Mållag - nye hundre år?* på nettstaden [http://www.sprakradet.no/Toppmeny/Publikasjoner/Spraaknytt/Arkivet/2006/Spraaknytt\\_3\\_2006/Noregs\\_Maallag/](http://www.sprakradet.no/Toppmeny/Publikasjoner/Spraaknytt/Arkivet/2006/Spraaknytt_3_2006/Noregs_Maallag/), 28. april 2010.
- Kvale, Steinar: *Det kvalitative forskningsintervju*, Gyldendal, Oslo 1997.
- Lag og organisasjoner i Fjell, [www.fjellkommune.no](http://www.fjellkommune.no), 12. januar, 2010.
- Langeland, Alfred (red.): *Grunnskulen i Fjell 250 år*, Fjell kommune, 1988.
- Marifjæren, Per: ”Krev nynorsk frå Friile” i *Bergens Tidende*, 15. oktober, 2009.
- Mediemållaget: *Stabell i Os og Fusaposten fekk Nynorsk Redaktørpris for 2009*, på <http://mediedagane.no/>, 1. mai, 2010.
- Morland, Johannes: ”Mobiliserer til kamp mot kystbyen”, på nettstaden <http://vestnytt.no/oppsett/skygesider/mobiliserer-til-kamp-mot-bypla/>, 10. mars, 2010.
- Mæhlum, Akselberg, Røyneland og Sandøy: *Språkmøte - Innføring i sosiolingvistikk*, Cappelen, Oslo 2003.
- Målform i grunnskulen i Askøy kommune, Grunnskolens Informasjonssystem, på nettstaden <http://www.wis.no/stat09/application/main.jsp?languageId=2>, 22. april, 2010.
- Målform i grunnskulen i Fjell, Grunnskolens Informasjonssystem, på nettstaden <http://www.wis.no/stat09/application/main.jsp?languageId=2>, 22. april, 2010.
- Målform i grunnskulen i Lindås, Grunnskolens Informasjonssystem, på nettstaden <http://www.wis.no/stat09/application/main.jsp?languageId=2>, 22. april, 2010.
- Målform i grunnskulen i Meland, Grunnskolens Informasjonssystem, på nettstaden <http://www.wis.no/stat09/application/main.jsp?languageId=2>, 22. april, 2010.
- Målform i grunnskulen i Os, Grunnskolens Informasjonssystem, på nettstaden, <http://www.wis.no/stat09/application/main.jsp?languageId=2>, 22. april, 2010.

- Målform i grunnskulen i Sund, Grunnskolens Informasjonssystem, på nettstaden <http://www.wis.no/stat09/application/main.jsp?languageId=2>, 22. april, 2010.
- Målform i grunnskulen i Øygarden, Grunnskolens Informasjonssystem, på nettstaden <http://www.wis.no/stat09/application/main.jsp?languageId=2>, 22. april, 2010.
- Netland, Elisabeth: *Straume Næringspark vart Årets Bedrift*, på nettstaden <http://vestnytt.no/nyheter/straume-naeringspark-vart-arets-bedrift/>, 14. november, 2009.
- Netland, Elisabeth (red.): *Årsberetning Vestnytt 1996*, Mediatorykk, Bergen, 1997.
- Nordstrand, Harald: *Havstril - Menneske og levemåte i Austevoll, Sund og Fjell*, Eide Forlag, 1998.
- Nynorsk i avis, på nettstaden <http://www.spel.aasentunet.no/Sprakfakta/14/>, 4. februar, 2010.
- Opplagstabell *Midhordland*, [www.mediemallaget.no](http://www.mediemallaget.no), 5. mars, 2010.
- Opplagstabell *Nordhordland* og *Sydvesten*, <http://www.lla.no/medlemsaviser/avis.cfm>, 5. mars, 2010.
- Opplagstabell *Os og Fusaposten*, [www.lla.no](http://www.lla.no), 5. mars, 2010.
- Opplagstabell *Strilen*, *Askøyværingen*, *Fanaposten*, *Bygdnytt*, [www.mediebedriftene.no](http://www.mediebedriftene.no), 5. mars, 2010.
- Opplagstabell *Vestnytt*, [www.mediebedriftene.no](http://www.mediebedriftene.no), 5. mars, 2010.
- Opplagstal *Åsane Tidende*, [www.aasanetidende.no](http://www.aasanetidende.no), 5. mars, 2010.
- Roppen, Johan: *Lokalavisa etter 1950 - ein nynorsk spesialitet?*, føredrag på konferansen ”Vendepunkt i nynorsk presse”, Ivar Aasen-tunet, Ørsta, 7. -8. november 2007.
- Sartor Storsenter (utgj.): *Samfunnsrapport 08*, Rockall of Norway, 2009.
- Statens Vegvesen, reguleringsplan E 39 Svegatjørn - Rådal, [www.vegvesen.no](http://www.vegvesen.no), 22. februar, 2010.
- Strand, Hilde Kristin: ”Nynorsk på vikande front i nord”, i *Askøyværingen*, 15. desember, 2009.
- Sæverås, Karstein: ”Vil ha byråkratar på nynorsk-kurs”, i *Vestnytt*, 24. januar 2009.
- Torp, Arne og Lars S. Vikør: *Hovuddrag i norsk språkhistorie*, Ad Notam Gyldendal, Oslo 2000.

## Vedlegg 1:

### Intervjuguide - spørsmål og forklaringar

I løpet av hausten 2009 gjennomførte eg ei rekke intervju med journalistane i avisene *Vestnytt* og *Os og Fusaposten*. Målet var å kartleggja oppfatninga om nynorsk i lokalavisa. Men eg hadde også som mål å finna ut korleis journalistane grunna eigne språkval.

I denne intervjuguiden presenterer eg spørsmåla eg har stilt journalistane. Etterpå gjev eg ei kort forklaring på kva som har vore målet med somme av spørsmåla.

#### Spørsmål

Bakgrunnsspørsmål:

Alder, kjønn, eventuell utdanning og tidlegare praksis innanfor journalistikken, kor lenge har journalisten vore tilsett i avisa, lokal tilknyting.

1. Først litt om lokalavisene si rolle i lokalsamfunnet. Kva meiner du er det viktigaste føremålet med *Vestnytt*/*Os og Fusaposten*?

2. Kven er lesargrupsene for lokalavisa?

Oppfølging til spørsmål 2:

Har de i avisa tenkt ut spesielle segment eller typar av lesarar?

3. Kan du seie litt om korleis du vurderer dekningsområdet for avisa - kva er det, og på kva måte vil du seie at det er einsarta?

Oppfølging til spørsmål 3:

- Er der stor variasjon?
- Er dette i så tilfelle noko de i avisa reflekterer over?
- Korleis vil du vurdere avisa si rolle når det gjeld det å skape samhald innanfor dekningsområdet?

4. Du skriv sjølv på nynorsk/bokmål. Kvifor vel du å skriva på nynorsk/bokmål?

5. Opplever du at du må forsvara ditt val av skriftspråk?

Alternativ, samt oppfølgingsspørsmål dersom journalistane svarer ja på spørsmålet:

- ja
- nei

dersom ja, er det:

- ofte
- sjeldan
- oftare no enn fem år sidan
- sjeldnare no enn fem år sidan

- i kva samanhengar opplever du at du må forsvara ditt val av skriftspråk?
- kven må du forsvara det overfor?

6. Ville du ha nytta nynorsk dersom du til dømes jobba i *Bergens Tidende*?

7. Får du reaksjonar (positive/negative) frå lesarane på at du nyttar nynorsk?

- ja, positive
- ofte
- sjeldan
- ja, negative
- ofte
- sjeldan
- nei, ingen av delene
- ja, begge deler

8. Nynorsken har hatt ein sterk posisjon på Sotra, og er noko som ein kan skilja Sotra frå Bergen på. Kva meiner du om at *Vestnytt* vart ei rein nynorskavis?

- Burde *Vestnytt* vore ei rein nynorskavis? Kvifor/kvifor ikkje?
- Treng regionen ei nynorskavis? Kvifor/kvifor ikkje?

9. Kva skal til for at det skal verte meir nynorsk i *Vestnytt* om ti år?

10. Merkar du press mot nynorsk i lokalavisa som ei følgje av at stadig fleire nyttar bokmål i regionen?  
Om ja - korleis.

11. Trur du det vil få konsekvensar for språkutviklinga i regionen dersom nynorsken forsvinn frå lokalavisa?

- ja
- nei

Dersom ja/nei: korleis/kvifor, eller kvifor ikkje?

12. Føler du plikt til å ”misjonera” i høve til nynorsk i avisas, t.d. ved å halda eldre former av språket levande?  
- om ja: på kva måte?

13. Påstandar:

- a) Nynorsken i *Vestnytt/Os og Fusaposten* bør støtta opp om den tradisjonelle dialekten slik at han får styrkt seg.
- b) Nynorsken i *Vestnytt/Os og Fisaposten* bør følgja utviklingstrekk i dialekten. Kva meiner du om dette?

14. Har lokale media ein opplæringsfunksjon i høve til nynorsk, til dømes ved at avisas sitt språkval kan påverka ungdom sitt språkval?

15. Føler du at nynorsk ligg nærmare talemålet ditt enn bokmål?

Oppfølgingsspørsmål:

- kven/kva påverkar utsjånaden på skriftspråket ditt?

16. Reflekterer skriftspråket i *Vestnytt* ”talemålet i regionen”, slik det står i avisas føremålsparagraf?

17. Nyttar du nynorsk privat?

- til dømes når du skriv:
- sms
  - e-post
  - på facebook/twitter
  - brev

dersom nei: kvifor ikkje?

18. Korleis ville du oppleva det dersom du vart pålagt av avisleiinga å skriva på bokmål/nynorsk?

19. Dersom du skulle skriva ein roman, ville du då ha skrive han på nynorsk eller bokmål?

20. Formverk

Døme:

- a eller e-infinitiv
- me/vi
- konservative eller liberale former (t.d. tykkjer/synest - andlet/ansikt)
- grunngjeving av val

Spørsmåla 4, 8, 9, 16 og 18 vart ikkje givne til OFP-journalistane. Spørsmål av meir generell art vart

dei same som for VN-journalistane. I tillegg hadde eg følgjande to spørsmål som kun vart stilte til OFP-journalistane:

1. Ville du ha skrive på nynorsk dersom du stod fritt til å velja mellom bokmål og nynorsk i *Os og Fusaposten*?
  - kvifor nynorsk/kvifor ikkje?
2. Var det å skrive nynorsk heilt uproblematisk for deg, eller opplevde du det som utfordrande å måtte skriva på nynorsk då du byrja i *Os og Fusaposten*?
  - ja:
  - korleis
  - nei:
  - kvifor ikkje

#### **Forklaringar og kommentarar til spørsmåla**

Spørsmål 2: Dette er eit spørsmål der eg opplevde at journalistane leita etter politisk korrekte svar. Men poenget med dette spørsmålet var å få fram det som journalisten med ein gong kom ut med, han skulle ikkje få høve til å sjekka ein eventuell ”strategisk plan”. Difor gav eg heller ikkje journalistane høve til å dvela for lenge ved spørsmålet.

Spørsmål 11: Her har eg bede om ei forklaring uansett kva svar journalistane måtte ha. Eg finn det interessant å sjå kva dei tuftar svara sine på her. Det var også stor variasjon i svara eg fekk, noko eg skal koma attende til i svarkapitla.

Spørsmål 15: Det viste seg at oppfølgingsspørsmålet ikkje var like lett å få svar på hos alle informantane. Somme forstod ikkje heilt spørsmålet og måtte få litt hjelp, til dømes ved at eg spurde om det var noko eller nokon som inspirerte dei til å velja den forma for nynorsk som dei hadde valt. Eg valde å ikkje stilla oppfølgingsspørsmålet til bokmålsjournalistane i *Vestnytt*.

Spørsmål 18: Dette spørsmålet vart kun stilt til journalistane i *Vestnytt*. Spørsmålet var til ein viss grad ei overlapping av spørsmål 8, og kunne nok vore teke med som ei oppfølging til dette. Fleire av journalistane tok også stilling til dette spørsmålet då dei fekk presentert spørsmål 8.

Spørsmål 19: Dette spørsmålet venta eg med til slutten av intervjuet, jamvel om det kunne vore naturleg å ha det som ei oppfølging til spørsmål 6. Dette var eit medvite val frå mi side, og målet var mellom anna å sjå kor konsekvente nynorskbrukarane er, og kva haldningar dei har til nynorsk som bruksspråk utanfor sitt eige medium. Også bokmålsjournalistane fekk spørsmålet, men det var i realiteten nynorskbrukarane sine svar eg var ute etter. Eg venta med spørsmålet til slutten av intervjuet for at journalistane skulle få litt avstand til svara dei hadde gjeve på spørsmåla 4, 5, 6 og 7.

Spørsmål 20: Målet her var ikkje å analysera val av former, men snarare å få eit særskilt oversyn over grunnleggjande skilnader i dei ulike journalistane sine formval.

## **Vedlegg 2:**

### **Samandrag**

**Tittel: Lokalavisa - nynorskbastion under press**

**- eit språkkulturelt blikk på avisene *Vestnytt* og *Os og Fusaposten*.**

**Forfattar: Bernt Eirik Nordvik**

**Emne: Mastergradsoppgåve i nordisk språk og litteratur**

Denne oppgåva handlar om den språkdelte avisa *Vestnytt*, som dekkjer kommunane Fjell, Sund og Øygarden, og nynorskavisa *Os og Fusaposten*, som dekkjer kommunane Os og Fusa. Begge er lokalviser i bergensområdet, og begge opererer i regionar prega av sterkt tilflytting frå Bergen. Men språkutviklinga i avisene er ulik. Det er også språkutviklinga i dei to regionane avisene dekkjer. Mitt mål med denne oppgåva har vore å finna ut kvifor det er slik. Handlar dette berre om ulike haldningar til nynorsk i dei to avisredaksjonane, eller er ulike språkhaldningar også tufta på ulik kulturhistorie i avisene sine dekningsområde? Dette har vore eit viktig spørsmål i arbeidet mitt. Det har også vore viktig å finna ut kva haldningar journalistane i desse to avisene har til nynorsk som avisspråk. Primærmaterialet mitt har vore kvalitative intervju med eit strategisk utval informantar. I oppgåva presenterer eg først problemstilling, mål, metode og forskingstradisjon, før eg rettar eit generelt blikk mot lokalavisene rundt Bergen. Deretter har eg sett på lokalavisene som oppgåva primært omhandlar, i eit historisk perspektiv. Eg presenterer også lokalsamfunna dei to avisene dekkjer og ser på føresetnader for ulik språkutvikling i dei to avisene sine nedslagsfelt. Intervju med journalistane i dei to avisene utgjer ein sentral del av oppgåva. Her freistar eg å kartleggja haldningar til nynorsk blant journalistane i desse to avisene. Til slutt har eg sett på om det er kulturhistoriske føresetnader for ulik språkutvikling i desse to avisene og i regionane dei dekkjer. Gjennom arbeidet har eg funne at etablerte språkhaldningar i avisene også påverkar journalistane sine språkhaldningar. Men eg finn også at tidlegare røynsle med nynorsk er avgjerande for journalistane sine språkval. I den kulturhistoriske delen finn eg at det er grunn til å tru at ulik kulturhistorie gjev ulik språkutvikling i dei to avisregionane. Men geografisk og mental avstand til Bergen spelar også ei viktig rolle. Det gjer også ulik busettnadspolitikk i dei to regionane. Integrering i eksisterande bumiljø kontra etablering av sjølvstendige byggjefelt er eit døme på dette. Eit viktig spørsmål har vore om avisene sine språkval også påverkar opplaget deira. Eg konkluderer med at dette ikkje har særleg betydning, og at det at innbyggjarane identifiserer seg med eit lokalmiljø, spelar ei langt viktigare rolle her.

### **Vedlegg 3:**

### **Summary**

**Title: The local newspaper - Nynorsk fortress under pressure**

**- a linguistic and cultural study of the local newspapers *Vestnytt* and *Os og Fusaposten*.**

**Author: Bernt Eirik Nordvik**

**Subject: Masters degree in nordic language and litterature**

The subject for this study is the local newspapers *Vestnytt*, which covers the communes of Fjell, Sund and Øygarden, and *Os og Fusaposten*, which covers the communes of Os and Fusa. While *Vestnytt* is a bi-lingual newspaper (nynorsk/bokmål), *Os og Fusaposten* is strictly a nynorsk newspaper. Both newspapers is distributed in regions with heavy migration from Bergen. But there is still a difference in how the language in these newspapers develops, and also in the regions the two newspapers covers. My goal has been to find out why it is so. Is the journalists in *Vestnytt* simply taking a different position to nynorsk than their colleagues in *Os og Fusaposten*, or is this also related to unequal cultural history in the regions of these newspapers? This has been a key issue in my work. It has also been important for me to find out more about the journalists opinions and positions in relation to the question of nynorsk as a newspaper language. My main material in this study is interviews with a strategic selection of informants. After a relatively short introduction to the subject of this study, I look at the local newspapers in the Bergen area in general. Then I look at the two newspapers this study has its main focus on from a historic point of view. I also give a presentation of the two local communities these two newspapers covers, and look at presuppositions for unequal language development in these communities. The interviews I've made with the journalists in the two newspapers is an important part of this study. Through these interviews, I've tried to map these journalists position in relation to nynorsk in these two newspapers. At last I've tried to find out if unequal language development in the regions of these two newspapers is related to unequal cultural history. Through my work, I've found that established language attitudes in the newspapers is adopted and reflected in the stand that the various journalists take on these issues. But I also find that previous experience with nynorsk is decisive when it comes to the journalists language choices. In the section of this study that concentrates on cultural history, I find that unequal cultural history is likely to give unequal language development. But geographical and mental distance to Bergen also plays an important role. It is also important to language development how new housing areas are planned, and how new citizens are integrated in the local communities they move to. I have also tried

to find out if the language choices of these two newspapers is reflected in the number of subscribers in their respective areas. I've found that it's very little that indicates this. My conclusion is that the inhabitants ability to identify themselves with the local community is of greater importance in this matter.